



# ÅRSRAPPORT 2018

## SYKKYLVEN KOMMUNE



## **Innhald**

<b>Organisering, styring og medverknad.....</b>	<b>6</b>
Politisk organisering .....	6
Eigarstyring .....	7
Administrativ organisering .....	7
Styringssystem .....	8
Internkontroll og kvalitetssikring.....	9
Medverknad .....	10
<b>Samfunn.....</b>	<b>12</b>
Folketal.....	12
Folkehelse .....	13
Bustader .....	13
Næringsutvikling.....	14
Beredskap .....	15
Likestilling .....	16
Kommunereforma .....	16
<b>Medarbeidarar .....</b>	<b>17</b>
Årsverk .....	17
Alderssamansetting .....	18
Rekruttering .....	18
Medarbeidarundersøking .....	19
Sjuefråvær og IA-arbeid .....	19
HMS og kvalitet .....	20
Medverknad og medbestemming.....	20
Rådsorgan, organisasjonar og tillitsvalde.....	20
Brukarar - tenester.....	21
Tilgjenge - service.....	23
Samhandling .....	23
<b>Administrasjon og leiing .....</b>	<b>24</b>
Økonomi .....	24
Fellestenestene.....	30
Rådmannens stab .....	32
<b>Barnehagar .....</b>	<b>33</b>
<b>Skule og SFO.....</b>	<b>39</b>
<b>Helse, omsorg og velferd .....</b>	<b>51</b>
<b>Kultur, folkehelse og frivilligheit.....</b>	<b>71</b>
<b>Tekniske tenester .....</b>	<b>78</b>

## Forord

2018 har vore eit år der mange i Sykkylven kommune har fått gode tenester. Samtidig har det vore eit år kor ein har tært på disposisjonsfondet.

Revidert rekneskap for 2018 viser ein udisponert del av netto driftsresultat på kr 12 538 837. Dette grunna bruk av disposisjonsfond med nærare 15 mill kr.

Sykkylven kommune må no skape ein berekraftig økonomi for framtida, der ein sikrar eit trygt fundament for tenesteproduksjon og utvikling av kommunen.

Sykkylven kommune har over svært mange år hatt ei lånegjeld godt over snittet i landet. Med auka investeringar i framtida vil dette forverre seg. Kommunen må derfor halde fram med stram styring og fokus på økonomi.

Vi har grunn til å vere stolte over alt det flotte arbeidet som blir gjort i kommunen. Kvar dag gjer tilsette og frivillige ein fantastisk innsats for at innbyggerane skal ha best mulig tenester i kommunen vår.

Eg vil nytte høvet til å takke alle tilsette, tillitsvalde, frivillige og næringslivet som bidreg på ulike måtar til at Sykkylven kommune er ein god kommune å bu i.

Vidare vil eg også takke politikarane for eit godt samarbeid i året som har gått. Vårt felles mål er å skape ein kommune som møter innbyggerane på ein engasjert og respektfull måte der løysingsvilje og kvalitet er varemerket. På nokon område er vi gode - og på nokre område må vi arbeide for å bli betre.

May-Helen Molvær Grimstad

*Rådmann*

## Nokre hendingar i 2018

- Fjerning av bomstasjonen på Sykkylvsbrua – stor markering i heile kommunen 31. januar
- Stor strategikonferanse med kommunestyret, einingsleiarar, tillitsvalde, råd og utval
- BTI (betre tverrfagleg innsats). Sykkylven kommune inngjekk i 2018 ein samarbeidsavtale med KoRus Midt-Norge. Målet er utvikling av lokal samhandling for barn, unge og familiar som treng ekstra bistand og støtte
- Sykkylven kommune fekk tilskot frå Fylkesmannen til symjeopplæring i barnehagane. Dette gjorde at alle dei 86 førskulebarna fekk øve seg i basseng
- I perioden 4.-15. juni deltok alle barnehagane i ein kampanje for sikring av barn i bil. Målgruppa var foreldra til barnehagebarna. Aksjonen vart gjennomført i samarbeid med politiet og Trygg Trafikk.
- Barnehagemyndigheita i Sykkylven gjennomførte tilsyn i alle barnehagane i november.
- Sykkylven kommune innfører to teljedatoar for private barnehagar, 15. august og 15. desember
- To skular saman med to barnehagar fekk være med i Udir-satsinga Læringsmiljøprosjektet. Prosjektperioden er på to år 2018-2020. I denne perioden får skulane og barnehagane rettleiing av dyktige fagpersonar knytt til Læringsmiljøsentret. Tema i satsinga er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, i tillegg til regelverk, leiing og organisasjonsutvikling
- I november vart det arrangert felles foreldremøte for alle skulane der rettleiarar frå læringsmiljøsentret og mobbeombodet i Møre og Romsdal hadde det faglege innhaldet
- Tandstad skule vart nedlagt frå 1. august 2018. Nye kringsgrenser for Sørestranda skule.
- Framhald av prosjektering av ny sentrumsskule med idrettshall og kulturskule
- Vik skule feira 50-årsmarkering av skulen.
- Sykkylven kulturskule feira 40 års jubileum i november.
- Sykkylven kulturhus hadde 150 registrerte arrangement.
- Nytt anlegg for ventilasjon, varme og LED belysning i Storhallen tatt i bruk.
- Kulturhuset har fått oppdatert lydanlegg på profesjonelt nivå, teleslynger i vestibulen og i storsalen, ny lydmiksar og nytt lysbord, samt ny led-belysning.
- Ny Oskarbil. Den blir brukt til dagleg transport til og frå dagsenter/arbeidstilbod. Frivilligsentralen har fleire sjåførarar som deler på denne oppgåva. Bilen er også nytta til å transportere eldre/funksjonshemma i ulike samanhengar. Kjøp av ny bil vart gjennomført med stor innsats frå mange. Frivillighetsentralen tok ansvaret og hadde lotteri med gevinstar dei fekk i gåve. I tillegg fekk ein midler i gåver frå forskjellige lag og organisasjonar.
- Kommunestyret vedtok at kommunen skulle innleie forhandlingar med Stranda kommune med sikte på samanslåing til ein ny kommune.
- I 2018 har ein også gjennomført pårørandeskule for pårørande til personar med demens i interkommunalt samarbeid med kommunane Stranda, Stordal og Norddal.
- I førebyggingsperspektiv har heimetenestene nytta «Tiltakspakke demens» som er ei systematisk oppfølging av personar med demens og pårørande.
- Konsulent i velferdsteknologi starta i stillinga 1 september. Har hatt fokus på opplæring og kompetansebygging i personalgruppa.
- BUAS har hatt pilotprosjekt om nytt digitalt sjukesignalanlegg. Anlegget var ferdigstilt sommaren 2018. Pilotprosjektet er støtta av Innovasjon Norge, og det er gitt tilskot frå Husbanken.
- Elevar frå vidaregåande skule bygde hekkeplattformer til måsane på Haugneset i håp om at det skal bli mindre av dei på BUAS.
- Kommunen inngjekk avtale med Nasjonalforeninga i høve oppretting av aktivitetsvenn. Ei gruppe tilsette ved BUAS og Heimetenestene har hatt kurs og opplæring til frivillige som vil vere aktivitetsvenn til personar med demens.
- Helsestasjonen fekk i 2018 prosjektmidlar til ei 100% stilling til å kunne jobbe «målretta opp mot flyktningar og deira familiar.
- Barneverntenesta i Sykkylven har vore plukka ut til å vere med i eit pilotprosjekt hjå Statens barnehus, med mål om å forbetre samarbeidsrutinene mellom barnevern, politi og Statens barnehus.
- Nye parkeringsplassar for ålmenta har gitt høve til utvida friluftsliv på fjellet.
- Større utbetringstiltak gjennomført via investeringsrekneskapen, oppstart av ei vesentleg oppgradering/fornyng av Tynesvegen (ferdig mai 2019), asfaltering av Sørestrandvegen og Svindsetvegen, samt også asfaltering av Sjøvegen, delen nedst mot Ramstad kai.
- Kommunen busette 10 nye flyktningar, i tillegg kom 6 på familiegjenforening.
- Flyktningetenesta starta opp Jettegryta kafè, god arbeids- og språktrening.

- Tverrfagleg samling der ein forsøkte å tenke Solid Start på tvers av sektorane.
- Kommunen har lågare arbeidsløyse enn fylke og landet.
- Sykkylven kommune tok opp 10 millionar i lån med Husbanken i 2017 for vidare utlån som startlån i 2018.
- Ny strategisk næringsplan for Sykkylven kommune, som ble utarbeida av SNU og lagt fram for kommunestyret hausten 2018.
- Ein delegasjon frå kinesiske Qumei Home Furnishing Group vitja kommunehuset etter at dei hadde vore på omvisning hos Ekornes.

#### Vennskapsby med Łuków, Polen

Sykkylven kommune inngjekk for første gong avtale om vennskapsby i 2017. Avtalen vart inngått med byen Łuków i Polen. Fleire personar frå Łuków har busett seg i Sykkylven, og gjennom desse fekk ordføraren førespurnad om vennskapsby. Vennskapsby er eit omgrep for to byar (eller områder) i ulike land der føremålet å fremje menneskeleg kontakt og knytte kulturelle band. Byen Łuków ligg sentralt plassert i den austlege delen av Polen. Næraste flyplass er Warszawa, som ligg 120 km nordvest for Łuków. Byen vart etablert på 1200-talet og har i dag om lag 30 000 innbyggjarar. Etter krigen utvikla industrien seg i byen, med ein skofabrikk og ein kjøttvareprodusent som dei to største aktørane.

Byen Łuków og Sykkylven kommune er ulike i høve geografi og storleik, men Łuków er ein liten by i Polsk målestokk. Industrinæringa står sterkt begge stadane.



Ein delegasjon frå Łuków kommune, besøkte Sykkylven kommune under Sykkylvsdagane. Dei fekk ei fin mottaking og omvisning.


Vennskapsbyavtalen med Łuków vert vurdert som positivt for Sykkylven, som eit symbol på den betydinga arbeidsinnvandringa frå Polen har for industrien her.

# Organisering, styring og medverknad

Målet for den politiske og administrative organiseringa av Sykkylven kommune er å sikre at Sykkylven kommune:

- Har ein aktivitet tilpassa kommunen si langsiktige økonomiske bereevne
- Har eit behovs- og kostnadseffektivt tenestetilbod som er tilpassa kommunen sine økonomiske rammer
- Har ein fleksibel og dynamisk organisasjon både administrativt og politisk, som er kjenneteikna av god leiing, effektive avgjerdsprosessar og kompetente og motiverte medarbeidarar
- Har ei tydeleg rolle-/ansvarsdeling mellom politikarar og administrasjon
- Står fram som brukarorientert med tenester som i sum gjer kommunen til ein attraktiv stad for busetjing og næringsaktivitet

## Politisk organisering



Ordfører i perioden 2015-2019: Odd Jostein Drotninghaug, Senterpartiet

Varaordfører 2015-2019: Anne-Karin Watters, Arbeiderpartiet

Kommunestyret: politisk samansetting i perioden 2015-2019:			
Høgre:	8 repr.	Framstegspartiet:	6 repr.
Venstre:	2 repr.	Arbeidarpartiet:	6 repr.
Senterpartiet:	4 repr.	Kristeleg folkeparti:	2 repr.
Sosialistisk venstreparti:	1 repr.		

Talet på politiske saker i dei sentrale politiske organa har dei seinare åra synt slik utvikling (referatsaker kjem i tillegg):

Politiske saker	2018	2017	2016
Saker handsama i Kommunestyret	99 (11 møte)	82 (9 møte)	102 (7 møte)
Saker handsama i Formannskapet	115 (13 møte)	82 (13 møte)	99 (15 møte)
Saker handsama i Levekårsutvalet	44 (7 møte)	40 (7 møte)	59 (7 møte)
Saker handsama i Nærings- og utviklingsutvalet	70 (9 møte)	86 (8 møte)	81 (7 møte)

## Eigarstyring

Kommunen er i dag engasjert i fleire heileigde kommunale selskap der berre Sykkylven kommune er eigar. Kommunen har også eigarinteresser i andre selskap saman med andre kommunar eller saman med private selskap. Det er utarbeidd eigarskapsmelding.

Sykkylven kommune har pr. 31.12.18 følgjande heileigde kommunale AS:

- Sykkylven Energi AS
- Storfjordterminalen AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Aure Omsorgsbustader AS

Sykkylven kommune har pr. 31.12.18 følgjande AS som ein eig over 50 % av aksjane i:

- Sykkylven Næringsutvikling AS

Sykkylven kommune har pr. 31.12.18 følgjande AS som ein eig over 30 % av aksjane i:

- Storfjordsambandet AS

Sykkylven kommune er pr. 31.12.18 deltakar i følgjande IKS-samarbeid:


- Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
- IKA – interkommunalt arkiv IKS
- Åknes Tafjord beredskap IKS
- Sunnmøre Regionråd IKS
- ÅRIM: Ålesunds Regionens Interkommunale Miljøelskap IKS

Sykkylven kommune er pr. 31.12.18 deltakar i vertskommunesamarbeid etter KL § 28a:

- Krisesenteret - Ålesund er vertskommune.
- Overgrepsmottaket - Ålesund er vertskommune.

Sykkylven kommune er pr. 31.12.18 medeigar i stiftinga Norsk Møbelfagleg senter (STI) som er ein ideell organisasjon.

## Administrativ organisering



Sykkylven kommune er administrativt organisert i ein to-nivå-modell med to formelle avgjersnivå: Rådmannen og einingsleiarane.

Det er 5 einingar i skule, 5 einingar i barnehage, 5 einingar i helse og omsorg, 1 fellestenestene, 1 kultur, 1 tekniske tenester - til saman 18 einingar.

Rådmannens stab omfattar økonomikontor og rådgjevarar innan barnehage, skule, helse og omsorg.


Leiing og styring i Sykkylven kommune tek utgangspunkt i at mynde vert plassert så nær brukarane som mogleg. Einingsleiarane har difor resultat-, personal-, økonomi- og arbeidsgjevaransvar for sine einingar. Alle einingsleiarane har leiaravtale med rådmannen.


## Styringssystem

Elementa i styringssystemet er økonomi, tenestekvalitet, organisasjon og samfunn. Det er eit mål å få til ei endring frå å styre på pengar til å styre på resultat og kvalitet. Utfordringar kommunen arbeider med er korleis finne gode indikatorar som kan måle komplekse fenomen i kommunal sektor? KOSTRA-analysar, brukarundersøkingar, årshjul, leiaravtalar og styringskort/målekort er nyttige verktøy og element i styringssystemet. I 2018 har alle einingane i kommunen hatt prosessar og utarbeidd målekort/styringskort for sine einingar og definert utvalte fokusområde og sett mål objektiv og opplevd kvalitet for fagområda. I tillegg nyttar kommunen mykje andre relevante styringsdata, både interne og eksterne data, for å følgje opp kvaliteten i tenestene.

Det er to sentrale leiargrupper i kommunen:

- Overordna leiargruppe består av rådmann, kommunalsjefar og økonomisjef. Desse utgjør kommuneleiinga.
- Leiarforum består av kommuneleiinga og einingsleiarane.





## Internkontroll og kvalitetssikring

Det eit mål for Sykkylven kommune å nytte ei meir risikobasert tilnærming i arbeidet med internkontrollen. Ein ønskjer å sette større fokus på å avdekkje «*kva som kan gå galt*», «*kor galt det kan gå*», «*kva kommunen gjer for å unngå at det går galt*» og «*er tiltaka gode nok?*». Målet er å vere meir «føre var», sikre betre oversikt, iverksette tiltak for å redusere risikobiletet og på denne måten sikre at kommunen har tilfredsstillande kontroll.

Sykkylven kommune har et digitalt dokument-, avvikshandtering- og risikovurderingssystem som utgjer eit felles verktøy for kvalitet og internkontroll.

Kommunen har felles rutinar for vald og truslar mot tilsette. Kommunen har mål om at desse skal følgjast opp med risikovurderingar ute i dei ulike tenestene med gjennomføring av internkontrollaktivitetar og tiltak. Dette er delvis utført med fokus på område som kan føre til vesentleg risiko for tenestemottakarar og tilsette.

Systematiske internkontrollaktivitetar skal vere ein del av den daglege drifta og danne grunnlaget for kvalitets- og utviklingsarbeidet i Sykkylven kommune. Einingsleiarane i dei ulike einingane er ansvarlege for at rutinar og prosedyrar vert lagt inn i systemet, slik at alle tilsette til ei kvar tid kan finne oppdatert dokumentasjon.

### Tilsyn

Mattilsynet hadde tilsyn på Jettegryta kafé i 2018.

Rus og psykisk helseteam hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet vedr vold og trusslar. Det er lukka.

Barnehagemyndigheita i Sykkylven gjennomførte tilsyn i alle barnehagane i november 2018. Hovudtema var barnehagelova §4 (foreldreråd og samarbeidsutval). Deltema var fastsetting av årsplan (§2), foreldrebetaling (§15) og dispensasjon frå utdanningskravet (§18). Det vart avdekka avvik ved to av barnehagane. Desse fekk pålegg om retting, og avvika er no lukka.

NAV Sykkylven har og hatt eigentilsyn i regi av Fylkesmannen, og nyttar dette til å heve kompetansen knytt til Lov om sosiale tenester.

Alle tilsyn er avslutta og eventuelle merknadar og pålegg er etterkomne.

## Medverknad

Medverknad er eit demokratisk prinsipp og ein føresetnad for å kunne påverke politiske avgjersler. Omgrepet medverknad vert nytta i kommunal samanheng både relatert til innbyggjarane (innbyggjarmedverknad) og brukarar av kommunale tenester (brukarmedverknad). Medverknad omhandlar i denne samanheng primært innbyggjarmedverknad, medan brukarmedverknad er omtalt under kapittelet Brukarar.

Dei administrative medverknadsprosessane omfattar å legge til rette for openheit og involvering. Dette vert teke i vare gjennom lovpålagde ordningar for offentleg ettersyn og høyringar, eller ved gjennomføring av andre tiltak retta mot involverte partar. For å ta i vare dei politiske medverknadsprosessane er det etablert kommunale råd som skal sikre særskilde grupper sin medverknad og representasjon.

Sykkylven kommune har tre kommunale råd som skal sikre slik medverknad:

1. Eldrerådet
2. Rådet for funksjonshemma
3. Ungdomsrådet

### Eldrerådet

Eldrerådet er eit lovpålagt rådgjevande organ for kommunen i saker som gjeld eldre sine levekår. Rådet består av fem medlemmar med varamedlemar, der tre av medlemane er alderspensjonistar og to politikarar. Sekretariatet ligg til Fellestenestene. Eldrerådet har halde 6 møte i 2018 med 29 PS- saker og 32 RS-saker.

Eldrerådet har gitt uttale til desse sakene:

- RS 3/18 Rapport - kartlegging av rammevilkåra for kommunale råd 2017 i Møre og Romsdal
- PS 6/18 Seniorpolitisk utgreiing for 2014 - 2017 frå Statens seniorråd
- PS 9/18 Høyring - Reviderte retningslinjer for kommunal akutt døgnplass (KAD)
- PS 11/18 Eldrebustader i sentrum - Sykkylven bustadselskap
- PS 15/18 Senior utleigebustadar - Tildelingsavtalar
- PS 18/18 Oppretting av kommunalt legesenter i Sykkylven
- PS 27/18 Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022
- PS 28/18 Høyring for nasjonalt eldre-, pasient- og brukarombod mv

Medlemmar frå eldrerådet deltok på fylkeskonferanse for eldreråd på Vestnes 17.04.2018, eldrerådskurs ved Pensjonistlaget i Spjelkavik 22.10.2018 og fylkeseldrekonferansen i Molde 06.11.2018.

Medlem frå rådet er også vald inn i Trafikknemnda og arbeidsgruppe på BUAS for frivillig aktivitet.

### Rådet for funksjonshemma

Rådet er eit lovpålagt rådgjevande organ for kommunestyret, og uttaler seg i saker som er særleg viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er fem medlemmar i rådet med varamedlemar. Hovudgruppene rullestolbrukarar, høyrslhemma, synshemma, utviklingshemma og skjult funksjonshemming skal vere representerte med faste medlemmar. Sekretariatet ligg til Fellestenestene.

Rådet for funksjonshemma har hatt 4 møter: 13 PS og 8 RS saker

Rådet har gitt uttale til desse sakene:

- PS 4/18 Høyringsbrev - om nedlegginga av Tandstad skule og endring av kringsgrenser/skulestruktur
- PS 8/18 Oppretting av kommunalt legesenter i Sykkylven

Fylkesrådet heldt sitt møte i Sykkylven den 10.9.2018 i BOS sine lokale.

Det var først eit fellesmøte saman med råda frå Stranda, Sykkylven. Deretter holdt fylkesrådet sitt møte i Sykkylven. Dei var også på synfaring på Fønixhuset.

### Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har 5 medlemmer – to medlemmer frå Sykkylven ungdomsskule (9. og 10. trinn) og tre medlemmer frå Sykkylven vidaregåande skule (ein frå kvart trinn). Det er to faste mentorar, som begge er faste representantar i kommunestyret. Sekretariatet er lagt til Fellestenestene.

Rådet hadde 5 møte i 2018, og handsama 7 PS-saker og 5 RS-saker. PS saker:

- Vurdering av antall avfallsbeholdarar i sentrum
- Midlar til ungdomsføremål
- Høyringsbrev – om nedlegginga av Tandstad skule og endring av kringsgrenser/skulestruktur
- Evaluering av val av representantar til ungdomsrådet – og rådet sin samansetnad
- Byggetrinn 2/3 på Sykkylven ungdomsskule – ønske om uttale frå ungdomsrådet
- Rådgivingstenesten – yrkesfaglege linjer
- Årsbudsjett 2019 – Økonomiplan 2019-2022

Utvalte RS-saker i 2018:

- Ny sentrumsskule – orientering v/ kommunalsjef
- Helsestasjon for ungdom – er det behov for meir informasjon?
- Ungdomspanelet i fylket – kontaktperson for Sykkylven
- Læringsmiljøprosjektet 2018-2020 for barnehage og grunnskule
- Folkehelseoversikt 2018

Ungdomsrådet hadde presseoppslag i Sykkylvsbladet i desember 2018 i samband med utdeling av midlar til ungdomsføremål.

### Trafikknemnd

Trafikknemnda vart oppnemnd av kommunestyret den 8.5.2017 og har 7 medlemar. Medlemene er tre politikarar, ein representant frå eldrerådet, ein frå rådet for funksjonshemma, ein frå ungdomsrådet og rådgjevar skule er sekretær. Mandatet til nemnda er følgjande: «Trafikknemnda skal arbeide for mest mogleg heilskapleg kollektivtilbod, og spesielt legge vekt på behova for elevar, pendlarar og eldre.»

Nemnda samla også dette året inn høyringsuttalar frå innbygarane i høve ruteendringsprosessen for buss, ferje og hurtigbåt som gjeld frå 1. mai kvart år. Det kom inn langt færre innspel i 2018 år enn i 2017.

I januar og februar gjennomførte fylkeskommunen, Nettbuss og representantar frå kommunen, representantar frå vidaregåande skule, saman med representantar frå trafikknemnda prosjekt «Betre skuleskyss». Det vart då gjort ganske store endringar i ruteoppsettet som både vidaregåande skule og grunnskulane i stor grad var nøgde med.

### Barn og unge sin medverknad – Barnekonvensjonen

Kommunen har etablert ei særskilt ordning med barnerepresentant for å ivareta born og unge sine interesser i planlegginga etter plan – og bygningslova § 3-3. Barnerepresentanten si oppgåve er til dømes å sikre eit oppvekstmiljø som gir born og unge tryggleik mot fysisk og psykisk skadeverknad og vurdere saker som er i konflikt med born og unge sine interesser. Barnerepresentanten skal sjå til at barn får sagt si meining i saker som vedkjem dei jf. Barnekonvensjonen.

Barnerepresentanten har eit nært samarbeid med planleggjar på teknisk eining og har uttalt seg i fleire saker. Barnerepresentanten møter i Næringsutvalet, og nyttar seg av protokolltilførsel der ein meiner at politikarane ikkje tek omsyn til barn og unge. Representanten møter også i Ungdomsrådet og er med til skular i samband med rullering av eksisterande planar og nye planar som røyver ved barn og unge sine interesser.

### Strategikonferanse 2018

Det vart arrangert ein større strategikonferanse hausten 2018. Både kommunestyre, ulike råd og utval, leiarar, tillitsvalde, representant frå kyrkja, styreleiar i SNU og direktør i Sykkylven Energi vart invitert til å delta. Hovudtema var kommunereform, strategisk utviklingsarbeid i samarbeid med KS.

Kjetil Lie frå Telemarksforskning sette fokus på kommunereformen og ulike alternativ for Sykkylven i sitt foredrag. Chriss E. Madsen frå KS-konsulent hadde innlegg om kommunens vidareutvikling og prosessar knytt til leiing- og stryringssystemet.

I gruppearbeidet drøfta ein utfordringar og mulegheiter for kommunen kring kommunereformen og fordelar og ulemper med ulike alternativ.

# Samfunn


Sykkylven kommune sin visjon skal knytast til SKAPARGLEDE. Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens sykkylvs-samfunn. Visjonen er nedfelt i Samfunnsplan for Sykkylven (2011-2025).

Sykkylven vil:

- Vere ein kommune alle forbind med skaparglede. Vi skal gjere skaparglede til ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet
- Skape trivsel, sosiale og friske menneske som meistarar eigen kvardag
- Vere ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet
- Vere eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkeltes behov
- Skape gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell
- Bygge stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida


## Folketal

Ved utgangen av 2018 budde det 7657 personar i Sykkylven kommune. Ved inngangen av året var folketalet 7695, altså ein nedgang på 38 personar i løpet av 2018. Mangeårig vekst i folketalet har flata ut siste 5-6 åra, og viser no ein svak nedgang. Dei siste 12 åra har kommunen i aukande grad vore avhengig av innvandring for å oppretthalde folketalet.



Kommunen vert rekna som demografisk sårbar.

I 2018 var det nedgang i talet unge, og ein jamn auke i talet eldre. Prognosen fram til 2030 tilseier at denne utviklinga vil halde fram. Særleg aldersgruppa 6-12 år er venta stor nedgang dei neste 10 åra.



## Folkehelse

Folkehelse vil seie befolkninga sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning. Folkehelsearbeid handlar om samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse og trivsel og reduserer dei faktorane som har negativ innverknad (jf. folkehelseloven §3).

Kommunen skal ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og ulike påverknadsfaktorar på folkehelsa. Kravet er forankra i folkehelselova § 5. Første utgåve vart ferdigstillt i februar 2018.

Folkehelseinstituttet lagar kvart år ein folkehelseprofil for kommunane som gir eit Sykkylven 2019.

Nokre hovudtrekk for folkehelsa i Sykkylven i 2018 er:

### Befolkning

- I aldersgruppa 45 år og eldre er delen som bur åleine lågare enn landsnivået.
- Nedgang i folketalet, nedgang i alle aldersgrupper under 67 år, auke i dei over 67.
- Større forventa negativ utvikling i forsørgjarbyrd enn fylke og land.
- Auka avhengighet av innvandring for å oppretthalde folketalet.
- Andelen barn (0-17 år) i kommunen er høgare enn landsnivået.

### Oppvekst og levekår

- Kommunen har lågare arbeidsløyse enn fylke og landet.
- Tal sosialhjelpsmottakarar ligg under landssnittet.
- Kommunen skil seg ikkje signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt.
- Del innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning er lågare enn lands- og fylkessnittet.
- Fråfall i vidaregåande skule skil seg ikkje signifikant frå landsnivået

### Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

- Delen ungdomsskuleelevar som seier at dei er litt eller svært nøgde med lokalmiljøet, er lågare enn landsnivået.
- Prosentdel av ungdomsskuleelevar som er aktive i idrettslag er lågare enn for fylke og landet

### Helserelatert åtfærd

- Overvekt ved 1.sesjon har auka meir enn for landet og fylket.
- Del kvinner som røyker har gått markert ned, men ligg framleis over fylket og landet.
- Ungdom som brukar snus og/eller har vore rusa ligg noko over fylke og landet.
- Andelen gravide som røyker i byrjinga av svangerskapet, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

### Helsetilstand

- Muskel- og skjelettplager og –sjukdomar er hyppigare enn lands- og fylkessnittet.
- Legemeldt sjukefråvær var mellom det høgaste i fylket i 2017, og ligg over fylket og landet.
- Kommunen ligg under landssnittet for del sjukefråvær grunna psykiske lidningar.
- Forskjellen i forventa levealder mellom dei som har grunnskule som høgaste utdanning, og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning, skil seg ikkje signifikant frå landsnivået. Forskjell i forventa levealder mellom utdanningsgrupper er ein indikator på sosiale helseforskjellar i kommunen.
- Andelen i aldersgruppa 15-29 år som har psykiske symptom og lidningar, er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.

## Bustadar

I 2017 vart 129 husstandar innvilga bustønad i Sykkylven kommune og det blei utbetalt totalt litt over kr. 2 million. I 2017 blei det ved Servicetorget registrert nærare 250 søknader /endring på søknader.

### Bustadsosiale utfordringar

Bustadsosialt arbeid omfattar kommunen sine tiltak, verkemiddel og tenester som skal bidra til at vanskelegstilte personar og husstandar med behov for bistand kan busette seg i eigen bustad og bli buande. Kommunens

bustadsosiale handlingsplan gjeld for perioden 2016-2026. Planen gir ei oversikt over bustadmassen i dag: omsorgsbustader, velferdsbustader, bu- og aktivitetssenter og nye bustadløysingar for framtida. Planen peikar på utfordringar på fleire område og gir oversikt over behov og tiltak i tida som kjem.

I 2018 fekk kommunen 24 søknader på kommunale bustadar, 19 fekk tildelt, 11 fekk avslag. Sakshandsaming skjer i tett samarbeid med Bustadselskapet.

Kommunen si største utfordring er at det ikkje er tilrettelagte bustader for unge med funksjonshemmingar som skal flytte heimanfrå etter myndigheitsalder. Vi har stort sett greidd å skaffe bustad til dei som har hatt behov for det. Mange som ikkje er aktuelle for kommunale bustader søker også, dei får avslag.

I 2018 vart 126 husstandar innvilga bustønad i Sykkylven kommune og det blei utbetalt totalt kr. 2 million. I 2018 blei det ved Servicetorget registrert 155 søknader.

### Startlån

Sykkylven kommune tok opp 10 millionar i lån med Husbanken i 2017 for vidare utlån som startlån i 2018. Det kom inn totalt 22 søknader i 2018.

### Busetting av flyktingar

I 2018 busette kommunen 10 flyktingar. I tillegg kom seks flyktingar på familiegjeforening. Ved utgangen av året mottok kommunen integreringstilskot for 78 flyktingar (busett siste fem år) og 23 flyktingar deltok i introduksjonsprogram. Busettingsarbeidet har vore vellukka, og eit godt samarbeid med bustadselskapet har gitt tilgang på dei husværa som det har vore behov for.

Avtalen med NAV og Ekornes om praksisplassar ved fabrikkene har fungert særst bra, og fleire flyktingar har fått seg arbeid der gjennom året. Fleire av flyktingane har også starta grunnskule for vaksne. Samarbeidet mellom NAV, opplæringscenteret og flyktingtenesta fungerer godt, og har vore ein viktig faktor for at mange av flyktingane når måla sine, enten dei ønskjer arbeid eller utdanning. Det er likevel nokre som treng meir tid og oppfølging for å lære språk og få seg arbeid. I 2018 starta derfor flyktingtenesta opp Jettegryta kafè, og det har vore ein stor suksess og bidratt sterkt til at kvinnene kjem seg i arbeid og aktivitet og får praktisert språk i eit trivelig miljø.

Eit anna viktig tiltak er språkkafè kvar måndag, der flyktingane kjem i kontakt med nordmenn for å praktisere det norske språket. Samarbeidet med SIL-symjing om symjeopplæring for flyktingar har og fungert godt. Flyktingtenesta legg elles til rette for å knyte kontakt med lag og organisasjonar, samt bidra til å låne gymsal, delta på treningssenter, symjing m.m.

Flyktingtenesta				
Mottak nye flyktingar	26	20	15	10
Flyktingar i introduksjonsprogram	31	35	38	23
Flyktingar totalt i utg. av året	70	75	78	78

## Næringsutvikling

Sykkylven Næringsutvikling AS (SNU) vart etablert 12.10.1989 med formål å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven kommune, og oppgåver som står i samband med dette. Selskapet har også i 2018 ivaretekt den institusjonelle rolla som kommunen si næringsavdeling, samtidig som ein utøver eigen kommersiell aktivitet retta mot lag, foreningar og næringsdrivande. SNU er eit Hoppid-kontor og gir rettleiing til gründerar, og handsamar søknadar om avklaringsmidlar. Kommunalt næringsfond vert også handsama her, mens formannskapet gjer dei formelle vedtaka etter innstilling frå styret. Selskapet er etablert i leigde lokale i Næringsfabrikken i Sykkylvsvegen 125.

### Aktivitet i 2018

Sykkylven Næringsutvikling AS har i 2018 arbeidd i tråd med ny strategisk næringsplan for Sykkylven kommune, som ble utarbeidd av SNU og lagt fram for kommunestyret hausten 2018. Strategien har fire fokusområde:

- 1. Bistand og rådgjeving i prosess med næringslivet** - Styrke etablerte verksemdar og stimulere til fleire nyetableringar, samt forvalte kommunalt næringsfond og hoppid-midlar.
- 2. Regionalt samarbeid og omdømme** - Sjå våre satsingar opp i mot fylkeskommunal næringsstrategi, som peiker på behov for omstilling og meir berekraftige løysingar. Vidare utnytte mulighetene reiseliv

som vekstnæring gjev, med oppstart av vårt regionale 3-årige prosjekt Designvegen med utvikling av nye opplevingstilbod langs FV60 frå Sykkylven til Stryn.

**3. Tilflytting og bulyst** - Bidra med god informasjon til nye tilflyttarar og iverksette tiltak for fleire tilflyttarar. Sentrumsutvikling og marknadsføring.

**4. Infrastruktur og velfungerande kommunikasjonar** - SNU vil vere ein aktiv part for best mogleg infrastruktur og offentlege kommunikasjonar i og til kommunen.

Sykkylven Næringsutvikling sin visjon er å bidra til Skaparglede og nye arbeidsplassar. Misjonen er å være ein aktiv tilretteleggjar og pådrivar for næringsutvikling i Sykkylven, samt hjelpe eksisterande næringsliv og nyetablerarar, støtte opp om gode idear og vere ein aktiv medspelar for felles utvikling av næringsliv, handel, reise og bulyst i heile kommunen. Strategien beskriver fleire tiltak for å oppnå måla i næringsplanen.

Dei kommersielle aktivitetane gjennom sekretariats- og konsulentfunksjonar har vore på om lag same nivå som tidlegare.

## Beredskap

Samfunnsberedskap generelt:

- Oppfølging av varsel og hendingar.
- Det var 13 varsel om fare for flaum og/eller jordskred.
- Brann ved avfallsanlegget på Jarnes 9. – 10. juli.
- Statusrapport i høve til tørke og grunnvasstilstand. Innhenting av informasjon frå alle vassverka og oversending av statusrapport til Fylkesmannen si beredskapsavdeling.
- Skaffa JOD-tablettar til målgruppene i høve atom-hending. Arbeid med rutine for oppbevaring og distribusjon.
- Det har vore informasjonskampanje for å styrke befolkninga sin eigenberedskap.
- Deltaking på samlingar og øvingar i regi av Fylkesmannen. Øving Fårikål – felles skrivebordsøving for alle kommunane i fylket – hadde i 2018 temaet: skogbrann og etablering av evakuerte- og pårørandesenter.
- Årleg revidering av overordna planverk.
- Det har vore tre arbeidsmøte i kriseleiinga og eitt møte i beredskapsrådet. I beredskapsrådet var hovudinnlegget ved lensmann G. Hagen i (nye) Indre Sunnmøre Lensmannsdistrikt.
- Kommunen har gått til innkjøp av satelittelefon nr. 2. I samband med kjøp av fast satelittantenne, er det skaffa trådløst apparat som kan nyttast inne på rådhuset. Primært for kriseleiinga.

Fjellskredberedskap:


- Kommunen er med i Åknes Tafjord beredskap IKS (ÅTB) Selskapet skal m.a. stå for befolkningsvarslinga for eigarkommunane, drive og vedlikehalde befolkningsvarslingssystema. Arbeidet med å sette opp tyfonar/sireneanlegg i Sykkylven heldt fram i 2018. Det er no tyfon i drift i Straumgjerde, to til er sett opp og manglar berre straumtilførsel; på Vik og i Ramstaddal. Straumtilførsel er planlagt ordna våren 2019.

Psykososial omsorgsberedskap:

- Var ikkje aktivert i konkrete hendingar i 2018.

## Likestilling

Figuren syner nokre av SSB sine indikatorar for kjønnslikestilling i Sykkylven kommune, endring frå 2008 til 2017.



## Kommunereforma

Kommunestyret vedtok den 27.august 2018 at Sykkylven kommune skulle innleie forhandlingar med Stranda kommune med sikte på samanslåing til ein ny kommune. Om Stranda seier nei, vil Sykkylven kommune halde fram som eigen kommune.

I september gjorde Stranda kommunestyre vedtak om å ta opp att drøftingane med Sykkylven om samanslåing.

Begge kommunane oppretta deretter adhoc-utval som skulle stå føre drøftingane. Utvala hadde eitt møte i 2018. Prosessen held fram i 2019.

# Medarbeidarar

## Årsverk

Årsverk pr. oktober 2018:

Eining	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Sum årsverk	% menn	%kvinner
Aure skule	9,05	18,82	27,87	32	68
Sørestranda skule	3,00	22,38	25,38	12	88
Ullavik skule	3,29	21,41	24,70	13	87
Vik skule	6,00	11,72	17,72	34	66
Ungdomssk/vaksenoppl.	15,66	32,01	47,67	33	67
Vik barnehage		6,80	6,80	0	100
Vikedalen barnehage	1,40	12,60	14,00	10	90
Tandstad barnehage		5,80	5,80	0	100
Blakstad barnehage		7,80	7,80	0	100
Ullavik barnehage		12,00	12,00	0	100
Styrka bh/spes.ped bh	0,56	7,70	8,26	7	93
Sykk. Bu- og aktivitetssenter	5,85	77,61	83,46	7	93
Heimetenestene distrikt	1,00	28,87	29,87	3	97
Bu- og rehabiliteringstenestene	12,89	38,36	51,25	25	75
Barne- og familietenestene	6,50	28,87	35,37	18	82
Kultur	7,26	3,72	10,98	66	34
Nav kommune		2,00	2,00	0	100
Tekniske tenester	15,60	11,20	26,80	58	42
Kommuneleiinga	2,00	2,00	4,00	50	50
Fellestenestene	2,00	12,80	14,80	14	86
Økonomi/rådgj/prosj.st	2,00	5,30	7,30	27	73
Lærlingar	0,50	3,00	3,50	14	86
Andre fellesutg/eiged.skatt		1,82	1,82	0	100
<b>Sum</b>	<b>94,56</b>	<b>374,59</b>	<b>469,15</b>	<b>20</b>	<b>80</b>

Tabellen inneheld alle med fast løn pr. oktober 2018. Dei som har permisjon med løn er ikkje med.

## Alderssamansetting

Tal tilsette pr. aldersgruppe.

Arbeidstad	< 50 år	50-59 år	> 60 år	Sum	% <50	% 50 -59	% > 60
Barnehager	40	17	6	63	63	27	10
Barneskular	65	21	26	112	58	19	23
SUSK/vaksenopplæring	33	14	5	52	63	27	10
BUAS	82	33	27	142	58	23	19
Heimetenestene distrikt	19	13	10	42	45	31	24
Barne- og familetenesta	18	14	7	39	46	36	18
Bu- og rehab.tenestene	38	25	13	76	50	33	17
NAV	2			2	100	0	0
Kultur	13	6	4	23	57	26	17
Teknisk	17	6	6	29	59	21	21
Sentraladm	14	15	5	34	41	44	15
<b>Sum</b>	<b>341</b>	<b>164</b>	<b>109</b>	<b>614</b>	<b>56</b>	<b>27</b>	<b>18</b>
	<i>Under 50 år</i>	<i>50-59 år</i>	<i>Over 60 år</i>	<i>Sum</i>	<i>% under 50</i>	<i>% 50 -59</i>	<i>% over 60</i>

Tabellen viser eit høgare tal tilsette enn samla for heile kommunen. Dette grunna at nokre personar har stilling på fleire einingar.

## Rekruttering

Arbeidsstokken i kommunen under 50 år har gått litt opp frå 2016 og 2017 frå 54 % til 56 %. Samla i kommunen er 18 % over 60 % mot 19 % i 2017 og 17% i 2016.

23 % av lærarane i barneskulane er over 60 år, ein nedgang frå 25 % i 2017. På ungdomsskolen gjekk snittalderen ned frå 2017 til 2018.

Ved BUAS er 19 % av dei tilsette over 60 år, ved Heimetenestene 24 % og ved Bu- og rehabiliteringstenestene 17 %. I alt utgjer dette 50 personar som skal erstattast dei nærmaste åra. Kommunen har begynt å få utfordring med å rekruttere fagkompetanse og dette vil truleg verte ei enda større utfordring med åra. Ein ser tendensen til at talet på kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar går ned og dette er ein tendens som har vore i nokre år allereie.

I 2018 vart det laga ein ny lønspolitisk plan for åra 2018 – 2022. Det har vidare vorte arbeidd med fleksitidsreglementet. Det er eit omfattande arbeid som har tatt tid og reglementet var ikkje vedtatt ved årsskiftet. Det er også starta opp med revidering av kommunen sitt permisjonsreglement og arbeidet fortsett utover 2019.

### Praksisordningar og lærlingar

Kommunen er open for å ta i mot studentar i praksisordningar både i skule, barnehage og helse og omsorg. Det gir også positiv effekt for våre eigne tilsette som i mange tilfelle får fagleg oppdatering og utfordring, og er eit verkemiddel med tanke på rekruttering.

Det ligg føre eit politisk vedtak på at Sykkylven kommune til ei kvar tid skal ha minst 7 lærlingplassar til disposisjon (K-sak 57/06). Kommunen hadde pr. 31.12.2018 sju lærlingar; tre i barne- og ungdomsarbeidarfaget, tre i helsearbeidarfaget og ein lærling i IKT servicefag.

## Medarbeidarundersøking

Det var ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2018. Våren 2017 vart arbeidet med undersøkinga frå 2017 sluttført med tiltak og handlingsplan. Dette var ei ny type medarbeidarundersøking, 10 faktor. Undersøkinga er forskningsbasert og legg opp til stor grad av deltaking frå dei tilsette, også i etterarbeidet; er ein planlagt prosess fram mot konkrete handlingsplanar for den enkelte eining, og som inneber ansvar for alle, medarbeidar, leiar og organisasjon.

Ny medarbeidarundersøking er i 2019, og bygg på same 10 faktor prinsipp.

## Sjukefråvær og IA-arbeid

### Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2018 viser ein tydeleg auke i høve til 2017, og det er langtidsfråværet som står for auken, korttidsfråværet har gått ned. Jamt over litt høgare fråvær gjennom heile året, men likevel størst auke i vintermånadane; januar, februar og desember.

Leiarane er godt kjende med rutine for oppfølging av sjukmeldingar. Arbeidsmiljøutvalet får informasjon om dette arbeidet frå IA-utvalet.

Utviklinga i årleg sjukefråværsprosent siste åra er slik (eigen statistikk):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Totalt	8,1%	8,5%	8,9%	7,5%	7,4%	8,3%	6,4%	7,5%	7,7%	8,1%
Langtids	6,3%	6,9%	6,9%	5,9%	5,1%	6,7%	4,7%	5,7%	5,7%	7,1%
Korttids	1,8%	1,6%	2,0%	1,6%	2,4%	1,7%	1,6%	1,8%	2,0%	1,1%

### Inkluderande arbeidsliv - IA-utvalet og IA-arbeid

IA-utvalet er eit underutval til Arbeidsmiljøutvalet. Utvalet har hatt 8 møte i 2018. I utvalet møter ein representant frå NAV arbeidslivssenter (NAV lokalt får innkalling og kan møte), ein frå BHT, ein representant for dei tilsette, hovudverneombodet og ein frå kommunen/rådmannen. Representantar frå personalavdelinga møter også. IA-utvalet sitt arbeid har som utgangspunkt dei tre delmåla som IA-avtalen omfattar:

- å redusere sjukefråværet
- auke sysselsetting av personar med redusert funksjonsevne
- få folk til å stå lengre i arbeid, høgare pensjonsalder

IA-arbeidet kan oppsummerast slik med utgangspunkt i gjeldande handlingsplan for IA-arbeidet:

- Kartlegging/evaluering: Ulike rapportar frå einingane, mini-AMU er ein viktig arena, medarbeidarsamtale gjennomført i nesten alle einingar.
- Informasjon/forum for drøfting og erfaringsdeling: Treparsmøte, IA- og HMS-tema på fleire leiarforum, årleg temadag om pensjon og forsikring, besøk i einingane frå IA-utvalet, IA-tema på verneombodsmøta.
- Arbeidsmiljø/trivsel: Årleg begestringsarrangement for dei tilsette, medarbeidarundersøking annakvart år og arbeid med denne.
- Førebygging: Frisktrengingsgrupper, tilbod om gratis influensavaksine, ergonomigrupper, arbeidsplassvurderingar, fleksitidsordning. Ulike målingar; hørsel- og støy, lys, luft, inneklima osv. Det auka bevisste fokuset på vald og truslar om vald, viser seg att i auke i tal avvik på dette området.
- Ved nedsett funksjonsevne: Rutine for omplassering og utprøving, mellombelse tilretteleggingstiltak.

Bedriftshelsetenesta BHT er ein ressurs som vert brukt i dette arbeidet.

I desember 2018 vart det inngått ny IA-avtale av dei sentrale partane. Det betyr ei endring i dette arbeidet framover, med hovudfokus på førebyggjande arbeidsmiljøarbeid og innsats mot hyppig og gjentakande lengre sjukefråvær.

## HMS og kvalitet

Det vert utarbeidd eiga årsmelding om internkontroll HMS til Arbeidsmiljøutvalet.

Kommunen har eit felles kvalitetssystem som skal innehalde all kvalitetsdokumentasjon, rutinar og retningslinjer, eller vise til kvar dei er å finne. Oppbygginga av HMS-delen i kvalitetssystemet er med utgangspunkt i internkontrollforskrifta.

Ein viktig del av kvalitetssystemet er avvikssystemet. Avvik er ein sentral del av utviklings- og forbetningsarbeidet, både når det gjeld helse, miljø og sikkerheit, informasjonssikkerheit og kvalitet på tenestene vi leverer. Eit mål for god tenestekvalitet er rett teneste til rett person, gitt av medarbeidar med rett fullmakt og kompetanse. Kommunen har etablert egne rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova. I avvikssystemet vert avvik meldt og behandla. Meldar, behandlar og overordna leiing kan via systemet følgje med handteringa. Det er muligheter for mange typar rapportar til bruk for utviklingsarbeidet.

Andre HMS-aktivitetar: Vernerundar, trepartsmøte innan IA (leiing, tilsettere representantar og NAV Arbeidslivssenter), ulike informasjonstiltak via personalmøte, intranett og også gjennom fleire faste møte mellom kommuneleiinga og hovudtillitsvalde. Einingane har også eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta med mellom anna rådføring, bistand til kartleggingar og risikovurderingar, ulike målingar (støy, lys og hørsel), ergonomiske arbeidsplassvurderingar, brei bistand innan ergonomi, bedriftslegekonsultasjonar og deltaking i sjukefråværsoppfølging.

Medarbeidarsamtale og tett oppfølging av sjukmelde er også ein del HMS-arbeidet. Medarbeidarsamtalen skal vere med å bidra til avklaringar av arbeidsforhold og resultat, vidare fremje kommunikasjon og samarbeid i det daglege, legge til rette for fagleg utvikling og skape motivasjon og oppleving av mestring. Det er viktig for arbeidstakaren å bli sett, få tilbakemeldingar, rolleavklaring er viktig og leiar sitt ansvar og det må leggast til rette for at arbeidstakaren er i stand til å gjere oppgåvene sine.

Det er etablert mini-AMU på alle arbeidsplassar for gjensidig informasjon og drøftingar. Alle fast tilsette er innmeldt i bedriftshelsetenesta.

### Vernetenesta

Hovudverneombodet har faste møte med alle verneombod gjennom året. Alle verneområde har gått vernerunde i 2018.

Verneområde/einingar sender inn årsrapport for internkontroll på fastsett skjema. Det vert innhenta opplysningar om gjennomførte forbetringstiltak gjennom året, om vernerunde, medarbeidarsamtalar, om avvik/ kvalitetsarbeid, om kjennskap til ulike rutinar og reglement mm.

Samla internkontrollrapport vert lagt fram for AMU. I tillegg til informasjon om ulike registreringar og statistikk frå aktivitetar gjennom året, inneheld rapporten utdrag/oppsummering frå einingane sine rapportar.

Det var registrert 5ulykker 2018, mot 7 i 2016 og 2017, 9 i 2015, 8 i 2014 og 14 i 2013.

## Medverknad og medbestemming

Dei tilsette sin rett til medverknad vert ivaretatt gjennom faste møte med tillitsvalde og verneombod. Einingane har årleg vernerunde i samarbeid med BHT, samt personalmøte der ulike problemstillingar kan takast opp.

## Rådsorgan, organisasjonar og tillitsvalde

I Sykkylven kommune var det registrert fylgjande arbeidstakarorganisasjonar i 2018:

Utdanningsforbundet, Skolelederforbundet, Fagforbundet, Norsk Sjukepleiarforbund, Delta, NAFO (Naturforvaltarforbundet), DNJ (Den norske jordmorforening), NITO, FO (Fellesorganisasjonen), Tekna, CREO (tidligare Musikernes fellesorganisasjon), Bibliotekarforbundet, Samfunnsvitene, Juristforbundet, Norsk Fysioterapiforbund, Norsk Ergoterapiforbund og Psykologiforbundet.

### UHT – utval for hovudtillitsvalde

Det er faste møte mellom rådmann/kommuneleiing og utvalet for hovudtillitsvalde. Formålet er å ha god dialog og gi gjensidig informasjon til kvarandre. I 2018 hadde utvalet 6 UHT-møte, og 4 fellesmøte mellom leiarforum og UHT. Dei tillitsvalde vart også invitert med på kommunens strategikonferanse i august.

### Arbeidsmiljøutvalet

AMU har 10 medlemar; 5 frå arbeidsgjevar og 5 frå arbeidstakersida. Dagleg leiar (rådmann) er medlem frå arbeidsgjevar, dei 4 andre er politikarar. Utvalet har hatt 5 møte i 2018 og handsama 13 saker (forutan referatsaker og godkjenning av protokollar). Sykkylven kommune sin arbeidsmiljøpris vart i 2018 tildelt personalgruppa ved Aure skule.

### Mini-AMU

Det skal vere mini-AMU alle einingar. Tilbakemeldingane er positive. Ordninga med slike faste møte gjer samarbeidet enklare og prosessane ryddige.

### AKAN-utvalet

AKAN-utvalet består av representantar for dei tilsette, frå leiinga, frå AMU, frå BHT, dei tre AKAN-kontaktane og rådgjevar HMS. Eitt møte i AKAN-utvalet i 2018. AKAN-kontaktane har vore på nettverksamlingar i 2018. Det er ingen nye registrerte AKAN-saker i 2018.

### Administrasjonsutvalet

Utvalet hadde eit møte i 2018 der lønspolitisk plan for Sykkylven kommune 2018 – 2022 vart vedtatt.

## Brukarar - tenester

I Kommunebarometeret 2019 (gjeld år 2018) er 33 % av nøkkeltala for Sykkylven kommune forbetra siste år. Justert for inntektsnivå vart Sykkylven kommune nr. 86 av landets Nøkkeltala er ein del betre enn økonomiske føresetnadar skulle tilseie.

### Plasseringer i Kommunebarometeret 2010–2019

Dette er plasseringene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene. Serien er ikke sammenliknbar over tid, fordi innholdet i barometeret også har endret seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Nøkkeltallene alene	343	351	385	403	327	163	156	227	211	156
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	185	271	341	380	205	67	66	144	136	86
Grunnskole	324	147	142	367	191	133	179	286	145	211
Pleie og omsorg	118	343	400	369	393	147	183	166	194	170
Barnevern	89	148	62	63	72	65	215	210	204	225
Barnehage	402	382	332	305	248	385	328	286	353	194
Helse			322	337	373	380	250	215	366	139
Sosial	337	184	187	158	46	56	168	134	7	8
Kultur		196	279	335	341	340	363	382	345	386
Miljø og ressurser	236		103	310	35	53	87	79	38	31
Saksbehandling			422	412	368	304	316	344	340	250
Vann og avløp			373	373	134	108	63	144		310
Økonomi	420	409	426	339	386	353	91	167	306	283
Kostnadsnivå		106	173	99	260	61	24	62	134	93
Nøkkeltall i bruk i barometeret	47	69	110	116	127	123	126	141	152	151
Antall kommuner rangert totalt	429	429	429	429	428	428	428	426	423	422

Nokre hovudpunkt frå Kommunal Rapports analyse for 2018:

### Grunnskolen:

- Andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk har økt nasjonalt de siste årene. 78 prosent av norsklærerne, 69 prosent av matematikklærerne og 57 prosent av engelsklærerne oppfylte i 2018 kompetansekravene. De aller fleste lærerne i barneskolen som underviser i fagene, oppfyller de nye kompetansekravene i norsk, engelsk og matte, ifølge statistikken for kommunen. På ungdomsskolen oppfyller 68 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

- Nasjonalt har karakterene på 10. trinn økt jevnt og trutt de siste årene. At valgfag ble med i beregningsgrunnlaget fra 2014-15, har bidratt til høyere karakterer på 10. trinn. Resultatene nasjonalt er forbedret i fem år på rad. Karakterene på 10. trinn i Sykkylven har vært omtrent på gjennomsnittet de siste fire årene. Resultatene i fjor var omtrent på samme nivå som tidligere.

- Andelen elever i småskolen i Sykkylven som får spesialundervisning er høy målt mot de fleste andre kommuner. Det trekker ned i barometeret. Andelen er omtrent som for ett år siden.

### Pleie og omsorg:

I pleie og omsorg er det en rekke data som ikke er oppdatert for 2018. Rangeringen i denne sektoren er derfor langt mer usikker enn normalt. Ifølge Statistisk sentralbyrå blir resten av dataene publisert 15. juni. 9 av 19 nøkkeltall mangler 2018- data i denne målingen. I disse tilfellene har vi benyttet 2017-tall for å gi et bredest mulig bilde for øyeblikket.

Av dem som bor på sykehjem, har 80,3 prosent omfattende pleiebehov landet sett under ett, per 2017. Andelen øker klart over tid. Det indikerer at innsatsen fortsatt dreies over mot hjemmebasert omsorg, og at man må være mer pleietrengende enn før for å få sykehjemsplass. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. I Sykkylven er det hele 87 prosent som er i denne kategorien. Det kan synes som om omsorgen i veldig stor grad er hjemmebasert.

Fra 2020 vil kommunene få en lovpålagt plikt til å ha et dagaktivitetstilbud for hjemmeboende med demens. 21 prosent av hjemmeboende med demens i Sykkylven har vedtak om dagaktivitetstilbud. Det er omtrent på snittet for de kommunene vi har tall for.

I snitt er det per 2017 33 minutter med lege per beboer per uke i Kommune-Norge. I Sykkylven fikk beboerne i snitt 22 minutter med lege i uka i fjor. Det er omtrent det samme som året før.

På sykehjem ble det nasjonalt mindre tid med fysioterapeut per beboer i fjor. Det er første gang siden 2009 at tilbudet faller. Snittet per beboer på sykehjem er nå på 25,2 minutter i uka. I Sykkylven har ikke beboerne mye tid med fysioterapeut. Kommunen ligger på 7,2 minutter i uka, mens de beste er oppe på 59,3 minutter.

Andelen vedtak om hjemmetjenester som er iverksatt innen 15 dager, har for landet gått ned til drøyt 95 prosent. Nesten alle vedtak om hjemmetjenester blir i Sykkylven satt i verk innen 15 dager, ifølge tall fra Helsedirektoratet.

Antall registrerte trygghetsalарmer tilsvarer på landsbasis 56,9 prosent av alle over 80 år som bor hjemme. Målt mot hvor mange over 80 år som bor hjemme, er andelen registrerte trygghetsalарmer i kommunen midt på treet. De ti siste årene har det blitt langt flere geriatriske sykepleiere i kommunene, men ifølge foreløpige Kostra-tall ble det færre i fjor. Snittet er nå 8,9 årsverk per 1.000 innbyggere over 80 år. I Sykkylven er det 6,8 årsverk med geriatrisk sykepleier per 1.000 innbyggere over 80 år.

Andelen funksjonshemmede som opplever at de fullt ut får dekket behovet om bistand til å delta i jobb eller studier, er nasjonalt på 77,2 prosent. Ifølge tall fra Helsedirektoratet opplever 75 prosent av de funksjonshemmede i kommunen at de får den hjelpen de trenger for å kunne delta i arbeid og studier. De beste ligger på 95,6 prosent.

### Barnevern:

Nasjonalt har andelen saker i barnevernet som tar mer enn 3 måneder å behandle, gått litt ned også i fjor. I snitt overholder kommunene nå den normale saksbehandlingsfristen i lovverket i 88 prosent av sakene. Andelen fristbrudd er halvert på noen få år, og har aldri vært lavere. Relativt mange saker i Sykkylven tar mer enn 3 måneder å behandle. Hvorfor er det slik? Sett de fire siste årene under ett, er statistikken middels.

Målt mot antall mindreårige har bemanningen i barnevernet økt med 80 prosent i Kommune-Norge over de siste ti årene, og har aldri vært høyere. Bemanningen av fagpersonell i barnevernet i Sykkylven er noe lavere enn i normalkommunen. I fjor var bemanningen omtrent uendret. Antall barn per årsverk er en alternativ måte å måle bemanningen på. I Sykkylven er det relativt mange barn per årsverk; 31 mot et landssnitt på 18,9 barn.

### **Barnehage:**

Bemanningen i de kommunale barnehagene i Sykkylven er omtrent som gjennomsnittet. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. Ifølge tall fra Statistisk sentralbyrå ble bemanningen -10,94 prosent dårligere i fjor. Det er et betydelig kutt. Hva skjedde med kvaliteten?

44 prosent av de ansatte i de kommunale barnehagene i Sykkylven har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 39,9 prosent.

### **Sosialtjeneste:**

Stønadslengden for unge mottakere gikk marginalt opp nasjonalt i fjor, og er på 4,8 måneder. Vi må tilbake til 2010 for å finne lengre stønadstid. Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Sykkylven enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Stønadstiden for de unge var omtrent uendret i fjor.

Blant mottakere over 25 år er stønadstiden nasjonalt den lengste som er registrert de siste ti årene - 5,7 måneder. For de over 25 år i kommunen er stønadstiden kort. Sykkylven er på 89. plass på denne tabellen. Voksne går omtrent like lenge på stønad nå som for ett år siden.

Når vi korrigerer for behovet, går 2,8 prosent av de over 25 år på sosialhjelp. Andelen er lav, noe som regnes som positivt i barometeret. Snittet er 3,8 prosent.

Individuell plan er fortsatt relativt lite brukt i sosialtjenesten. Målt mot hvor mange som går lenge på sosialhjelp, er det nasjonalt bare 8,1 prosent som har et slikt tiltak.

## **Tilgjenge - service**

Sykkylven kommune legg vekt på at brukarar og innbyggjarar på ein enkel måte kan kome i kontakt med kommunen, få raske svar på spørsmål og ytt god service. Dei digitale kanalane våre, og arbeidsverktøy i administrasjonen, er overmoden for utskifting. I 2019 kjem dette på plass.

Det finst p.t. ikkje tal på kor mange som nyttar seg av heimesida. Tilbakemeldingar syner at postlista er mykje brukt. Alle politikarar nyttar seg av heimesida for å laste ned dokument til møter.

Facebooksida til kommunen har ein auke i følgjarar frå 1500 i 2017 til 1700 i 2018.

Telefonsentral: Statistikken syner at sentralbordet har i snitt 48 inngåande telefonsamtalar pr. dag. Dette er ein nedgang på 12 frå 2017.

Både dei tilsette og innbyggjarane nyttar Servicetorget sine tenester. Trenden syner at folk enno vil ha hjelp til utføre tenester som må gjerast elektronisk: Skanning til e-post, opne e-post, pålogging til å utføre oppgåver på ulike offentlege nettstadar osv. Dei store offentlege etatane som NAV, Husbanken og Skatteetaten legg alle tenester over på internett. Mange møter personleg fram ved Servicetorget med spørsmål.

## **Samhandling**

Det er lagt stor vekt på at einingane skal samhandle med kvarandre der det er naudsynt for at brukarane skal oppleve heilheit i tenestene. Mykje arbeid er lagt ned for å ha gode rutinar for samhandling, og for å sikre dei rettar brukarane har til medverknad. Teieplikt og rutinar for samtykke er sterkt vektlagt. PPT, helsestasjon og barneverntenesta er med i fagteam i alle barnehagar og skular. Dette er tverrfaglege samarbeidsmøter der bekymringssaker og vanskelege problemstillingar kan takast opp. Tverrfagleg ungdomsteam er samansett av representantar frå politisk nivå, kommuneleiing, ulike faginstansar frå barne- og familietenestene og kultureininga, samt representant frå politiet og kyrkja. Teamet skal ha fokus på kommunen sin innsats for ungdom og koordinering av det førebyggjande arbeidet.

## Interkommunalt samarbeid

«Mission Possible» er ei interkommunal satsing i høve styrking av arbeidet retta mot tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko. Målsettingane er å sikre lik forståing av lovverk i høve meldeplikt, opplysningsplikt og styrking av det tverrfaglege arbeidet, og slik kunne gi tidleg og rett hjelp. Frå Sykkylven kommune deltek nokre einingsleiarar frå skule, barnehage, barne- og familietenestene, rådgjevarar, fagleiarar ved helsestasjon, barnevern, PPT, psykisk helseteam og politiet. Arbeidet har vore svært nyttig og bevisstgjerrande. Kommunen har også fått stadfesta at vi har god kvalitet i allereie etablerte rutinar og prosedyrar.

Sunnmøre Regionråd: Kommunane på nordre Sunnmøre samarbeider om rådgjevarstillingar innan barnehage, skule og barnevern. Stillingane vert finansierte ved at SR søker om prosjektmidlar og skjønsmidlar, og deltakarkommunane bidreg med sin kostnadsdel berekna ut frå eit grunnbeløp og talet på innbyggjarar.

Dette samarbeidet er svært nyttig for kommunane. Nasjonale satsingsområde vert sett på dagsorden, felles kompetanseutvikling vert initiert og utfordringar som kommunane kan ha, vert drøfta.

Også innan helse og omsorg er det faste samarbeidsorgan. Mykje av samarbeidet er heimla i Samhandlingsavtalane.

# Administrasjon og leiing

## Økonomi

### Økonomistyring

Økonomiavdelingas interne kontroll vedkjem samanhengen mellom mål, risiko, styring og interne kontrolltiltak. Ifølge COSO-rammeverket «Internal control – An integrated framework» skal internkontrollen sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering internt og eksternt, samt etterleving av gjeldande lover og reglar. Vidare vert det synt til kommunelova sine reglar om internkontroll.

Økonomiavdelingas fokus på god internkontroll skal vere med å sikre at:

- Måloppnåing og resultat står i eit rimeleg høve til fastsette mål og resultatkrav og at eventuelle vesentlege avvik er førebygd, avdekka og i naudsynt utstrekning vert korrigert.
- Ressursbruken er effektiv, og kommunens verdiar vert forvalta på ein forsvarleg måte. Rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig.


### Finansreglement

Alle kommunar skal i kvar kommunestyreperiode vedta eit nytt finansreglement. Nytt finansreglement vart vedteke i 2016.

### Frå rekneskap år 2018

Driftsutgifter og -inntekter

Driftsinntekter per innbyggjar og driftsutgifter per innbyggjar er ofte nytta i KOSTRA-rapporteringar. I Sykkylven kommune ligg drifta av VAR (Vatn, avløp og renovasjon) i rekneskapen til Sykkylven Energi AS. Rette store driftsutgifter og -inntekter er dermed ikkje med i vår rekneskap. Samanlikning driftsutgifter og -inntekter per innbyggjar med andre kommunar, eige kommunegruppe eller landssnitt er dermed lite tenleg. Samanlikning med eigen kommune over tid er likevel tenleg.



Driftsutgiftene auka i 2017 med 3,45 prosent. Driftsinntektene auka i same periode med berre 2,57 prosent.


Som ein ser så var driftsutgiftene i byrjinga av tidsserien høgare enn driftsinntektene. Frå år 2010 klarte vi betre å få driftsutgifter om lag som driftsinntektene, men først i år 2015 vart driftsinntektene so mykje høgare enn driftsutgiftene at det gav rom for å dekke netto finansutgifter. Denne utviklinga vart på mange måtar snudd att i 2017 og Kommuneøkonomiproposisjonen for år 2018-2021 gir signal om enno verre utvikling.

#### Netto driftsresultat

Etter omlegginga av momskompensasjon for investeringar (fullt ut innfasa frå år 2014) har Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) kome med ny tilråding for netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. (Før år 2014 3 prosent)

Netto driftsresultat inkluderer i tillegg til brutto driftsresultat også finanstransaksjonar (rente- og avdragsinntekter og rente og avdragsutgifter samt tap og vinst på finansielle instrument). Alle eksterne føringar er dermed med i nøkkeltalet.

Gjennomsnittet for Noreg utanom Oslo var på 3,8 prosent i 2016. Snitt i år 2017 var 3,8 prosent, for Sykkylven var resultatet i år 2017 2,13 prosent.



I år 2015 og 2016 hadde Sykkylven kommune gode netto driftsresultat. Resultata hang i stor grad saman med

- Innføring av eigedomsskatt
- Særskilt ekstra utbytte frå Sykkylven Energi AS.

At eigedomsskatt vart avskaffa frå 1. juli 2017 reduserte sterkt netto driftsresultat.

- Særskilt ekstra utbytte frå Sykkylven Energi, 2017 – siste året.

Innføringa av botnfrådrag kr 2 200 000 i år 2018 gjorde at kommunen ikkje fekk inn noko netto på eigedomsskatt.

Rekneskapen syner eit overskot (Netto driftsresultat) på kr 1 465 685. Udisponert del av netto driftsresultat er likevel, grunna bruk av overskot frå år 2017 høgare; kr 12 538 836.

### Skatt, rammeoverføringar og andre inntekter

Frie inntekter er samansett av skatt på formue og inntekt og rammetilskot. Her fekk vi inn kr 7 123 738 meir enn budsjettert. Meirinntekta kom mest fullt ut heilt mot slutten av året.

	Rsk 2018	Rsk 2017	Bud 2017	Rsk 2016	Rsk 2015
Skatt på inntekt og formue	194 272 920	182 001 755	180 972 000	176 372 583	165 427 431
Ordinært rammetilskot	224 494 523	227 955 328	222 497 000	223 064 155	214 106 053
Skatt på eigedom	218 283	5 780 461	5 783 000	11 004 292	11 027 107
Andre direkte eller indirekte skattar	263 106	263 106	120 000	263 106	262 146
Andre generelle statstilskot	22 593 418	16 676 094	18 764 400	18 618 050	14 328 764
Sum frie disponible inntekter	441 842 250	432 676 746	428 136 400	429 322 186	405 151 501


Rammetilskot, skatteutjamning og alle skattar:

SKATT/RAMMETILSKOT	KORRIGERT BUDSJETT	REKNESKAP	MEIR/MINDREINNGANG
Skatteinntekter	-188 785 500	-194 272 920	5 487 420
Innbyggartilskot	-196 300 000	-195 117 000	-1 183 000
Skjønstilskot	-440 000	-600 012	160 012
Prosjektskjønsmidlar	-900 000	-900 000	0
Innt.utjamnande tilskot	-32 349 492	-28 777 511	-3 571 981
Sum rammetilskot	-229 989 492	-225 394 523	-4 594 969
Skatt og rammetilskot	-418 774 992	-419 667 443	892 451

### Finans og lånegjeld

Det er ovanfor vist til at VAR-sektoren ikkje vert ført i kommunens rekneskap. Dette gir eit for flatterande bilete av kommunens lånegjeld. Lånegjeld vedkomande VAR er ikkje ført i kommunens rekneskap, men ført i Sykkylven Energi AS sin rekneskap.

Det er derfor lite tenleg å samanlikne lånegjeld i Sykkylven kommune med andre kommunar, KOSTRA-gruppe eller landssnitt.



Netto lånegjeld er summen av langsiktig gjeld fråtrekt utlån.

Netto lånegjeld i Sykkylven er påverka av at kommunen i år 2014 ettergav kr 30 000 000 i lån til Sykkylven Energi AS, dette er med å auke netto lånegjeld.

Frå år 2017 er også lånegjeld VAR med, då kommunen i år 2017 overtok anleggsmidlane vedkomande VAR frå Sykkylven Energi AS. Dette er den største einskildgrunnen for auken i lånegjeld i år 2017.

#### Økonomisk handlingsrom

Det var først og fremst eigedomsskatten som sikra kommunen eit økonomisk handlingsrom i åra 2015 - 2016. Eigedomsskatt vart teken i bruk med lågaste sats for bustader og fritidseigedomar. Utskriving av eigedomsskatt på verker, bruk og næring er ikkje innført. Per 30. juni 2017 avskaffa kommunestyret eigedomsskatten. Han vart ført inn igjen i 2018 med eit botnfrådrag på kr 2 200 000


Det er såleis dersom det er politisk ønskjeleg, rom for både å auke omfanget av utskrivning og sats for skatt.

Tenestoområde	Berekna Utgiftsbehov 2018	Netto driftsutgifter 2017			Meir-/mindreutgift i høve	
		Sykkylven kommune	Landssnitt	Sykkylven "Normert nivå"	Landssnitt	"Normert nivå"
		kr. per innb	kr. per innb	kr. per innb	Mill kr	Mill kr
Barnehage	0,9190	8 769	8 696	7 992	0,6	5,9
Adm. og pol. styring	1,0237	4 629	4 629	4 738	0,0	-0,8
Landbruk	1,2589	175	112	140	0,5	0,3
Grunnskule	1,0821	14 774	13 591	14 707	9,1	0,5
Pleie og omsorg	1,0732	18 282	18 470	19 822	-1,4	-11,8
Kommunehelse	1,0534	2 643	2 847	2 998	-1,6	-2,6
Barnevern	0,8601	1 238	2296	1 975	-8,1	-5,6
Sosialteneste	0,7673	1 512	2 678	2 055	-8,9	-4,2
Sum	1,0190				-9,9	-18,4

Utrekningane er gjort av Telemarkforskning. Forklaring til tabellen over:

Døme Barnehagar: Tabellen syner at Sykkylven kommune nytta 0,6 mill kroner meir enn landsnittet. Men då behovet berre er 91,9 prosent av snittet, nyttar vi iflg. KMD 5,9 mill meir enn normert behov.

Døme pleie og omsorg: Vi nyttar 1,4 mill kr mindre enn landsnittet. Men då behovet for Sykkylven kommune er 107,32 prosent av landsnittet, nyttar vi iflg KMD 11,8 mill kr mindre enn normert behov.



### Rapportering til politisk organ

Administrasjonen rapporterer månadleg til formannskap og kommunestyre om forbruk på lønnspostar. Kommunestyret får kvart tertial lagt fram rekneskapsrapport og prognose for årsresultat.

### Effektiv tenesteproduksjon

For å effektivisere tenesteproduksjonen og ta ut økonomiske fordelar med rett innkjøp, er dette teke i bruk:

- Mottak av elektronisk faktura
- Sending av elektronisk faktura
- Elektronisk fakturaflyt innan kommunen

### Elektronisk handel (E-handel)

Utstrakt bruk av anbudskontraktar med innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre. Tekniske tenester har sjølv hatt ute mange rammeavtalar på anbud.

Leverandørane skal no sende faktura elektronisk til kommunen. For leverandørar kommunen har avtale med (avtalar etter anbuds konkurranse i regi av Innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre) er det eit krav at faktura skal leverast elektronisk.

Servicetorget slepp då å ta mot papirfaktura og sende med intern post til økonomi. Økonomi slepp å skanne og tolke fakturaen før vidare sending til rette vedkomande.

For næringsdrivande som kan motta elektronisk faktura, sender vi elektronisk faktura. Privatpersonar kan få faktura tilsendt som e-faktura. Vi freistar heile tida å motivere innbygarane til å legge inn e-faktura. Dette sparar oss for papir, konvolutt og porto, samt aukar bruken av KID og lettar rekneskapsarbeidet.

### Elektronisk fakturaflyt

Fakturaer vert sendt elektronisk til den som skal attestere for mottak. Det er laga til fakturaflyt for kvar tilsett legitimert til å gjere innkjøp, slik at fakturaen etter attestasjon for mottak, automatisk vert sendt vidare til den som skal kontere faktura og deretter til den som skal tilvise og hamnar å attende i økonomiavdelinga for bokføring/utbetaling på forfallsdato.

Til ei kvar tid kan ein sjå kvar fakturaen er i fakturaløpet, om fakturaer stoggar opp osv.

Fleire og fleire personalmeldingar er også gjort elektronisk slik at det er fastsett saksflyt for elektronisk registrerte personalmeldingar. (Fråver, ferie, variabel lønn osv)

Elektronisk Handel (E-handel): for alle kjøp freistar kommunen å nytte elektronisk handel.

Systemet er med å fremje avtalelojalitet og syter dermed for at vi er tryggare for at vi oppnår dei låge prisane som er forhandla fram. Varene vert ikkje bestilt før innkjøpet er godkjent av tilvisar.

Systemet medfører meir arbeid ved økonomiavdelinga (nedlasting av nye katalogar, nedlasting av nye prisar på varer, ajourhald av kven som er autorisert til å kjøpe, kontere og tilvise).

Systemet medfører styrka intern kontroll og vi vurderer dei økonomiske innsparingane på innkjøp til å vere mykje høgare enn kostnadene ved å oppretthalde systemet.


### Innkjøpsstrategi

Sykkylven kommune er med i innkjøpssamarbeid Sunnmøre og stadig fleire innkjøpskontraktar etter konkurranse vert inngått. Fleire avtalar vart reforhandla i 2016, og per dato er det 43 løpande innkjøpsavtalar.

Siste store anbudsprosess var val av banksamband, der alle kommunane i innkjøpssamarbeidet samla gjekk ut og bad om tilbod.

Faktura/Fakturaflyt:

År	Elektronisk faktura (EHF)	Papirfaktura til skanning
2013	330	7 274
2014	2 200	6 285
2015	4 372	4 934
2016	4 881	4 333
2017	5 919	3 465
2018	7 282	2 324



### Fakturaflyt

Dagar frå mottak av faktura til at tilvist faktura er lagt inn på forfall i økonomisystemet og dermed registrert som utgift i rekneskapen:

År	Kjøp via E-handelsplattforma	Samla snitt alle fakturaer
2015	3	9
2016	2	8
2017	4	8
2018	4	9

Vi arbeider med å få fleire innkjøp inn i e-handelsplattforma då dette både medfører mindre arbeid for einingane og reduserer tid frå innkjøp er gjort til utgifta er rekneskapsført.

## Innfordring

Vi tok april 2016 i bruk eit innfordringssystem. Når fakturaer ikkje er betalt ved forfall, vert dei overført innfordringssystemet.

Sakstype	Tal saker 2018	Tal saker 2017
Tal saker overført til innfordring	2 077	1 666
Tal saker løyst med betaling	2 032	1 615
Aktive saker	45	49
Av aktive saker, inngått avdragsavtale	7	4
Av aktive saker, saker på vent	10	5
Av aktive saker, sett på langtidsovervaking	3	4

Løysingsgrad – Innfordring 2017:

Resultat	Resultat i prosent	Snitt for kommunar med same system
Saker løyst	96,9 %	88,4 %
Saker med restanse	2,9 %	11,5 %

Løysingsgrad – innfordring 2018:

Resultat	Resultat i prosent	Snitt for kommunar med same system
Saker løyst	97,8 %	89,3 %
Saker med restanse	2,1 %	10,6 %

Kommunen er svært nøgde med resultatet.

## Fellestenestene

Fellestenestene har oppgåver knytt mot HMS og beredskap, løn og personal, arkiv og servicetorg, IKT og politisk sekretariat. Fleire av oppgåvene vi utfører blir skrivne om under andre kapittel i årsrapport.

Fellestenestene har hatt slikt sjukefråver: samla fråvær 6,4 %: korttid; 2,9 og langtid 3,4 %.

Dette er ein nedgang frå 2017, men eg ser at vi er svært sårbare for auke igjen.

### Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Reknesk. 2018	Budsjett 2018	Avvik 201
SUM FOR FELLESTENESTENE	18 958 328	18 429 027	-529 301
SUM FOR POLITIKK	10 170 341	10 052 580	-117 761

2018 utgjorde eit negativt resultat for oss. Hovudutgiftene våre går til drift. Auka kostnader, både prisauke og nye utgifter ein ikkje kan ta bort, utan at vi får budsjettauke eller endra disponering, medan vi står i dei store digitaliseringsprosessane, gjer at marginane for overforbruk er små.

**SJEKK INN** – Vi deltok både i 2017 og 2018 på arrangementet SjeckInn i romjula. Ålesund har vore vertskommune med omliggande kommunar som medarr. Vi har samarbeidd med SNU. I 2018 var det særers vellukka, då fekk vi også stand saman med Ekornes. Ordførar har delteke.

**Borgarleg Vigsel** – Frå 2018 fekk ordførar, varaordførar, rådmann og to kommunalsjefar vigselfrett. Vi har fått til gode rutinar og får gode tilbakemeldingar på våre arrangement. Det var 4 vigslar i 2018.

**Startlån:** I 2018 fekk kommunen igjen bevilga startlån. Servicetorget, rådgjevar helse/omsorg, fagleiar rekneskap har utgjort eit godt team for utarbeiding av nye rutinar, reglement og sakshandsaming.

**Praksistudent:** frå Høgskulen i Volda – Kommunal planlegging og administrasjon. Teknisk og Servicetorget samarbeidde om ta imot student over ei periode på 6 veker. Dette var positivt.

## **IKT - Arkiv – Digitalisering**

I juli 2018 kom det ny personvernlov og med det nye krav til Informasjonssikkerheit, GDPR. Vi fekk på plass Personvernombod – Sykkylven kommune deltek i prosjekt gjennom IKA Møre og Romsdal om felles personvernombod for fleire kommunar. Oppstart i 2018. Dette skal evaluerast i 2020.

Vi hadde stort fokus på arbeid med dette i organisasjonen. Vi oppretta ei prosjektgruppe som blant anna deltok på 2 dagarskurs i regi av KINS (kommunal interesseorganisasjon for informasjonssikkerhet). Prosjektgruppa består av fagområda Arkiv, HMS, IKT, rådgjevarar for dei store driftsområda skule, barnehage og helse, kommunalsjef, og to leiarar. Vi har evaluert og diskutert databehandlaravtalar, teiepliktskjema, sikkerhetsinnstruks og protokollar på type behandlingar vi har. Dette er eit omfattande og kontinuerleg arbeid som blir jobba vidare med i 2019.

5. september hadde vi ei felles samling for alle fagleiarar, leiarar, tillitsvalgte og stabsfunksjonar med fokus på Informasjonssikkerhet. Personvernombod og sikkerhetsleiar/IKT-leiar heldt foredrag.

Lønsslipp fekk i 2018 innført sikkerhetskode for å kunne opne den når vi sender den elektronisk på epost.

Drift IKT. I sak 49/17 vedtok KST at vi skulle søkje om å bli ein del av e-kommune Sunnmøre. Til svar fekk vi at dei skulle skifte driftsform, men vi var velkomen inn i den nye driftsforma. I sak 56/18 fekk vi eit nytt vedtak av KST om at vi går inn i den nye driftsforma med NyeÅlesund som vertskommune. Det har i 2018 vore dialog mellom oss, men dei ynskjer ikkje å ta inn nye medlemmar før den nye kommunen er i drift – år 2020. Vi tenkjer strategisk og tilpassar dagleg drift med det utgangspunktet.

**Papirarkiv:** I 2018 vart det ordna og avlevert arkiv til IKA Møre og Romsdal: Hundeidvik skule – elevmapper – 12 boksar. Sykkylven ungdomsskule – elevmapper – 21 boksar. Helsestasjon – helsekort – 36 boksar.

Tandstad skule vart nedlagt hausten 2018 – vi har motteke ein del papirarkiv derifrå som ordnast og avleverast.

**Elektronisk arkiv:** Kjøp og utrulling av Visma Arkivkjerne for fagsystem. Visma Profil, Visma Familia, Visma Velferd og Visma Sampro vart knytt til arkivkjerna hausten 2018 og er no fullelektronisk. Visma flyktning/oppvekst står for tur. Dette krev nye rutinar og skrivereglar. Arkivplan er oppdatert.

Digitale uttrekk i ePhorte. 3 arkivdelar vart avlevert til IKA MR. Documaster i samarbeid med PC support og IKA Møre og Romsdal gjorde uttrekket, som vart godkjend av IKA Møre og Romsdal i november 2018. Vi har då fått lukka avviket frå arkivverket etter tilsynet vi hadde i 2015. Uttrekket vi har gjort frå ePhorte ligg no lagra i arkivkjerna til Documaster.

**KS SvarUt** (digital postkasse): vart teken i bruk for fagsystema Familia og Velferd. Profil og nytt sak/arkiv system planlagt i 2019.

**Bemanning IKT.** I 2018 tok vi inn vår andre lærling innan IKT faget. I tillegg ønska skule og helse/omsorg vere med å dekkje eit års engasjement for IKT fagarbeider (2018/2019). Fagarbeider er organisert til Fellestenestene, men bistår tenesteområda ute. Nye system, fleire integrasjonar, meir digitalisering krev teknisk bistand på fleire felt, oppdatering, vedlikehald, utstyr som nettbrett, pc, møterom, mobiltelefonar, kopimaskiner etc. I tillegg krev utstyr vedlikehald og testing. Vi hadde utskifting av leiing på tenesteområde i 2018.

## **Andre IT-system**

Tidsbanken: Inkluderte fleire brukarar, Barn/fam tenestene, psykisk helseteam, kontorfunksjonærtilsette heimetenestene.

Visma HRM fekk på plass integrasjon mot AltInn og NAV slik at vi no mottar og behandlar alle sjukmeldingar digitalt, også krav om refusjon går digitalt.

## **Generelt frå tenesteområde**

Det vert opplevd som krevjande og interessant med den utviklinga vi har innan digitalisering. Prosessane krev gode rutinar og kompliserte samhandlingsprosessar både teknisk og menneskeleg. Å endre vanar og kultur i ein

så stor organisasjon krev ressursar og bistand til opplæring og fokus på endringar. Systema krev også auka kunnskapsnivå til dei som skal styre prosessane og systema. Og til slutt – «drifting av digitaliseringa» gir auka utgifter til drift. Dette er ressursar vi opplever ikkje vert tatt høgde for.

Administrasjonen har låg bemanning i utgangspunktet. Ein opplever ei personalgruppe som er svært dedikert til arbeidet sitt og som yter 110 % for å få på plass det som vert krevd. Det er likevel krevjande å stå i prosessane som skjer. Vi er veldig sårbare og ein merkar slitasje på medarbeidarane.

## Rådmannens stab

### Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Reknesk. 2018	Budsjett 2018	Avvik 2018
SUM FOR KOMMUNELEIINGA	12 978 776	12 749 692	-229 084

Kommunen har 3 stillingar som rådgjevarar som er organiserte direkte under rådmannen. Det er innanfor skule, barnehage og helse/omsorg/velferd. Rådgjevarstillingane er nært knytte opp mot kommuneleiinga, og har ei svært viktig rolle i koordineringa av tenestene på tvers av fagområda i utgreiings-, plan- og oppfølgingsarbeid.

### Koordinerande eining

Det skal vere ei koordinerande eining for habiliterings- og rehabiliteringsverksemda i kvar kommune jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 7-3. Det er knytt eit halvt årsverk til koordinerande eining i Sykkylven i staben hos Rådmannen. Koordinerande eininga skal ha overordna ansvar for arbeidet med individuell plan, og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatarar til aktuelle brukarar. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege tenester til pasientar og brukarar med samansette behov for tenester jf. Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinatar kap.5.

Ein har sett det største behovet for koordinering og individuell plan er innanfor gruppa barn og ungdommar med ulike samansette utfordringar. Mange av dei får i hovudsak dekt sine behov for tenester innanfor barnehage og skule med individuelle tilpassinga opplæring etter opplæringslova.

I utgangspunktet er ikkje denne gruppa barn og unge definert under helselovgivingar med rett til individuell plan og koordinatar, men ein opplever at foreldre som har barn og ungdommar med store utfordringar og krevjande omsorgsfunksjon ofte treng hjelp og støtte til koordinering. Det har derfor vore gjort ei kartlegging saman med rektorane, for å kunne avklare kven som kan få dekt dette behovet for koordinering og oppfølging gjennom hyppigare samarbeidsmøter med skulen.

### Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeid, førebygging og tidleg innsats er sentralt, og folkehelselova tydeleggjer kor viktig det er med tverrsektorielt samarbeid.

Lova skal medverke til ei samfunnsutvikling som styrker folkehelsa og utjamnar forskjellar i helse og levekår. Folkehelsearbeid krev systematisk og langsiktig innsats både i og utanfor helsetenesta, og på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Mykje av grunnlaget for god helse i oppveksten og gjennom livsløpet vert lagt i barne- og ungdomsåra. Barnehage og skule vil difor vere heilt sentrale arenaer for folkehelsearbeidet og førebyggjande arbeid.

# Barnehagar

## Tenester og oppgåver

Føremålet til barnehagen er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette skal skje i samarbeid og forståing med heimen. Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd, samtidig som barndommen sin eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gi barn moglegheit for leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Barna har rett til medverknad utifrå alder og modning.

## Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Reknesk. 2018	Korr. budsjett 2018	Avvik 2018
FELLESUTGIFTER BARNEHAGAR	8 725 448	8 307 807	-417 641
KOMMUNALE BARNEHAGAR	23 995 943	24 865 577	869 634
PRIVATE BARNEHAGAR	29 627 436	29 625 500	-1 936
SUM	62 348 827	62 798 884	450 057

Hovudtyngda av kostnadar under fellesutgifter barnehagar er knytt til spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne. Refusjonar i høve redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid for familiar med lav inntekt ligg også under fellesutgifter.

Nøkkeltal:

Indikator	Sykkylven 2016	Sykkylven 2017	Sykkylven 2018	Kostragr 7 2018	Møre & R 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgift i % av kommunens totale utgifter	15,1	15,5	15,2	15,9	13,3	14,3
Netto driftsutg. til bhg per innbyggjar	7 937	8 613	8 769	8 654	8 287	8 565

## Brukarperspektivet

Det var per 31.12.2018 ni barnehagar i Sykkylven kommune. I tillegg til dei fem kommunale barnehagane (Ullavik, Vikedalen, Vik, Tandstad og Blakstad) er det fire private: Ikorntnes FUS barnehage, Velledalen naturbarnehage, Krikane barnehage og Tryggheim barnehage.

Barnehagebarn pr. 31.12.2018:	Kommunale bhg	Private bhg	Sum alle bhg
Tal på barn under 3 år	58	66	124
Tal på barn over 3 år	133	125	258
Sum barn i barnehage	191	191	382

Samla for Sykkylven var det ein nedgang på 11 barnehagebarn frå 2017 til 2018. Dette var ein lågare nedgang enn ein skulle vente utifrå fødselstal. Ved årsskiftet var talet på barn likt fordelt mellom kommunale og private barnehagar. Dei aller fleste plassane i sentrumsregionen var fylt opp.

## Kommunale barnehagar:

Indikator (per 30.12.2018)	Vikedalen	Ullavik	Vik	Blakstad	Tandstad
Tal på barn under tre år	14	14	9	14	7
Tal på barn over tre år	48	38	17	12	18
Samla tal på barn	62	52	26	26	25
Tal på avdelinger	4	3	2	2	2
Tal på minoritetsspråklege barn	5	10	10	2	6

## Nøkkeltal:

Indikator	Sykkylven 2016	Sykkylven 2017	Sykkylven 2018	Kostragr 7 2018	Møre & R 2018	Landet u/ Oslo 2018
Prosentdel av barn 0-åringar med bhg.plass	2,5	3,4	3,0	4,2	4,6	4,2
Prosentdel av barn 1-2 år med barnehageplass	85,9	75,3	86,5	83,2	85,7	84,0
Prosentdel av barn 3-5 år med barnehageplass	99,6	98,5	99,2	97,4	97,9	97,3
Prosentdel av barn - minoritetsspråklege	15,2	18,1	20,1	16,4	14,9	16,5

Barnehagane i Sykkylven har ein høg del minoritetsspråklege barn. Vik barnehage skil seg særleg ut, der om lag 40% av barna er minoritetsspråklege. I 2018 var det i alt 76 minoritetsspråklege barnehagebarn i Sykkylven. 31 av desse gjekk i kommunal barnehage. Kommunen får statlege øyremerka tilskot for å stimulere språkutviklinga til desse barna (kr 246 029 i 2018). Definisjonen på minoritetsspråklege barn er at ingen av foreldra verken har norsk, svensk, dansk, engelsk eller samisk som morsmål.

## Tilbod om sommaropne barnehagar

Etter påtrykk frå foreldre bestemte kommunen seg for å gå ut med barnehagetilbod i fellesferien 2018 (veke 28 og 31). Planen var å samle barna på ein av dei kommunale barnehagane. Etter utdeling av påmeldingsskjema til alle foreldre viste det seg likevel ikkje å vere særleg interesse. Dermed vart tilbodet ikkje realisert. Føresetnaden for å setje i verk tiltaket var at det kom inn søknadar for minst 10 barn, ei eller begge vekene.

## Brukarundersøking

Dei fem kommunale barnehagane gjennomførte i november 2018 ei ny foreldreundersøking, og nytta då for første gong Udir sin mal der skalaen går frå 1 (dårlegast) til 5 (best). 78% av foreldra svarte, noko som er svært bra. Svara tyder på at foreldra generelt er godt nøgde med det arbeidet som vert gjort. Dårlegast ut kom spørsmål kring informasjon og ute-/innemiljø. Det sistnemnde er kanskje ikkje overraskande då vi veit at fleire av dei kommunale barnehagane har behov for opprusting både innvendig og på leikeplassen. Elles er det gledeleg at barnehagane skårar særst høgt på to viktige tema: barnets trivsel og barnets utvikling.

Ute- og innemiljø	4,1
Relasjon mellom barn og vaksen	4,6
Barnets trivsel	4,8
Informasjon	4,1
Barnets utvikling	4,7
Medverknad	4,3
Henting og levering	4,5
Tilvenning og skulestart	4,6
Tilfredsheit	4,5

## Barn med særskilde behov:

Indikator (per 30.12.2018)	Kommunale bhg	Private bhg	Alle bhg
Tal på barn som får spesialpedagogisk hjelp	10	11	21

\*7 barn med vedtak om logopedhjelp kjem i tillegg

Omfanget av spesialpedagogisk hjelp i barnehagane har auka svært mykje dei siste åra. Talet på innmelde saker hos PPT gjer at dei må operere med ventelister på grunn av kapasitetsproblem. I løpet av dei fire siste åra har talet på timar per veke som går med til spesialpedagogisk hjelp (pedagog + assistent) auka frå om lag 150 t/v til 500 t/v. Dette gir sjølvsagt ein svært utfordrande budsjettssituasjon.

Barnehagane er ein viktig arena for å kunne oppdage barn med særskilde utfordringar på eit tidleg stadium. Tidleg innsats er avgjerande for å oppnå gode resultat og hindre utvikling av tilleggsvanskar. Målet er at satsinga i barnehagen skal resultere mindre behov for spesialundervisning i skulen. I 2018 vart det utarbeidd eigne retningsliner for spesialpedagogiske assistentar. Det vart også laga rutinar for assistentar som skal overlapp mellom barnehage og skule.

Ved utgangen av 2018 var om lag 8,5 kommunale årsverk knytt til spesialpedagogar og spes.ped. assistentar. I tillegg vart 5,4 årsverk lønna i form av refusjonar til private barnehagar (spes.ped. assistentar). På grunn av den økonomiske situasjonen er det ikkje lenger nokon barn med behov som får tildelt styrkingsressurs utan at det føreligg sakkunnig vurdering/enkeltvedtak (med unntak av minoritetsspråklege midlar og flyktningtilskot). I 2018 fekk kommunen også ekstra utgifter i samband med bygningsmessig tilrettelegging av ein privat barnehage i høve eit barn med nedsett funksjonsevne. Dette er lovpålagt etter barnehagelova § 19 g.

### Redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid:

I 2015 innførte regjeringa ei ordning med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for husstandar med lav inntekt. Lovendringa inneber at ingen skal betale meir enn 6% av inntekta for ein barnehageplass. Ordninga er søknadsbasert og kopi av sjølvmeldinga skal nyttast som dokumentasjon. I 2018 kunne alle husstandar med lågare brutto årsinntekt enn 533 500 kroner søkje om redusert foreldrebetaling. Dersom barna er 3, 4 eller 5 år har dei i tillegg rett på 20 timars gratis opphald per veke.

Det er kommunen må dekke både redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Dette gjeld også dersom barna går i ein privat barnehage. I Sykkylven har omfanget av søkjarar auka svært mykje, og dei fleste søkjarane innfrir kravet til redusert betalt. I løpet av dei to siste åra har talet på barn med redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid blitt dobla, frå 35 til 70. Dette tyder på at det har blitt fleire hushaldningar med låg inntekt i kommunen, men det har nok også si årsak i at ordninga er blitt betre kjent.

Kostnaden som kommunen har med denne ordninga syner følgjande utvikling:

2016	2017	2018
Kr 302 000	Kr 455 500	Kr 860 800

I tillegg dekker kommunen søskenmoderasjon (30% for barn nr 2, 50% for barn nr 3, 4 ++).

### Medverknad

Alle barnehagane har eit forelderåd som skal fremje fellesinteressene til forelda og bidra til å skape eit godt barnehagemiljø. Foreldra er også representert gjennom samarbeidsutvalet. Dette er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, der kvar gruppe er likt representert. Dei fleste barnehagane nyttar Transponder meldingsbok, som er eit digitalt verktøy der heim og barnehage kan kommunisere trygt og effektivt.

### Medarbeidarperspektivet

Sykkylven kommune hadde ved utgangen av 2018 fem kommunale barnehagar i drift. Talet på årsverk gjeld grunnbemanning (inkl. styrar) per desember 2018, basert på BASIL-rapporteringa. Læringer, spesialpedagogisk hjelp og tilsette som er lønna av minoritetsspråklege midlar eller flyktningtilskot er ikkje medrekna. Sjølv om 55 av 56 tilsette i grunnbemanninga er kvinner, er det ei gledeleg utvikling ved at stadig fleire vikarar er unge menn. Dette kan vere ein god innfallspport til barnehageyrket. Sykkylven ønskjer fleire menn som jobbar i barnehagane, for å få ei meir balansert kjønnsfordeling.

BARNEHAGE	Tal på barn	Tal på årsverk	Tal på tilsette
Ullavik	52	12,00	14
Vikedalen	62	14,20	17
Vik	26	6,60	8
Tandstad	25	7,10	8
Blakstad	26	7,80	9
<b>SUM:</b>	191	47,70	56

### Sjuefråvær

Sjuefråvær	2015	2016	2017	2018
Korttidsfråvær	1,8 %	2,4 %	3,0 %	2,2 %
Langtidsfråvær	4,2 %	3,5 %	7,7 %	12,6 %
Samla sjuefråvær	6,0 %	5,9 %	10,6 %	14,8 %

Dei kommunale barnehagane i Sykkylven har hatt ein stor auke i sjuefråværet dei siste par åra, og ligg no vesentleg over landssnittet. Dette gir grunn til bekymring. Årsakene kan vere samansette, og det bør vere eit mål

å finne ut kva drivkrefter som ligg til grunn, og eventuelt setje i verk tiltak. Vi veit at det er stor belastning knytt til arbeid i barnehage og at sjukefråværet i sektoren generelt er mykje høgare enn gjennomsnittet i arbeidslivet. På landsbasis har fråværet i barnehagane lege mellom 8 og 10 prosent dei siste åra, med markert meir sjukefråvær i kommunale barnehagar enn private barnehagar.

### Krav til utdanning

Frå 1.8.2018 vart kravet til pedagogtettleik i barnehagane skjerpa. Frå denne dato skulle det vere minst èin pedagogisk leiar per 7 barn under tre år, og minst èin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. I Sykkylven var det ved utgangen av året sju tilsette som hadde dispensasjon frå utdanningskravet. Berre èin av desse jobba i kommunal barnehage.

## Organisasjonsperspektivet

Barnehagane jobbar dagleg med dei sju fagområda i rammeplanen, med særleg vekt på språkutvikling, relasjonskompetanse og fysisk aktivitet. Ekstra vektlegging på barn med særskilde behov. Viktige felles satsingsområde i 2018 har vore:



### Solid Start Sykkylven

Denne satsinga har etter kvart fått merksemd langt utover Sykkylven sine grenser. Fleire kommunar har vore på studiebesøk og i 2018 fekk Solid Start omtale i fleire nasjonale tidsskrift/media. Alle barnehagane i kommunen er med. Solid Start vert i stadig større grad innarbeidd som ein naturleg og integrert del i barnehagekvardagen. Målsetjinga er at barna gjennom grov-, fin- og sansemotoriske aktivitetar ikkje berre skal få ein helsemessig gevinst, men at det også skal ha positiv effekt på lese- og skriveferdigheiter, åtfærd, psykososial utvikling m.m. Dette er understøtta av forskning som viser at kropp og kognitiv utvikling heng saman. Kommunal ergo- og fysioterapeut er sentrale i det faglege opplegget, og har hatt rundar med fagleg og praktisk bistand ute i barnehagane. Dei deltok også på avslutningskonferansen for Stavangerprosjektet, som viste at motorikk er svært viktig for mange av barna sine utviklingsområde. Ein av konklusjonane etter det store forskingsprosjektet er at dei minste barna ofte vert gløymt. Dette har resultert i at barnehagane i Sykkylven no også ønskjer å implementere Solid Start i småbarnsavdelingane, første året gjennom ei pilotavdeling.

Kommunestyret løyvde 100 000 kroner til Solid Start i 2018-budsjettet. Midlane vart nytta m.a. til kursing for ergo-/fysioterapeut, motorisk kartlegging av elevar i 1. klasse (referansegruppe) og ein stor felles studiedag på haustparten med kurshaldar Nina Nakling. Temaet var leik, og korleis leiken i større grad kan koplast opp mot Solid Start. Elles får alle nyttilsette opplæring i Solid Start, og det vert det jobba med utprøving av ulike metodar og verkty (Sherborne-pedagogikk, Skrivedans, BRAVO m.m.). I 2018 vart det også gjennomført ei omfattande medarbeidarundersøking i høve Solid Start, og svara som kom inn dannar grunnlag for vidare arbeid. Ein forsøker å evaluere arbeidet jamleg for å finne ut kva som fungerer bra/mindre bra.

Superbrukarar frå kvar barnehage møtast jamleg til felles samlingar, der vertskapsbarnehagen står ansvarleg for innhald (erfaringsdeling, idèutveksling m.m.). Månadlege nyheitsbrev vert sendt ut, og det er oppretta ei lukka facebook-gruppe for alle tilsette. Denne kjem i tillegg til den digitale «Idèbanken» som er meir fagleg retta. I september 2018 vart det arrangert ei tverrfagleg samling der ein forsøkte å tenke Solid Start på tvers av sektorane. Her kom andre kommunale einingar med gode innspel til langtidsplan og vegen vidare. Ressursgruppa sine medlemmar består av Steinar Klokk, Øyvind Fet, Anita Westerås, Tone Klakken Gjersrud og Marianne Strømme.

### Læringsmiljøprosjektet

To av barnehagane (Vik og Blakstad) er med i Læringsmiljøprosjektet, saman med to av skulane (Vik og Sørestranda). Dette er eit prosjekt som vert arrangert i regi av Utdanningsdirektoratet. Nasjonalt senter for læringsmiljø og adferdsforskning har det faglege ansvaret. Målet er å sikre gode og trygge barnehage- og skulemiljø, utan mobbing og andre krenkingar. Prosjektet starta opp hausten 2018 og går over to år. Det er etablert arbeidsgrupper ved kvar barnehage, der PPT også er representert. Desse har utarbeidd interne planar og deltek på halvårlege fagsamlingar på Gardermoen. Folk frå Læringsmiljøsentret kjem på besøk og arrangerer fagdagar for tilsette, orienterer på foreldremøte og gir rettleiing i barnehagane. I mellomarbeidet forsøker ein å omsetje ny kunnskap til praksis. Rådgjevar barnehage og rådgjevar skule har laga ein overordna plan for

Læringsmiljøprosjektet som sikrar samkøying og felles møtepunkt mellom barnehage, skule og PPT. Det vert også lagt vekt på erfarings- og kunnskapsdeling med dei barnehagane som ikkje deltek i prosjektet.

Opplegget har fire tematiske hovudfasar: 1. Mobbing og andre krenkingar 2. Førebygging 3. Inkludering 4. Vidareføring. Målet er å sikre eit kontinuerleg og langsiktig utviklingsarbeid som held fram også etter at prosjektperioden er over. På vårparten 2018 vart det utarbeidd ein omfattande handlingsplan mot mobbeåtferd i barnehagane i Sykkylven. Denne skal sikre barna eit godt psykososialt miljø, og gjeld for perioden 2018-2022.

### **Annan kompetanseutvikling**

Sykkylven kommune er med i eit regionalt nettverk som vert administrert av Sunnmøre regionråd. Fleire tilbod om kurs og vidareutdanning vert organisert gjennom dette nettverket, i samarbeid med høgskular og kompetansesenter (fagbrevkurs, mentorutdanning, kurs for pedagogar på dispensasjon m.m.). Vi har også tilsette som tek master i barnehagekunnskap, veiledarutdanning for praksislærarar og desentralisert barnehagelærarutdanning. I tillegg søkte kommunen om statlege kompetansemidlar, og fekk tildelt om lag kr 150 000 i 2018. Desse vert nytta i samsvar med lokale satsingsområde og prioriteringar. Midlane skal kome både kommunale og private barnehagar til gode. Spesialpedagogane gjekk kurs som omhandla m.a. autismespekteret og språkvanskar hos barn.

### **Symjeopplæring**

Sykkylven kommune fekk i 2018 eit tilskot frå Fylkesmannen på kr 153 000 kroner til symjeopplæring i barnehagane (søknadsbasert). Dette gjorde at alle dei 86 førskulebarna fekk øve seg i basseng. Opplæringa skjer i nært samarbeid med symjegruppa i Sykkylven idrettslag, som stiller med dyktige folk som alle har godkjende instruktørkurs og livredningsprøver. I tillegg deltek personale frå barnehagane, både i bassenget og som vakter på land. Erfaringane til no er svært positive, med gode tilbakemeldingar både frå barn, foreldre og tilsette. Målet er å gjere barna trygge i vatn, og det er gledeleg å oppleve den store framgangen som alle viser. Her vert det lagt eit godt grunnlag for framtidige symjeferdigheiter.

### **Andre område**

Gjennom 2018 vart fokus også retta mot mange andre område. Døme på dette er større satsing på assistentar som skal styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn, samt auka bruk av tolketenester. Styrarane ved dei kommunale barnehagane har jobba med tema knytt til m.a. leiarutvikling, rutinar og utvikling av nye og betre årsplanar. Eit anna sentralt tema er trafikksikring. I perioden 4.-15. juni deltok alle barnehagane i ein kampanje for sikring av barn i bil. Målgruppa var foreldra til barnehagebarna. Aksjonen var gjennomført i samarbeid med politiet og Trygg Trafikk. Bodskapen var klar: Altfor mange foreldre slurvar med sikringa av barna!

### **Folkehelse**

Fysisk aktivitet inne og ute er eit grunnleggjande prinsipp i dei kommunale barnehagane, med fokus både på rike sanseopplevingar og motorisk utvikling. Naturområda kring barnehagane er mykje nytta, uansett vèr. Dei fleste barnehagar har også tilgang på gymsal eller klatterom/buldrerom. Satsinga på Solid Start Sykkylven er også ein del av det totale folkehelseperspektivet. Barnehagane melder dessutan at dei legg stor vekt på å lære barna om helsefremjande kosthald. Barna skal få servert mat som er både variert, sunn og god. Tre av dei kommunale barnehagane nytta ein studiedag til kurset «Fiskesprell» der dei fekk inspirasjon, oppskrifter og praktisk læring i korleis måltid av fisk og grønnsaker kan lagast ute i naturen.

Fokus på psykisk helse og relasjonsbygging er også ein del av folkehelseperspektivet. Barna lærer at alle er verdifulle, at dei skal ta vare på kvarandre, ikkje mobbe, løyse konflikter, skape vennskap etc. Dette er eit viktig førebyggjande arbeid mot psykiske plager seinare i livet. Det pedagogiske verktøyet «Raude og grønne tankar» er mykje nytta. Alle kommunale barnehagar har også eit samarbeid med Bedriftshelsetenesta der ein rettar fokus mot ergonomi på arbeidsplassen.

## Samhandling på tvers av einingane

### Barnehagenettverk:

- «Den sykkylvske barnehage» er ein felles plattform for alle barnehagane i kommunen. Om lag ein gong per måned møtast alle styrarane (kommunale og private) for å drøfte ulike tema, saman med PPT og rådgjevar barnehage.

### Samhandling mellom barnehagar og andre kommunale einingar:

- Fagteam (saman med helsestasjon, PPT, barnevern m.fl). Knytt til einskildbarn med særlege behov
- Ansvarsgrupper: Tverrfagleg samarbeid omkring barn med behov for oppfølging frå fleire instansar. Grappa vert leia av koordinator, i nært samarbeid med føresette
- Overgangssamtalar mellom barnehagar og skular kring nye barn som skal ta til på skule. PPT og helsestasjon er også aktuelle aktørar
- Fellesmøte kvart halvår mellom alle styrarar, rektorar, rådgjevarar og PPT. Drøfting av ulike felles tema
- Månadlege møte mellom spesialpedagogisk team, rådgjevar barnehage, PPT og einingsleiar i BfT for drøfting av einskildbarn, ressursfordeling, kompetansebehov m.m
- Kommunal fysioterapeut og ergoterapeut (Solid Start)
- Leiarforum (faste møte mellom alle einingsleiarar og administrasjon)
- TIBIR (tidleg innsats for barn i risiko). Både Barne- og familietenestene, skule, barnehage, rådgjevarar og koordinerande eining er involvert. Tre PMTO-terapeutar vart ferdig utdanna i 2017, kursing av TIBIR-foreldrerådgjevarar gjennom 2018
- BTI (betre tverrfagleg innsats). Sykkylven kommune inngjekk i 2018 ein samarbeidsavtale med KoRus Midt-Norge. Målet er utvikling av lokal samhandling for barn, unge og familiar som treng ekstra bistand og støtte. Kommunen ynskjer å etablere ein heilskapleg og koordinert innsats på tvers av tenesteområda. I arbeidsgruppa sit representantar frå mange einingar

### Samhandling med andre organisasjonar m.m.:

- Kyrkja (barnegudsteneste i desember), Fønix (opplæring i praktisk handverk/sløyd), Sykkylven naturmuseum (opplegg tilrettelagt for barn), Sykkylven idrettslag/symjegruppa, Lions Club (Mitt val – program for sosial/emosjonell kompetanse).

### Interkommunalt samarbeid:

- Mission Possible (saman med Helse Møre & Romsdal, Bufetat, politiet, skulesektor, barnevern, PPT, helsestasjonar m.m.). Arrangerer fagdagar og jobbar med ulike tema og felles koordinering av tiltak for barn i risiko.
- Rådgjevarnettverk (i regi av Sunnmøre Regionråd). Nettverk mellom barnehagefaglege rådgjevarar på Nordre Sunnmøre. Diskuterer faglege spørsmål og legg planar for felles satsingsområde og kompetanseutvikling.

### Internkontroll

Alle barnehagane nyttar Risk Manager og avviksmeldingssystemet som ligg der. Dessutan vert det gjennomført jamlege vernerundar både inne og ute, med evaluering i etterkant. Det er eit godt samarbeid med både verneombodet (m.a. opplæring/kurs) og tillitsvalde. Risikoanalyser (ROS) vert også gjennomført. Den enkelte barnehage har faste rutinar for kontroll av utstyr, leikeapparat, gjerder etc.

### Tilsyn

Barnehagemyndigheita i Sykkylven gjennomførte tilsyn i alle barnehagane i november 2018. Hovudtema var barnehagelova §4 (foreldreråd og samarbeidsutval). Deltema var fastsetting av årsplan (§2), foreldrebetaling (§15) og dispensasjon frå utdanningskravet (§18). Det vart avdekkja avvik ved to av barnehagane. Desse fekk pålegg om retting, og avvika er no lukka.

## Kommunale vedtak

*Vedtak 27.02.2018:* Kommunestyret bestemte samrøystes at ein ikkje skulle følgje opp tidlegare budsjettvedtak om å legge ned ein kommunal barnehage. Dette på bakgrunn av prøveopptak for barnehageåret 2018/2019. Kommunestyret vedtok også å auke personalressursen ved Blakstad naturbarnehage, slik at alle barna med Blakstad som førsteprioritet fekk plass der. Den manglande innsparinga knytt til nedlegging av ein barnehage skulle finansierast ved bruk av disposisjonsfondet.

*Vedtak 02.05.2018 (Levekårsutvalet):* Den lokale handlingsplanen mot mobbeåtfærd i barnehagane vart vedteken. Sentrale styresmakter har varsla at det på sikt vil bli stilt like strenge krav til barnehagar som til skular når det gjeld korleis mobbing og krenkande åtfærd skal handterast. Dette gjeld både førebygging, avdekking, stopping og oppfølging. Også den nye rammeplanen stiller strengare krav til personalet på dette området.

*Vedtak 01.10.2018 (Formannskapet):* Sykkylven kommune innfører to teljedatoar for private barnehagar, 15. august og 15. desember. Talet på barn som er innrapportert på desse datoane dannar grunnlaget for drifts- og kapitaltilskot. Målet med to teljedatoar er at det blir betre samsvar mellom tilskot og talet på barn som faktisk går i barnehagen.

*Vedtak 01.10.2018 (Formannskapet):* Framlegg til lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar i Sykkylven kommune vart samrøystes vedteke. Forutan innføring av to teljedatoar omfattar retningslinjene m.a. reglar og rutinar på følgjande område: Søskenmoderasjon, redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid, kompetansetilskot, integreringstilskot for flyktningbarn, tilskot på minoritetsspråklege midlar, refusjon for spesialpedagogisk assistentressurs og ekstra ressursar til barn med nedsett funksjonsevne.

## Små og store hendingar

- Det årlege treffet på Slettegjerde/Trollskogen og fellestur til Atlanterhavsparken for førskuleborna var som vanleg blant høgdepunkta for denne aldersgruppa
- Blakstad naturbarnehage starta opp med forskarklubb for 3-6 åringane hausten 2018. Mykje forskning og mange eksperiment har blitt utført, noko som også resulterte i innslag på NRK-fjernsyn
- Torunn Vik gjekk av med pensjon sommaren 2018 etter lang og tru teneste som barnehagestyrar i Sykkylven. Ho har gjennom ei årrekkje lagt ned ein stor jobb for mange generasjonar barn i Sykkylven. Torunn vart etterfølgd av Randi Ludviksen Hole i styrarjobben ved Ullavik barnehage

# Skule og SFO

## Arbeidsfelt og ansvarsområde

Kommunestyret som skuleeigar har ansvar for å legge til rette for og følgje opp fylgjande tenester og oppgåver, jf. opplæringslova § 13-10:

- Eit godt grunnskuletilbod for elevar frå 6-16 år tilpassa alle elevar (opplæringslova § 1-1, § 1-3 og § 2-1, § 13-1 og § 13-10)
- Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning (opplæringslova § 5-1)
- Tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid til born i 1. til 4. klasse og for born med spesielle behov i 1. til 7. klasse (opplæringslova § 13-7).
- Tilbod om gratis leksehjelp til elevar i grunnskulen (1.-10. trinn, 8 timar fordelt) (opplæringslova § 13-7a, forskrift § 1A-1 første ledd)
- Opplæringstilbod til ulike grupper vaksne (kap. 4A i opplæringslova)
- Gi kompetanseheving til lærarar og andre tilsette i samsvar med læreplanane og kompetanseutviklingsplan (opplæringslova § 10-8)

## Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Rekneskap 2018	Korr.budsjett 2018	Avvik 2018
BARNESKULANE OG SFO	59 002 714	59 423 185	420 471
UNGDOMSSKULEN OG OPPLÆRINGSSENTERET	32 977 786	34 810 614	1 832 828
SUM FELLESUTGIFTER SKULANE	6 950 055	8 084 174	1 134 119

Kommentar: Skulane har også i år halde god budsjett disiplin og går med eit positivt avvik. Årsaka til positivt avvik vert grunngjeve med reduserte pensjonskostnader, som ein fekk oversikt over først i desember.

## Brukarperspektivet

Elevtal ved dei ulike skulane

Namn	Elevtal 2017	Born i SFO 2017	Elevtal 2018	Born i SFO 2018
Aure skule	129	30	147	38
Sørestranda skule	117	31	142	36
Tandstad skule	48	14	--	--
Ullavik skule	158	53	163	44
Vik skule	130	38	136	28
Sykkylven ungdomsskule	300	--	283	--
Opplæringscenteret	(129)	--	82	--
Sum totalt kommunale skular	923+129	166	871	146
Privatskular	97	31	118	34

## KOSTRA-data

Grunnskule Indikator	Sykkylven 2017	Sykkylven 2018	Kostragr. 07 2018	Fylket 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger	14 596	15 209	14 247	14 734	14 146
Produktivitet / einingskostnader:					
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskulesektor per elev	129 974,8	134 161,9	123 117,7	131 335,5	127 949,1
Dekningsgrad:					
Elevar i grunnskule med spesialundervisning (%)	9,6	9,7	7,1	8,8	7,9
Andel timar spes.u. i %	25,0	30,8	20,7	23,8	23,2
Prosentdel med spes.u. 1.-4. trinn.	8,2	9,6	4,7	7,6	5,4
Prosentdel elevar med spes.u. 5.-7. trinn	12,9	11,7	8,5	10,1	9,2
Prosentdel elevar med spes.u. 8.-10. trinn	8,3	7,8	8,9	9,3	9,9

Kommentar: Sykkylven ligg framleis noko høgt i prosentdel elevar som har vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Fokus har dei siste åra vore at ein heller bør bruke ressursane til å auka styrkinga i klasserommet. Det er viktig at om ein får ned andelen spesialundervisning, så er ikkje det eit innsparringstiltak, men ei omdisponering av ressursar til styrking av ordinær undervisning. Ei styrking med fleire vaksne inne i ordinær undervisning kan gi rom for større fleksibilitet og at fleire elevar får rask hjelp når dei treng det.

Ifølgje Kommunebarometeret auka andelen elevar som fekk spesialundervisning på nasjonalt nivå i mange år, før det kom eit par år med nedgang. No får 5,2 % spesialundervisning. Nasjonalt er andelen elevar med spesialundervisning er nesten tre gongar så høgt på 10. trinn som på 1. trinn. Andelen elevar i småskulen i

Sykkylven som får spesialundervisning er høgt målt mot dei fleste andre kommunar. Dette trekker ned i barometeret. Andelen er omtrent som for eitt år sidan.

MEN: Kommunebareometeret reknar som negativt at mange i småskulen får spesialundervisning. Dersom bakgrunnen for dette er tidleg innsats, og ein ser at andelen som får spesialundervisning minkar i løpet av skuleløpet, er det vanskeleg å sjå at dette skal trekke ned i barometeret. I Sykkylven ser vi ein tendens til at andelen elevar med spesialundervisning har gått ned i 8.-10. trinn målt mot 1.-4. trinn. Då ser vi at vi kanskje er på veg dit vi håpar å kome.

## Styringskort

<b>Nasjonale prøver - lesekompetanse</b> (% elevar på meistringsnivå 2- 3 (5. trinn) og 3-5 (8. og 9. trinn). <i>Snitt siste 3 år.</i>			
	<b>Status landet 2018</b>	<b>Status landet 2019</b>	<b>Ønska nivå 2020</b>
5. trinn	75,5	76,1	75,7
8. trinn	72,4	73,3	72,0
9. trinn	82,4	83,4	83,0
	<b>Status Sykkylven 2018</b>	<b>Status Sykkylven 2019</b>	<b>Ønska nivå 2020</b>
5. trinn	77,2	73,6	75,0
8. trinn	60,1	64,4	72,0
9. trinn	83,5	84,2	84,0

Kommentar: I Sykkylven må vi framleis ha fokus på språk- og lesekompetanse i heile grunnskuleløpet, men spesielt i 5.-7. trinn. Vi ser at resultatata for 8. trinn over tid ligg lågare enn vi kan sjå oss nøgde med. Barneskulane arbeider framleis med nettressursen Språkløyper.

I Kommunebareometeret kjem det fram at 21 % av elevane på 5. trinn dei siste fire åra ligg på lågaste meistringsnivå (av tre). Det er ein litt lågare andel enn kva som er normalen i Kommune-Norge, og det er jo positivt for Sykkylven. På 8. trinn ligg 10,2 % av elevane på det nedste meistringsnivået (av fem). Dei beste kommunane ligg på 2,8 %. Frå 8. til 9. trinn vil normalt andelen på lågaste meistringsnivå bli halvert. I Sykkylven har 3,1 % vore på lågaste nivå dei siste åra. Snittet er på 5,3 %.

Overgang grunnskule - vgs	Elever med direkte overgang fra grunnskule til vgo (prosent)			Elever med direkte overgang fra vg1 til vg2 (prosent)		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018
1528 Sykkylven	98,2	98,3	<b>100,0</b>	88,3	94,6	<b>88,7</b>

Brakarundersøkingar	Mål 2017/18	Resultat 2017/18	Mål 2018/19	Resultat 2018/19
<b>Elevundersøkinga</b>				
Skala frå 1 – 5 (best)				
Støtte frå lærarane				
7. trinn	4,3	4,4	4,3	4,4
10. trinn	3,9	3,8	3,9	3,9
Elevdemokrati og medverknad				
7. trinn	3,7	3,8	3,7	3,8
10. trinn	3,2	2,9	3,2	3,0

Vurdering for læring				
7. trinn	3,9	3,8	3,9	3,8
10. trinn	3,5	2,9	3,5	3,0
Mobbing på skulen skala (prosent)				
7. trinn	Nullvisjon	6,3	Nullvisjon	4,8
10. trinn		4,8		5,4

Kommentar: Skalaen går frå 1-5, der 5 er eit positivt resultat. Tiltak mot mobbing og alle former for krenkande åtferd har stort fokus på alle skulane, også dei som ikkje er med i Læringsmiljøprosjektet. Alle skulane gjennomfører den ikkje-anonyme kartlegginga av det sosiale miljøet i klassa minst to gongar årleg, med påfølgjande oppfølging av resultatata ift. både elevar og føresette.

91 % av elevane på 7. trinn svarar at dei trivast godt på skulen i Elevundersøkinga, noko som er same snittet som for landet. 82 % av elevane på 10. trinn seier at dei trivast godt. Snittet i Norge er 86 %.

### Nøkkeltal

Andre indikatorar:	Resultat 2017	Resultat 2018	Kostragr. 07 2018	Fylket 2018	Landet u/Oslo 2018
Andel innbyggjarar 6-9 år i kommunal SFO	41,7	39,0	56,9	54,7	56,3
Norsk h.mål, skriftl. eksamen	3,6	3,3	3,3	3,4	3,5
Norsk s.mål, skriftl. eksamen	3,8	3,4	3,3	3,3	3,4
Matematikk skriftleg eksamen	4,0	3,1	3,6	3,5	3,6
Engelsk skriftleg eksamen	3,7	3,9	3,6	3,7	3,7
Grunnskulepoeng	42,2	39,7	41,7	41,8	41,7
Nasjonale prøver rekning 5.trinn	50	51	49	49	50
Nasjonale prøver engelsk 5.trinn	50	51	49	50	50
Nasjonale prøver lesing 5. trinn	49	49	50	49	50
Nasjonale prøver rekning 8.trinn	48	49	49	49	50
Nasjonale prøver engelsk 8.trinn	48	49	*	50	50
Nasjonale prøver lesing 8. trinn	46	49	*	49	50
Nasjonale prøver rekning 9. trinn	54	52	53	53	54
Nasjonale prøver lesing 9. trinn	53	51	-	52	53

Kommunebarometeret: Nasjonalt har karakterane på 10. trinn auka jamt og trutt dei siste åra. At valfag vart med i berekningsgrunnlaget frå 2014-15, har bidrege til høgare karakterar på 10. trinn. Resultata nasjonalt er forbetra fem år på rad. Karakterane på 10. trinn i Sykkylven har vore omtrent på gjennomsnittet de siste fire åra. Resultata i fjor var omtrent på same nivå som tidlegare.

Nasjonalt har andelen elevar som har fullført vidaregåande med bestått innan fem år, auka dei siste åra. Snittet er no på 74,5 %. Andelen elevar frå kommunen som har fullført og bestått innan fem år, er no på 81 %. Fråfallet for kullet som starta i 2013 var omtrent som føregåande kull.

Tilsyn: Ingen av skulane har hatt tilsyn i 2018.

## Opplæringscenteret:

Opplæringscenteret gav 82 deltakarar norskopplæring iht. introduksjonslova § 19 i 2018, 33 menn og 48 kvinner. 43 av desse var flyktningar, 15 familiegjenforeinte med norsk statsborgarar og resten arbeidsinnvandrarar.

6 deltakarar har fått grunnskuleopplæring jf. § 4A-1 i opplæringslova, ved Ålesund voksenopplæringscenter og 5 har fått grunnskuleopplæring på opplæringscenteret. 5 vaksne har fått spesialundervisning jf. § 4A-2 i opplæringslova.

Opplæringscenteret arrangerer den nye norskprøva 4 gongar i året, samt samfunnskunnsksprøva som er obligatorisk for innvandrarar. Ein arrangerer også Statsborgarprøva ved behov. Denne prøva må ein bestå for å bli norsk statsborger.

## Medarbeidarperspektivet

Oversikt tilsette

Eining	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Sum årsverk	% menn	% kvinner
Aure skule	9,05	18,82	27,87	32	68
Sørestranda skule	3,0	22,38	25,38	11,7	80,3
Ullavik skule	3,29	21,41	24,70	13,3	86,7
Vik skule	6,0	10,53	16,53	36,3	63,7
SU/OS	15,66	32,01	47,67	32,9	67,1

Tabellen inneheld alle som ligg med fast løn pr. oktober 2018 minus dei med permisjon m/løn.

Sjukefråvær:

Skule og sfo	Samla fråvær	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Aure	9,0	1,6	7,4
Sørestranda	5,2	1,3	3,9
Ullavik	6,2	2,9	3,2
Vik	4,7	1,2	3,5
Ungd.sk og opplæringscenteret	6,9	1,2	5,7

## Organisasjonsperspektivet

### Utviklingsområde ved einingane, prosjekt, kompetanseheving eller liknande

Skulane har eigne tiltaks- og utviklingsplanar. Planen skal vere eit dokument som fortel kvar skulen er, kvar skulen vil, kva skulen skal gjere og kven som skal gjere det. Arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen, her lærar personalet av og saman med andre.

Ut ifrå både nasjonale satsingsområde og lokale resultat som er omtala i « Kvalitets- og utviklingsmeldinga for grunnskulen», er følgjande prioriteringar valde for neste periode:

1. Fortsatt arbeid for eit trygt og godt skule- og læringsmiljø for alle, også gjennom læringsmiljøprosjektet med start i august 2018  
Språk- og leseopplæring, leseferdigheiter og lesestrategiar er eit ansvar for alle lærarar, alle elevane skal verte kompetente lesarar  
Arbeide inn ny overordna del av læreplanen, førebu fagfornyninga blant lærarane – felles forståing av nye omgrep, som t.d. djupnelæring og kjerneelement i fag, og nye tverrfaglege tema  
Elevmedverknad og –involvering, bruke dei fire prinsippa frå Vurdering for læring  
Spesialpedagogisk kompetanse inn i klasseromma, inkluderande spesialundervisning  
Vidare satsing på digital kompetanse og bruk av digitale verkty  
Effektiv symjeundervisning i 1.-4. trinn, gjennomføre obligatorisk ferdigheitsprøve i løpet av 1.-4. trinn for å sikre progresjon og tilpassa opplæring
2. Tiltaka og prioriteringane omtala i kvalitetsmeldinga blir vurdert i samband med budsjettprosessen 2019 ved eventuelt behov for styrking.
3. Skulane skal innarbeide desse områda i sine utviklingsplanar.

4. Ein skal auke samarbeidet mellom Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule for kompetanseutvikling til elevar og tilsette, samt for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Dette skal vere eitt av satsingsområda i dei komande skuleåra.
5. Faget «utdanningsval» bør kome fram i neste års kvalitets- og utviklingsmelding.

### **HOVUDMÅL; «God og kreativ læring i eit trygt , triveleg og samarbeidande miljø»**

- Tiltak- og utviklingsområde 1:

Delmål; Arbeid for eit godt og trygt skule- og læringsmiljø for alle, fokus på god klasseleiing

Noverande situasjon; Skulane har «Mitt val» i dei fleste klassene., og følgjer elles dei kommunale og skulen sine retningslinjene i arbeidet mot mobbing.

Tiltak; Aktivitets- og dokumentasjonsplikta for tilsette i skuleverket vart frå 2017 sterkare. Skulen og SFO treng felles forståing og felles rutinar for handtering av gjeldande lov-verk.

Korleis; Bruke av ein del av ein planleggingsdag på starten av skuleåret for avklaring av omgrep, forpliktande plan for handtering av §9a

Kven; Alle i personalet skal vere med på dette

Vik og Sørestranda er saman med barnehagane Vik barnehage og Blakstad naturbarnehage med i Udir-satsinga Læringsmiljøprosjektet. Prosjektperioden er på to år 2018-2020. I denne perioden får skulane og barnehagane rettleiing av dyktige fagpersonar knytt til Læringsmiljøsenderet. Tema i satsinga er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, i tillegg til regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. I november vart det arrangert felles foreldremøte for alle skulane der rettleiarar frå læringsmiljøsenderet og mobbeombodet i Møre og Romsdal hadde det faglege innhaldet. I perioden skal det vere fire samlingar på Gardermoen, dekt av Udir. Rettleiarane kjem til kommunen for rettleiing to gongar pr. semester.

Kompetansen skal også kome dei andre skulane til gode.

- Tiltak- og utviklingsområde 2:

Delmål; Språk- og leseopplæring, leseferdigheiter og lesestrategiar er eit ansvar for alle lærarar, alle elevar skal verte kompetente lesarar

Noverande situasjon; Sykkylven kommune har vore med i VFL/Nasjonale satsing . Denne metodikken i undervisninga held fram sjølv om den nasjonale satsinga i pulje 5 er ferdig. Skuleåret 2016/2017 vart Sykkylven «språk-kommune», også dette arbeidet held fram på Aure skule.

Tiltak; Gjere elevane kompetente i lesing i alle fag

Korleis; Bruk av team- og fellestid til intern kompetanseheving. Tiltak- og utviklingspunkta må sjåast i samanheng med arbeidet «Vurdering for læring»

Kven; Alle i personalgruppa skal vere med i dette arbeidet.

- Tiltak- og utviklingsområde 3:

Delmål; Innføring av nye datasystem for tilsette, elevar og føresette

Noverande situasjon; Nokre av skulane har nytta heimeside sidan august 2014. Heimesida er varierende i bruk. Dei fleste klassene brukar andre kommunikasjonsformer.

Tiltak; Tilsette skal bruke «Transponder» til kommunikasjon med føresette, fråvær skal førast i «Visma flyt skule». I tillegg skal server kuttast ut , og elevane skal arbeide og lagre i Google sine verktøy.

Korleis; For å nå målet må dei tilsette få rett og tilstrekkeleg opplæring gjennom året. Ein del av ein av studiedagane etter sommarferien vert sett av til opplæring/repetsisjon i dei nye programma. Skulen har hatt gjennomgang av eksterne folk til Risk manager og reiserekningar i løpet av året.

Kven; Alle i personalgruppa skal vere med i dette arbeidet

#### Haldningsskapande arbeid på ungdomsskulen:

MOT: Kommunen er med på programmet kommunen som samfunnsbygger. Skulen er med på programmet Skulen som samfunnsbygger. Skulen som samfunnsbygger skal styrke 4 område:

- Rektor som samfunnsbygger
- Læraren som samfunnsbygger
- Ungdom som samfunnsbygger
- Spreie MOT- filosofien i lokalsamfunnet

Målet er felles forstått ansvarlegheit:

- Forsterke unge rollemodellar og vaksne si felles forståing av viktigheita av å skape ein kultur der alle er inkludert.
- Styrke rektor, skulepersonalet, unge rollemodellar og lokalsamfunnet sine foreldre, trenarar og leiarar som samfunnsbyggarar
- Styrke ein skule og eit lokalsamfunn der alle skal bli sett på ein positiv måte
- Forsterke ei felles verdiplattform i skulen

Rektor deltok på oppstart samling på MOT- camp i Trondheim 4 dagar i oktober 2018.

I planen ligg og foredrag for personalet på skulen, og for lokalsamfunnet. (MOT som universalverktøy 24/7). Ungdomsskulen har 8 unge MOTivatorar på 9.trinn, som bl.a. jobbar inn mot nye 7. klasser, og var med på besøksdagen deira på ungdomsskulen i juni 2018.

To tilsette er med i MOT som MOT informatørar, og har tilsaman 12 økter med MOT i klassene fordelt over 3 år. Skulen har aktivt haldningsskapande arbeid mot mobbing og for å utvikle robust ungdom med MOT til å bry seg, MOT til å leve og MOT til å seie nei.

#### Vidareutdanning for lærarar gjennom Kompetanse for Kvalitet

I skuleåret 2018/2019 er det 7 lærarar som har teke vidareutdanning innanfor satsinga Kompetanse for Kvalitet (KfK), med vikarordning. Det vil seie at dei får 37,5 % av stillinga si til å ta nødvendig vidareutdanning for å kunne oppfylle kompetansekrava for å undervise i faga norsk, engelsk og matematikk.

3 av lærarane har gått på det regionale tilbodet som er arrangert i samarbeid mellom NTNU og Sunnmøre Regionråd i matematikk 1, 1.-7. trinn. 3 lærarar har teke Norsk 2, 5.-10. trinn via same regionale avtalen på Vestnes, og ein lærar har teke Naturfag 1, 5.-10. trinn ved Høgskulen i Volda.

Ingen søkte om rektorutdanning eller om stipend til PPU/PPU-Y – utdanning.

Tala frå Udir (Skoleporten) viser at 92,7 % av undervisninga vert gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning.

Kommunebarometeret: Andelen lærarar som oppfyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk har auka nasjonalt dei siste åra. 78 % av norsklærarane, 69 % av matematikklærarane og 57 % av engelsklærarane oppfylte kompetansekrava i 2018. I Sykkylven oppfyller dei aller fleste lærarane i barneskulen som underviser i faga, dei nye kompetansekrava på min. 30 studiepoeng. På ungdomsskulen oppfyller 68 % av lærarane dei nye kompetansekrava til fordjuping i faga (min. 60 studiepoeng).

#### Folkehelse

- Aktiv bruk av «Handlingsplan mot mobbing»
- Alle skulane gjennomfører ikkje-anonym mobbeundersøking minst to gonger pr. år (Spekter).
- Fadderordningar
- Helsesjulepleiar har fast trefftid på alle skulane.
- Arr. for pensjonistar
- Skulane har «Leikepatrulje» i 3- 4 friminutt pr veke.
- Aktivitetsdag i snø på Fjellsætra eller meir lokalt for alle, elles aktivitetar og natursti ute til alle årstider både på skulane sine områder, til fjells og i fjøra.
- Friidrettsdag, turneringar, deltaking i Tine- stafetten, BlimE-dans for heile skulen
- Timeplanfesta Lions quest «Det er mitt val»
- 4.klasse sykkeltdag, med sykkelprøve og besøk av politiet m.a. til teknisk sjekk av syklane.
- Deltaking i Skule-cupen i Møre og Romsdal
- Uteskule, bruk av nærmiljø, ryddedag
- Alle klassene deltek på ryddedag. Klassene får tildelt roder.
- Fruktordning på nokre skular, alle har mjølkeordning.
- Deltaking i «Hopp for livet» Konkurransen der samla tid brukt på hoppetau vert sendt inn til landsdekkande konkurranse. Ivrige hopparar i friminutta
- Samarbeid med idrettslag og andre organisasjonar(helselag, symjeklubben, trimgrupper, KRIK osv) i kommunen, der aktivitetar for barn og flykningar har prioritet for lån av lokale på skulen.

- Aure skule marker reflekskveld med eigen kveld kvar haust. Vakhold på fotgangarovergang før og etter skulen kvar dag. Fakketog til BUAS og syng for pasientane før jul. Aure skule har eiga julegrantenning.
- Sørestranda: 1.-4.klasse har ein time kvar dag etter matfri til fysisk aktivitet, noko dei opplever som svært positivt, dei siste timane vert meir effektive
- Ullavik: Elevane i 6. og 7.klasse har årleg telttur på programmet. Syklar til teltplassen. Påskelunsj for heile skulen med fokus på samhald og hygge rundt måltidet.
- Vik: 4.-7 klasse syklar til symjetimane haust og vår. Alle elevane har symjing i løpet av året. To ettermiddagar med gratis sjømåltid for elevar og føresette. Innsamlingsløp til TV-aksjonen, adventsfest på kulturhuset, naturfagsprosjekt for 5.-7.trinn, opplæring om seksuelle overgrep for barn 1.-7.trinn
- Ungdomsskulen har gratis frukost for alle elevar og tilsette onsdagane. Eigen miljøterapeut. Valfag fysisk aktivitet og helse, og natur og friluftsliv er populære valfag. Valfaget natur og friluftsliv var bl.a. på hjortejakt, og fekk vere med å på heile prosessen frå levande dyr til steik.

## Samhandling på tvers av einingane

- Skulevegringsteam- i samarbeid har rektorane , BFT, PPT og helsestasjon utarbeidd handlingsplan som skal nyttast . Dette teamet vert kalla inn når skular er bekymra pga. stort fråvere hos einsskuledelevar. Teamet skal fungere som rettleiande organ inn mot tiltak i skule og heim. Kartlegging og utarbeiding av planar, avtalar og iverksetjande tiltak. Faste medlemar frå barnevern, helsestasjon og PPT.
- Fagteam ; BFT, PPT, helsestasjon og skule.
- Læringsmiljøprosjektet; samarbeid med skulefaglege og barnehagefaglege rådgjevarar, læringsmiljøsentret, PPT, Vik skule, Sørestranda skule, Blakstad barnehage, Vik barnehage.
- Overgang barnehage- skule; kommunal plan for informasjonsutveksling barnehage- skule.
- Overgang barneskule-ungdomsskule: kommunal plan for informasjonsutveksling
- Samarbeid med barneskulane og vidaregåande skule om overgangane.
- Samarbeid med PPT om overgangen barneskule-ungdomsskule og ungdomsskule-vidaregåande skule.
- Samarbeid mellom SUSK og vidaregåande skule om yrkesorienteringsdag.
- Kursdagar/fagdagar i regi av Sunnmøre Regionråd
- Interkommunalt samarbeid om eksamen.
- Interkommunalt samarbeid. Grunnskulen i Sykkylven er og med i eit interkommunalt samarbeid i Nordre Sunnmøre – gjennom Sunnmøre Regionråd (SR).
- Helsesjokepleiar og PPT-kontakt på skulen ein dag i veka Samarbeid med politiet, BUP, barnevern, MST
- Samarbeid med BHT.
- Leiinga på skulane deltek saman med fleire tilsette i kommunen på Mission Possible- samling med tverrfagleg opplegg over kommunegrensene. Mål: heilskapleg ivaretaking av barn.
- Undervisning og foreldremøte i 7.klasse av Rusførebyggande team
- Opplæringscenteret har tett samarbeid med Flyktingtenesta
- Opplæringscenteret har samarbeid med Ålesund vaksenopplæringscenter om grunnskuleopplæring
- Leiarforum - informasjons- og drøftingsmøter for einingsleiarane i møte med kommuneleiinga.
- Rektormøter og rektornettverket (inkl. rektorane ved friskulane og PPT).
- Tverrfagleg arbeidsgruppe / BTI (Betre Tverrfagleg Innsats): Samansett av rådgjevarar for barnehage og skule, koordinerande eining, einingsleiar barne- og familietenestene og einingsleiar bu- og rehab. Kommunen er inne i fleire tverrfaglege prosjekt som vi har fått midlar for, m.a. TIBIR, BTI, Solid Start, COS, Mission Possible, m.m. Gruppa skal halde ei hand over desse prosjekta for å sikre oversikt, framdrift, informasjonsflyt og implementering.
- Spes.ped.team for grunnskulen: Spesialpedagogar på skulane, PPT og rådgjevar skule møtast to gonger pr. semester og drøftar aktuelle tema (ikkje elevsaker).
- Ansvarsgruppemøte: Tverrfagleg samarbeid omkring barn med behov for oppfølging frå fleire instansar. Gruppene vert leia av ein koordinator, i nært samarbeid med føresette.
- Skulane tek i mot lærlingar i faget barne- og ungdomsarbeidar eller andre aktuelle personar som treng arbeidspraksis (gjennom NAV).

## Medverknad (deltaking og rådsorgan)

- Elevråd ,der elevar frå 5.-10.klasse er representert. Elevrådet har faste møter med rektor.
- FAU er aktiv i saker som gjeld elevane sin skulekvardag. FAU har arrangerer lysfest, halloween, karneval, 17.mai arrangement, dugnad og kinokveld.
- SU har møte med rektor. Faste møte med PTV, verneombod, mini-AMU

- Personal- /utviklingsmøter der alle tilsette er med. Tilsette kan melde inn eller ta opp saker.
- Team-møter på klasse- eller trinn-nivå iht. møteplan
- Møte verneombod, tillitsvald og administrasjon etter avtalt møteplan
- For ungdomsskolen og opplæringscenteret: Personalmøte, plangruppemøte og administrasjonsmøte. Møte leiing OS/USK. Teammøte, fagmøte, elevråd. Medarbeidersamtalar. Teamleiarssamtalar.
- Gjennomføring av undersøkingar: Elevundersøkinga

## Gjennomføring av kommunale vedtak

Kommunestyret:

- Tandstad skule vart nedlagt frå 1. august 2018. Nye kringsgrenser for Sørestranda skule.
- Framleis prosjektering av ny sentrumsskule med idrettshall og kulturskule. Realistisk kostnadsramme og finansieringsplan for heile prosjektet vart lagt fram.
- Kvalitets- og utviklingsmeldinga for 2017/2018 vart vedteken med nokre endringar i siste punkta.

1. Kvalitets- og utviklingsmeldinga for grunnskolen 2018 vert teken til orientering. Det vert gitt tilslutnad til konklusjon og tilrådde tiltak og prioriteringar:

- Fortsatt arbeid for eit trygt og godt skule- og læringsmiljø for alle, også gjennom læringsmiljøprosjektet med start i august 2018
  - Språk- og leseopplæring, leseferdigheter og lesestrategiar er eit ansvar for alle lærarar, alle elevane skal verte kompetente lesarar
  - Arbeide inn ny overordna del av læreplanen, førebu fagfornyninga blant lærarane – felles forståing av nye omgrep, som t.d. djupnelæring og kjerneelement i fag, og nye tverrfaglege tema
  - Elevmedverknad og –involvering, bruke dei fire prinsippa frå Vurdering for læring
  - Spesialpedagogisk kompetanse inn i klasseromma, inkluderande spesialundervisning
  - Vidare satsing på digital kompetanse og bruk av digitale verkty
  - Effektiv symjeundervisning i 1.-4. trinn, gjennomføre obligatorisk ferdigheitsprøve i løpet av 1.-4. trinn for å sikre progresjon og tilpassa opplæring
2. Tiltaka og prioriteringane omtala i kvalitetsmeldinga blir vurdert i samband med budsjettprosessen 2019 ved eventuelt behov for styrking.
3. Skulane skal innarbeide desse områda i sine utviklingsplanar.
4. *Ein skal auke samarbeidet mellom Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule for kompetanseutvikling til elevar og tilsette, samt for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Dette skal vere eitt av satsingsområda i dei komande skuleåra.*
5. *Faget «utdanningsval» bør kome fram i neste års kvalitets- og utviklingsmelding.*

Levekårsutvalet:

- Fordeling av tryggingssmidlar til Sørestranda skule (rekkverk inne i aula) og Aure skule (rekkverk i innvendig trapp).
- Kommunale uttaler til søknad om oppretting av Tandstad Montessoriskule og utviding frå 60 til 90 plassar ved Velledalen Montessoriskule.
- Kommunal uttale vedkomande mellombels utviding av elevplassar ved Velledalen Montessoriskule (2 plassar).

## Internkontroll (førebygging, tiltak, avvikshandtering)

Skulane har rutinar på å melde avvik inn i Risk og for årleg opplæring/gjennomgang av Risk. Rektorane har møte med verneombod, plasstillitsvald og administrasjon kor det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet er tema. Eventuelle endringar vert skriftleggjort og sett i verk. Bedriftshelsetenesta har vore inne på Aure skule med målingar av m.a. luftkvalitet, særleg på SFO/kjøkkenområdet.

På ungdomsskolen: Vernerunden gjennomført. ROS- analyse i samarbeid med BHT. Avvikshandtering. Kursdag om førebygging av Vald og truslar august 2018 for personalet på Opplæringscenteret og ungdomsskolen. I samarbeid med BHT og arbeidslivssenteret v Eilin Sandvik. Dette var eit av tiltaka etter medarbeidarundersøkinga (10 faktor i 2017).

### Skulenivå:

- Pedagogisk plattform
- Medarbeidarsamtale einingsleiar / rektor - lærar
- Elevsamtalar kontaktlærar - elev
- Foreldresamtalar/utviklingssamtalar kontaktlærar - elevar og føresette
- Tverrfagleg samarbeid med andre kommunale tenesteytarar, t.d. ansvarsgrupper, fagteam
- Nasjonale prøver, eksamen, standpunktkarakterar og grunnskulepoeng
- Kartleggingsprøver, m.a. obligatoriske kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet og Kartleggeren
- Brukarundersøkingar, t.d. Utdanningsdirektoratet si Elevundersøking, Foreldreundersøking for skule, Lærlingundersøkinga, Lærarundersøkinga, Voksenopplæringsundersøkinga, SFO-undersøking frå Bedre kommune
- Ståstadsanalyse, RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar)
- Rutinar og handlingsplanar, dokumentasjon og arkivering
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Møter med FAU/SU
- Mini-AMU

### Leiarnivå:

- Pedagogisk plattform
- Resultatoppfølgingsmøte kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- Medarbeidarsamtaler kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigar)
- Kompetanse - og utviklingsplanar
- Leiarforum - kommuneleiing og einingsleiarar
- Rektormøte - rektorar på kommunale skular, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, oppfølging i høve årshjul for § 13-10 i opplæringslova
- Rektornettverk - rektorar på både kommunale skular og friskular, PPT, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule
- Fellesmøter mellom styrarar og rektorar, rådgjevar barnehage og rådgjevar skule, kommunalsjef
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Kalkulator for lærarnorm
- GSI-rapportering pr. 1.10. kvart år

### Politisk nivå:


- Skuleeigars strategiplan
- Saksframlegg, både referatsaker og politiske saker for vedtak i levekårsutvalet, formannskap og kommunestyre
- Kvalitets- og utviklingsmelding (årleg tilstandsrapport ifølgje § 13-10 i opplæringslova)
- Årsrapportering, både skulevis og overordna kommunal årsrapport

### Små og store hendingar

- Tandstad skule var vedtatt nedlagt i mai 2018, etter ein lang og omfattande høyringsprosess. Krinsane for Tandstad og Sørestranda skular vart slått saman frå 1.august 2019 og elevane i gamle Tandstad krins høyrer no inn under Sørestranda krins. Alle fast tilsette var overflytta til andre kommunale einingar og ingen vart oppsagde.
- Aure skule: Avsug fiksa på SFO rom og vi har fått nye rekkverk på trappene, desse er betydeleg høgare og betrar sikkerheita.
- Sørestranda skule: Rekkverk oppe i amfiet /aulaen er sett opp, og betrar sikkerheita her.
- Ullavik skule: Bilete frå elevrådet si fotballturnering, FN-dagen, BlimE-dansen og korps i skulen:



- Vik skule: 50-årsmarkering av Vik skule den 25.11.18. Det var programinnslag, aktivitetar, kunstutstilling, refleksløype, gratis bacalao og sal av kaffi og kaker. Alle generasjonar var representert på markeringa. Heile skulen var i bruk denne flotte kvelden.



- Ungdomsskulen: juleball 2018

Elevane og kantina er pynta til fest. God middag, program ved elevane, polonese og dans. Sosialt og kjekt. Tusen takk til alle elevane, lærarane på 10. teamet og foreldra som var med på å gjere dette til eit svært vellukka juleball!



# Helse, omsorg og velferd

## Arbeidsfelt og ansvarsområde

Området Helse, omsorg og velferd omfattar følgjande einingar i Sykkylven kommune: Sykkylven bu- og aktivitetssenter (BUAS), legeteneste, Heimeteneste distrikt, Barne- og familietenestene, Bu- og rehabiliteringstenestene, NAV kommune og Samhandlingsreforma.

Einingane representerer brukargrupper som er svært ulike i alder, behov, funksjonsnivå og diagnose. Kommunen si organisering av tenestene innan helse, omsorg og velferd skal sikre at alle innbyggjarar i Sykkylven kommune med hjelpebehov for å meistre eigen kvardag, skal få nødvendig og forsvarleg helsehjelp.

Helse- og omsorgstenestene i kommunen er lovpålagde oppgåver, og omfattar eit vidt spekter av kommunale tenester.

kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne. Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»

Kommunen har ansvar for helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, medisinsk nødmeldeteneste, fastlegeordning, fysio- og ergoterapiteneste, helsetenester i heimen, personleg assistent, praktisk bistand, støttekontakt, rus- og psykisk helseteam, sjukeheim, bufelleskap, avlastningstiltak, dagsenter. Desse tenestene er forankra i helse- og omsorgstenestelova.

Kommunen har og eit særleg ansvar for personar som fell utanfor eller ikkje får tilstrekkeleg hjelp frå andre velferdsordningar. Sosialtenestelova inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar, og handlar om dei kommunale tenestene og oppgåvene som NAV-kontoret skal utføre og medverke i. Tenestene frå NAV må sjåast i samanheng med kommunen sine andre velferdsområder.

Sykkylven kommune har i likskap med fleire andre kommunar, store demografiske utfordringar med eit aukande tal eldre, og mindre arbeidsfør kompetent arbeidskraft. I tillegg til denne utviklinga skal oppgåvene i større grad handterast i kommunane og framover må det framleis fullt haldast fokus på kostnadseffektive tenester samtidig som det vil bli stor konkurranse om arbeidskraft og kompetanse. Helse, omsorg og velferd må derfor omstille seg, arbeide smartare og meir effektivt på ulike plan for å sikre forsvarlege og lovpålagte tenester til innbyggjarane. Førebygging, velferdsteknologi og rehabilitering er sentrale område for å sikre tidleg innsats på alle plan. Kommunen har eit særleg fokus på gruppa eldre med ei klar målsetjing om å støtte opp under at ein får bu heime så lenge som muleg.

## Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Reknesk. 2018	Korr.budsjett 2018	Avvik 2018
SYKKYLVEN BU- OG AKTIVITETSSENTER	62 555 312	63 567 059	1 011 74
HEIMETENESTE DISTRIKT	30 038 885	29 548 611	-490 274
BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE	34 158 202	34 311 679	153 477
BARNE- OG FAMILIETENESTENE	45 928 435	49 785 759	3 857 324
NAV	6 185 980	5 678 799	-507 181
SAMHANDLINGSREFORMA	1 162 719	1 913 209	750 490

Mindreforbruk skuldast i hovudsak mindre pensjonsutgifter, meirinntekter i høve til «ressurskrevjande tenester», refusjonar flyktning, nedgang i liggedøgn på sjukehus og mindre vikarinnleie.

Samandlingsreforma gjeld medfinansiering av pasientar på sjukehus, betaling for utskrivingsklare pasientar og finansiering av 0,5 stilling til koordinerande eining.

Oversikt over ressursbruk/prioritering sett i samheng med berekna utgiftsbehov. Sykkylven kommune 2018.  
Kilde: KOSTRA (konsern)/KMD, berekningar ved Telemarksforskning TF:

Beregnet utgifts-behov 2018		Netto driftsutgifter 2018			Mer-/mindreutgift ift.	
		Sykkylven kommune	Lands-gj.snippet	Sykkylven "normert nivå"	Lands-gj.snippet	"Normert utgiftsnivå" inntektsjust. nivå»
		kr pr innb	kr pr innb	kr pr innb	Mill. kr	Mill. kr
Pleie og omsorg	1,0732	18 282	18 470	19 822	-1,4	-11,8
Kommunehelse	1,0534	2 643	2 847	2 998	-1,6	-2,7
Barnevern	0,8601	1 238	2 296	1 975	-8,1	-5,6
Sosialtjeneste	0,7673	1 512	2 678	2 055	-8,9	-4,2

Berekningar frå Telemarksforskning viser at Sykkylven kommune, på dei sentrale tenesteområda i inntektssystemet, hadde mindreutgifter i forhold til landsgjennomsnittet i 2018. I forhold til kommunens «normerte utgiftsnivå» inntektsjustert nivå er det berekna mindreutgifter på 11,8 mill. kr på Pleie og omsorg, 2,7 mill. kr på Kommunehelse og 5,6 mill.kr på barnevern og 4,2 mill på sosialteneste.

I Kommunebarometeret har Kommunal Rapport samanlikna kommunar som har mest til felles, med basis i økonomi, geografi og demografi. Formålet er å gi beslutningstakarar ein lettforståeleg og tilgjengeleg oversikt over kommunens drift på sentrale område. Tala er i all hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database. Kostra viser kva teneste som vert prioritert, kva det kostar å produsere, kor mange som får tenestene målt mot behov. Frå Kommunebarometeret Sykkylven kommune 2018, pleie og omsorg, sjå under kapittelet Brukarar og tenester frå side 24 i rapporten.

## Samhandling, kompetanse og velferdsteknologi

Innanfor helse og omsorgstenestene er samhandling, kompetanse og ny teknologi svært viktige satsingsområde. Dette gir store muligheter når det gjeld å arbeide tverrfagleg, både internt i kommunen og mot 2.linjetenesta (sjukehus). Kommunen satsar på innføring av velferdsteknologi og endra arbeidsmåtar som følgje av nye verkty og mulegheiter.

Den teknologiske utviklinga med meir bruk av velferdsteknologi, krav om meir moderne journalsystem, aukande bruk av digitale løysingar, gir kommunen store mulegheiter når det gjeld å betre kvaliteten på helse- og omsorgstenestene. Ved auka bruk av ny teknologi vil ein kunne hjelpe fleire på ein meir kvalitetssikra og effektiv måte, og gi større trygghet til brukarane og pårørande. Moderne teknologi vil også vere ein føresetnad for effektiv samhandling både internt i kommunen, mot legekontor og mot sjukehus.

Kommunen har og testa ut 10-15 digitale trygghetsalarmar, og har i auka grad satsa på innkjøp og implementering av løysingar innan velferdsteknologi for heimebuande i 2018. Satsinga vil vidareførast i 2019 og omfattar teknologi som medisindispensorar, kameratilsyn, GPS/sporingsteknologi, digitale trygghetsalarmar.

Ei god oppgåve- og ansvarsfordeling og eit godt samarbeid mellom primær- og spesialisthelseteneste er avgjerande for eit heilskapleg og godt behandlingstilbod. Digitalisering i samhandlinga er vesentleg for at kommunen, legekantoret og helseforetaka saman skal greie å fremje helse og livskvalitet for innbyggjarane i Sykkylven kommune, og har mål om at brukarane skal oppleve ei samhengande helse og omsorgsteneste.

Sykkylven kommune har mykje god og samansett kompetanse som må brukast til det beste for brukarane og tenestene og brukarane. Kommunen kartlegg og ser på korleis kompetansedeling og mobilisering kan skje i praksis for å sikre best mulig kvalitet på tenestene. Auka tverrfagleg samarbeid og bruk av kompetanse på tvers av einingane, er ein føresetnad for tenestene framover for å møte dei utfordringane som ligg føre. Tenestene må saman legge til rette for, og støtte opp til at brukarar og pårørande i størst muleg grad meistarar eigne liv i eigne heimar så lenge som muleg – det er målet! Sykkylven kommune jobbar dagleg for denne målsettinga og dette er, og vil vere, eit kontinuerleg fokus.

## Heimetenestene Distrikt

Heimetenestene Distrikt ute på bygda er fordelt på 2 distrikt, og omfattar følgjande tenester:

Heimesjukepleie, praktisk bistand, omsorgsstønad til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver (til brukarar over 18 år), støttekontakt (til brukarar over 18 år) brukarstyrt personlig assistent (BPA), hjelpemiddelteknikar, formidling av hjelpemiddel, dagsenter for personar med demens, dagsenter for eldre, demensteam og kreftkoordinator, konsulent for velferdsteknologi, saksbehandling

Oversikt brukarar av heimetenestene 2018:

Teneste	2016	2017	2018
Heimesjukepleie	172 brukarar	160 brukarar	150 brukarar
Heimehjelp	55 brukarar	49 brukarar	47 brukarar
Brukarstyrt pers. assistent	5 brukarar	5 brukarar	5 brukarar
Omsorgsløn (personar over 18 år frå 2018)	20 brukarar	20 brukarar	4 brukarar
Dagsenter for personar med demens	8 brukarar - 2 dagar pr veke	8 brukarar - 2 dagar pr veke	8 brukarar - 2 dagar pr veke
Dagsenter for eldre	33 brukarar, ope 4 dagar per veke	29 brukarar, ope 4 dagar per veke	37 brukarar, ope 4 dagar per veke
Støttekontakt (personar over 18 år frå 2018)			17 brukarar

## Demenssteam

Demenssteamet har opparbeidd verdifull erfaring i utredningsarbeidet, og kan vere med på å diagnostisere og utarbeide tiltak rundt brukaren i dei fleste tilfelle i kommunen. Ein ser at avsette ressursar til demenssteamet er for knapt. Teamet utgjør ein 20 % stilling og ei 10 % stilling. Dette gir teamet for liten kapasitet etter behovet, og teamet er avhengig av å vere to personar i dei fleste utredningane.

Tal utreda brukarar

Periode	2017	2018
Brukarar	36 personar	26 personar

Har ikkje eit klart svar på kvifor ein har ein nedgang i tal utreda frå 2017 til 2018. I tillegg til utredning har teamet andre viktige oppgåver som pårørandesamtaler, oppfølging etter utredning, sette i verk og evaluere tiltak rundt brukaren, samt retesting av brukaren. Dei fleste som blir utreda får resultatet frå eigen fastlege i kommunen. Eit fåtal av dei som blir utreda i kommunen vert søkt vidare i spesialisthelsetenesta. Det er ressurskrevande å utrede ein person i forhold til kognitiv funksjon. Vi beregner ca 7 timer pr utredning. Dette arbeidet inneber heimebesøk med testing av kognitiv funksjon og kartlegging av hjelpebehov av pasient og samtale med pårørande. Deretter blir det utarbeida ein rapport av utredninga. Denne rapporten blir sendt til fastlege for vurdering/konklusjon.

I 2018 har ein også gjennomført pårørandeskule for pårørande til personar med demens i interkommunalt samarbeid med kommunane Stranda, Stordal og Norddal. I 2018 var det berre påmeldte frå Sykkylven. Så alle kursa vart halden her i kommunen. Det vart i år også eit vellykka prosjekt. Målet er å arrangere pårørandeskule årlig.

## Kreftkoordinator

Sykkylven kommune hatt tilsett kreftkoordinator i 50 % prosjektstilling frå oktober 2012. Dette har vore eit samarbeid mellom Kreftforeininga og Sykkylven kommune. Kreftforeininga har vore med og dekt mykje av lønsutgiftene, med ei gradvis nedtrapping til og med september 2018. Frå oktober 2018 er stillinga fast i Sykkylven kommune. Kreftkoordinator har arbeidd utifrå målsetting og bestilling frå Kreftforeininga og i samarbeid med einingsleiar.

Har arbeida utifrå målsetting og i samarbeid med einingsleiar:

- Kreftkoordinator er tilgjengeleg for personar som er ramma av kreftsjukdom og deira pårørande i ulike fasar av sjukdommen.

- Tilbod om samtalar, råd og rettleiing etter behov og ynskje.
- Kan vere bindeledd mellom kommune og sjukehus og vere med på å gi heiskapeleg omsorg og trygghet
- Tilbod om undervisning, rådgiving og veiledning til anna helsepersonell og bidra til gode rutiner i kreftomsorga.

Tilbod om kreftkoordinator er eit lavterskeltilbod, der ein ikkje treng søknad, kan kontaktast direkte på telefon eller e-post

Arbeid som kreftkoordinator er pasientnært:

- Utfører sjukebesøk, har støttesamtalar med pasientar og nære pårørande på kontor eller i heimen. Ein ser at pårørandesamtalane både før og etter dødsfall opplevast støttande og svært viktige.
- Er spesielt obs der barn som pårørande er involvert.
- Har ein støttefunksjon og samarbeider nært med Heimetenestene.
- Har jamne møter med kreftavdelinga, Lindrande team, Nettverk i kreftomsorg og regelmessige møter med kreftkoordinatorar i regionen. Som hjelp for å halde seg oppdatert på utvikling og behandlingstilbod.
- Samarbeider tverrfagleg der det er behov for det. Eks. helsestasjon, legeteneste.

Andre oppgåver som er arbeid med

- Innføring av palliativ plan. Dette er no komen i gang.
- Leie / vere mentor for undervisning til helsefagarbeidarar på Buas i » Omsorg og Lindrande behandling for døydande.»

Statistikk:

Periode	2016	2017	2018
Brukarar	44 personar	39 personar	34 personar

- Inneber varierende hyppigheit på besøk/avtalar.
- Alle desse pasientane har pårørande som kreftkoordinator har fylgt opp etter behov og ynskje.
- Hatt samtaler/støttesamtaler/etterlattesamtalar over tid, ved alvorleg sjukdom og død.

## BUAS - institusjon og bustader med heildøgns omsorg

BUAS har ansvar for fellesadministrasjon, produksjonskjøkken, institusjon, sone 1, 2 og 3, med heimesjukepleie og praktisk bistand og natteneste.

BUAS har 108 ordinære plassar, fordelt slik:

Sone	Leilegheiter	Institusjon
Sone 1	33 leilegheiter	
Sone 2	24 leilegheiter	4 institusjonsrom
Sone 3	20 leilegheiter	
Sone 4	1 leilegheit (ligg i KRH avdelinga)	
Korttids-/rehabiliteringsavdeling (KRH)		13 institusjonsrom (herav 1 ø-hjelp rom og 1 palliativ rom)
Skjerma avdeling		13 institusjonsrom

Eininga sakshandsamar og tildeler desse tenestene: Institusjonsplass (korttid, langtid, avlasting), leilegheiter, heimesjukepleie, praktisk bistand, kjøp av ulike tenester (fullkost, reinhald av privat tøy, leige av sengetøy.

Teneste – tal vedtak	2016	2017	2018
Korttidsopphald frå sjukehus	47	46	45
Korttidsopphald frå bygda	28	36	17
Langtidsopphald	4	3	3
Tildelt leilegheit	30	20	29

Det er 2 pasientar som har hatt fast rullerande avlasting, 2 pasientar sporadisk avlasting. Tal liggedøgn for avlasting har gått mykje ned:

År	2015	2016	2017	2018
Avlasting	674	706	740	407

Bruk av ø-hjelp senga/ KAD (oppstart 07.04.15)

År	2015	2016	2017	2018
Tal pasientar	3	12	16	13
Tal liggedøgn	9	28	41	37

Kommunen har 30 institusjonsplassar og 78 leilegheiter med heildøgns omsorg ved Buas. Utviklinga i høve behov går i retning av meir multisjuka pasientar med komplekse sjukdomsbilete som har behov for jamnleg legetilsyn og ein tettare tilgang på fagleg kompetanse for å stette behova. I 2018 nytta kommunen i snitt 1.2 plasser meir til institusjon i somatisk plass enn det som er definert (enten at det vart nytta korridor plass eller leilegheiter vart nytta til institusjonsplass). Årsaka til dette er mangel på institusjonsplassar, og gjer at kommunen framover vurderer situasjonen og forholdet mellom definerte institusjonsplassar og heildøgns omsorgsplassar.

## Bu- og Rehabiliteringstenestene

Bu- og Rehabiliteringstenestene omfattar ulike helse- og omsorgstenester med ansvar for:

- Tre bustadgrupper, for brukarar både i private og kommunale omsorgsbustadar
- Haugbukta aktivitetssenter
- Avlastningsbustad for heimebuande barn og unge
- Avlastningstilbod hos private for heimebuande born og unge med ulike funksjonshemmingar
- Sakshandsaming, tildeling og oppfølging av omsorgsstønad, støttekontaktar og avlastarar
- Rus- og Psykisk helseteam

Bu- og Rehabiliteringstenestene har slik fordeling av tildelte tenester:

Teneste	2017	2018
Personar med rus og/eller psykiske problem jmf tal frå Brukarplan	177 personar	190 personar
Tildelt støttekontakt	36 personar	27 personar
Tildelt avlastning	15 personar	15 personar
Tildelt heimesjukepleie, praktisk bistand og opplæring	69 personar	60 personar
Tildelt omsorgsstønad	-	13 personar

Tala vedr støttekontakt og avlastning er noko missvisande frå 2017 til 2018, då det i 2018 blei ei deling mellom Bu og Rehabiliteringstenestene og Heimetenestene.

I 2018 delte ein tenestene avlastning, støttekontakt og omsorgsstønad mellombarn og unge, som er Bu og Rehabiliteringstenestene sitt ansvar og vaksne/eldre som er Heimetenestene sitt ansvar. Dette for å sikre meir heilheitleg tildeling av tenester.

## Butenestene

Ein opplever i større grad at det no er behov for kvalifiserte personell for å imøtekome brukarane sine behov for helsehjelp, enn for nokre år sidan. Det er ulike årsaker til dette men også ein konsekvens av forskyving frå andre- til førstelinja i hjelpeapparatet.

Ein ser at brukarane har meir samansette og omfattande problem. Bustad gruppene har i fleire saker samarbeide med Spesialisert Habilitering v/Ålesund sjukehus, fastlegar, vaksenopplæringa og Byrg kompetanse.

Det er viktig at tenestene er heilheitlege og koordinerte, for å sikre ein mest mogleg forutsigbarheit for brukarane. Det er høgt fokus på å ivareta brukarane, slik at dei mestrar så mykje som dei kan utifrå sine føresetnadar. Oppleving av meistring gir auka grad av sjølvkjensle.

### Avlastning

Behovet for avlastning for barn er aukande. Det kjem til fleire barn med komplekse og samansette diagnosar. Dette fører til eit auka behov for avlastning. Ein ser det har vore ei auke på antall saker. Tal for desember 2018 syner at tenesta yter avlastning i 146,5 timar pr veke, og i 2017 var talet 112 timar pr veke.

Ved årsslutt i 2018 starta vi arbeidet med å etablere avlastning for barn i institusjon. Dette er eit tilbod for få av borna med dei mest komplekse og samansette diagnosar som har behov for tett oppfølging og miljøterapeutisk tilrettelegging. Dette fører til auka behov for fagkompetanse til å utføre arbeidet.

Vi har gjennom året jobba med rekruttering av private avlastningsfamiliar. Det viser seg at det er vanskelig med rekruttering spesielt til avlastningsoppdrag som går over døgn. Det viser seg generelt sett at det er vanskelig med rekruttering av avlastarar og fritidskontaktar/støttekontaktar.

### Støttekontaktar

Det er fokus på å etablere aktivitet i grupper. Til no har er det etablert ei jentegruppe og ei guttegruppe. Fokuset er å trene på sosialt samspel, delta på fellesaktivitetar i nærområdet, spele spel og planlegge og gjennomføre fellesmåltid. Base for aktiviteten er på Haugbukta aktivitetssenter. Ein jobbar vidare med å finne alternativ til individuell støttekontakt framover. Dette medfører meir tilbod om aktivitet på aktivitetssenteret og i grupper framover. Læringsutbytte til den enkelte er større i sosialt samspel i lag med fleire, og tenesta unngår sårbarheit ved skifte av individuell støttekontakt.

### Haugbukta aktivitetssenter

Det har kome til nye brukarar i løpet av 2018. Aktivitetssenteret har stort fokus på at ein i større grad skal tilby aktivitetar som er individuelt tilrettelagt for den enkelte.

Vi har produsert tennrullar, tre-hjerter, filtkuler, filthjerter, forskjellige strikkeprodukt, betongprodukt: lyslykter og englar. I 2018 etablerte vi Facebook side for marknadsføring av produkt vi lagar. Dette er også for å kunne reklamere for produkt vi har for sal.

Vi har gjennomført open dag der vi har lagt til rette for at alle kan komme innom for å kjøpe produkt. Dette er også for at vi skal marknadsføre oss i lokalsamfunnet. Vi ser at det er ein viktig motivasjonsfaktor for brukarane å sjå at produkta blir selde. Vi hadde stand på nattope i desember der vi hadde sal av produkta våre.


### Psykisk helse og rusfeltet

Rus- og Psykisk Helseteam tilbyr bistand til personar over 18 år.


Sykkylven kommune nyttar kartleggingsverktøyet Brukarplan. Dette er eit verktøy for å kartlegge omfanget av rus- og psykiske problem blant tenestemottakarane i kommunen. Det gir også kommunen eit relativt detaljert og oppdatert bilede av kor mange brukarar av kommunen sine helse-, omsorgs- eller velferdstenester som har eit kjent rusproblem og/eller kjent psykisk lidning, kva som er deira livssituasjon og funksjonsnivå, og kva slags tenester frå spesialisthelsetenesta og kommunale tenester desse personane mottek. Dette gir kommunen eit informasjonsgrunnlag for å planlegge og dimensjonere framtidige tenester. Samt korleis ein skal rigge dagens teneste.



Nokre funn i kartlegginga frå Brukarplan 2018 for Sykkylven kommune:

#### ROP brukarar (rus og psykisk lidning)



#### Brukarar med kun psykisk lidning





#### Kjønnsfordeling:

	Menn	Kvinner
Pasientar med berre psykisk lidning	37%	63%
Pasientar med både rus og psykisk lidning	80%	20%

#### Aldersfordeling:

For ROP pasientane har det vore ein auke på 12% for aldersgruppa 40-49 år, samtidig som det er ein reduksjon på -6,5% for aldergruppa 30-39 år og -6,3% i aldersgruppa 50-59 år.

For dei med psykisk lidning har tala for dei i aldersgruppene 16 til og med 39 år auka 12,7%, med tilsvarende reduksjon i aldersgruppenen 60 til og med 70 og eldre redusert med 8,6%. Som tidlegare år ser ein at det er ei auke av yngre pasientar som nyttar psykologtilbodet i kommunen.

#### Levekårsområder:

ROP pasientane: Søylen viser ein reduksjon av dei som har vore på rødt lys på områda fysisk helse(-6%) og meningsfull aktivitet(-5%). Vidare er det ein auke på dei som kjem ut på rødt i forhold til psykisk helse (11%). Målsetteinga til tenesta for 2018 var å redusere dei raude søylene over til gul. Ein vil nok aldri oppleve at alt blir grønt for denne brukargruppa, då det vil bety at ein gir tenester til for friske personar. I det alle felta blir grøne fell dei stort sett ut av tenesta, då behovet for bistad og hjelp er vekke.

I forhold til dei med psykiske lidningar ser ein også her at fleire har får ein betre fungering på fleire av levekårsområda. I forhold til dei som var på rødt ser ein følgjande reduksjon: meningsfull aktivitet(-7%) fysisk helse(-5%), psykisk helse (-9%), sosial fungering (-11%) og nettverk (-6%).

Ein tenkjar at den oppsøkande ambulante verksemda og miljøterapeutiske tilnærminga på brukarane sine eigne arenaer, er langt meir hensiktsmessig for å lukkast i arbeidet med å betre livskvaliteten for brukarane. Brukarane sjølve uttrykkjer også at dette er meir hensiktsmessig hjelp og bistand. Det er viktig at personane opplever at dei meistrar eige liv, og at dette har stort fokus. Utviklinga går også tydeleg i ei retning der ein ser nedgang i innleggingar og re-innleggingar i institusjon, grunna tettare og meir heilskapleg oppfølging i kommunen.

I hovudsak utførast samtaler med ei kognitiv tilnærming, til dømes motivasjonssamtaler, bevisstgjeringsamtaler, støttesamtaler, i tillegg til angst- og depresjonsmestring. Kvar veke er det ettervernsgruppe. I tillegg tilviser ein både til spesialisthelsetenesta og LAR behandling (legemiddelassistert rehabilitering). Sidan både rus og psykiske vanskar får konsekvensar for pårørande, vert det og satsa på råd og rettleiing til familie og pårørande.

Rus og psykisk helseteam hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet for å sjå om verksemda følgde arbeidsmiljøloven sitt krav for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade. Kommunen fekk eit pålegg om å gjennomføre ei ny risikovurdering og kartlegging av arbeidssituasjonar som kunne medføre at arbeidstakar vert utsatt for vold og trussel om vold. Dette blei i etterkant gjort saman med Sykkylven bedriftshelsetenesta og pålegget blei lukka.

## Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene i kommunen omfattar følgjande tenester: Helsestasjon og skulehelseteneste, jordmor, PP-teneste, kommunepsykolog 0-18 år, ergoterapeut, kommunefysioterapeut, barnevernteneste, flyktingteneste, PMTO-team (foreldrerettleiing), frivilligsentralen og Fønix aktivitetshus og spesialpedagogar i barnehage (adm.)

### Jordmor, helsestasjon og skulehelseteneste

Jordmor gir tilbod om svangerskapskonsultasjonar til alle gravide. Alle nyfødde får og tilbod om heimebesøk 1-3 dagar etter heimreise. Heimebesøk er også prioritert frå helsesjukepleiar, og alle nyfødde får tilbod 7-10 dagar etter heimreise.

Helsestasjonen følgjer anbefalt helsestasjonsprogram i nasjonalfaglege retningslinjer. Det har vore ei omstilling når det gjeld skulestartundersøkinga, der denne no er flytta til 1.klasse. Nytt er også at ein skal ta hørselundersøking på 4-årskonsultasjonen. Frå hausten 2018 har alle gutar ved 7.klassetrinn fått tilbod om vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine) gjennom barnevaksinasjonsprogrammet på lik linje med jenter. Helsestasjonen har og hatt ansvaret for eit innhentingsprogram, der unge kvinner fødd i 1991 eller seinare har fått tilbod om gratis HPV-vaksine. Det har vore god oppslutning om dette tilbodet.

Helsestasjonen fekk i 2018 prosjektmidlar til ei 100% stilling til å kunne jobbe «målretta opp mot flyktingar og deira familiar». Helsesjukepleiar har hatt tilbod om støttesamtaler, veiledning, trefftid på voksenopplæringa, samt ekstra oppfølging og ekstra heimebesøk både før og etter fødsel. Helsesjukepleiar har og hatt undervisning i ulike tema, samt tilbod om mamma- og pappagrupper gjennom ICDP og 8 tema for godt samspill. Helsestasjonen håper at denne stillinga etter kvart kan gå inn i vanleg drift.

Helsestasjonen har halde fram arbeidet mot å bli ammekyndig helsestasjon, der både helsestasjon og jordmor er involvert. Ein har også halde fram med fokus på temaet vold i nære relasjonar, seksualitet og seksuelle overgrep, samt psykisk helse, og har prioritert kurs og fagdagar der dette har vore tema.

Som ledd i målsettinga om tidleg innsats har helsestasjonen i samarbeid med barneverntenesta arrangert foreldrerettleiingskurset Circle of Security (COS) to gonger årleg, ein gong på våren og ein gong på hausten. Kurset er gruppebasert, og har fokus på å byggje gode relasjonar mellom foreldre og barn. Dette har blitt svært godt motteke, og ein har no ventelister på kurset. Som eit ledd i å styrke relasjonen mellom barn og deira foreldre, har helsestasjonen starta kursing av to helsesjukepleiarar i New Born Observation, NBO. Dette er ein ressursorientert og tilknytningsbasert observasjonsmetode som kan nyttast av helsepersonell for å rettleie/samtale med nye foreldre dei tre fyrste månadane av barnet sitt liv. Helsestasjonen har og vore ein del av rusførebyggjande prosjekt, noko som no blir gjennomført til alle 7.klassinger i Sykkylven kommune.

Helsesjukepleiar er meir tilgjengeleg i skuletida, noko som er ein del av satsinga i høve tidleg innsats og tildelte statstilskot. Ved ungdomsskulen har helsesjukepleiar trefftid tre dagar i veka, og ved vidaregåande skule trefftid to dagar i veka. Stress og psykososiale vanskar er svært aktuelle problemstillingar blant barn og unge, og skulehelsetenesta opplever at behovet for trefftid og individuell oppfølging er stort. Tilbodet skal være eit «drop-in lavterskeltilbod» på skulen, der elevane kan få tidlig helsehjelp på lågast mogleg nivå. I dag opplever helsesjukepleiar ofte at faste oppfølgingsamtaler tek mykje av tida og går på bekostning av målsettinga om «open dør».

Ei målsetting ut mot skulane er å auke kunnskap om kva psykisk helse er og korleis ein kan bidra til å styrke eigen psykiske helse. Tiltak er m.a. «Prosjekt psykisk helse» for alle 8. klassingar ved ungdomsskulen og DU-kurs (depresjonsmeistring for ungdom) ved vidaregåande skule. Helsestasjonen har og vore del av ei tverrfagleg gruppe som har heldt ein kurskveld for foreldre på ungdomsskulen om psykisk helse. Ved helsestasjon for ungdom kan ungdom i aldersgruppa 13-18 år treffe helsesjukepleiar eller lege etter drop-in prinsippet. Dette har blitt ei svært populær og viktig teneste.

Trefftid er også auka ved barneskulane. Helsesøster er meir tilgjengeleg i skuletida, noko som er ein del av satsinga i høve tidleg innsats. Helsestasjonen manglar likevel omlag 130-140% stilling fordelt utover dei ulike barneskulane sett opp mot anbefalte normtal.

### PP-tenesta

PPT har i 2018 arbeidd med å vidareutvikle gode rutinar i spes. ped. arbeidet. Nye meldeskjema og nytt skjema for pedagogisk rapport er tatt i bruk. Dette har vore med på å bidra til eit betre utgangspunkt i arbeidet med sakkunnige vurderingar og at ein del av arbeidet som tidlegare låg til PPT no kan utførast på skulane før ei ny melding blir sendt. Vi har også fortsatt arbeidet med å utvikle dei interne rutinane ved kontoret, der vi no arbeider meir i team og har felles drøftingar i ulike elevsaker før ein utarbeider sakkunnig vurdering. Spesielt i

høve til saker i overgang mellom barnehage/skule og mellom barneskule/ ungdomsskule har vi brukt tid til drøfting. Intensjonen er at dette skal føre til enda betre vurderingar og lik behandling.

PPT har registrert ein nedgang i talet på nye meldingar i 2018. Det er registrert 67 nye meldingar mot 82 året før. Samtidig har vi fått redusert ventelistene slik at fleire har stått kortare tid på vent. Målet er at tilmeldte saker skal startast opp innan 3 månadar. Fortsatt går mange av dei nye meldingane på utfordringar innan lesing/skriving og ønskjer ei vidare utgreiing av dysleksi. Dei elevane som får ei dysleksidiagnose får som oftast ikkje spesialundervisning med enkeltvedtak, men skulane har etter kvart blitt gode på å tilpasse undervisninga og lærer elevane å ta i bruk ulike kompensatoriske hjelpemiddel. Ein ser også ei sterk auke med elevar som har utfordringar i forhold til åtferdsvanskar og innanfor autismespekteret. Dette er elevar som har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova §5-1.

Kommunen har eit godt samarbeid med Sykkylven vidaregåande skule. I fjor signerte vi ein ny 3 års avtale med fylkeskommunen på 0,5 stilling pr. år. Dette gjer at barn med særskilde behov kan følgjast gjennom heile løpet – frå barnehage til dei er ferdig på vidaregåande skule.

PPT har også i 2018 vore representert i skulevegringsteamet. Det er godt samarbeid med StatPed, og det er lagt vekt på gode overgangar. Eit godt samarbeid mellom ulike instansar i slike saker er avgjerande for at overgangar for barn/elevar med utfordringar innanfor åtferdsvanskar eller utfordringar innanfor autismespekteret skal ha dei beste føresetnadane for å lykkast.

### **Kommunepsykolog for barn og unge**

Kommunepsykologen har aldersgruppa 0-18 år som ansvarsområde, og tilbodet er ei lågterskelteneste. I 2018fekk 75 barn og unge oppfølging av psykolog. Både jenter og gutar er representert, og dei fleste er innan aldersgruppa frå barneskule og opp til 18 år. Størst representert gruppe er jenter i ungdomsskule og vidaregåande skule.

Symptom på depresjon og angst er hyppigast problematikk, men også ein del sjølvskading og suicidtankar. I høve angstproblematikk, er det i dei eldre gruppene større førekomst av symptom på sosial angst, medan dei yngre ser ein meir symptom på generalisert angst, fobisk angst eller vanskar separasjon foreldre. Generelt ein del jenter i ungdomsskulealder med stress og angstsymptom knytt opp mot prestering på skule, men ser også noko av denne problematikken ned i barneskulealder. Dette i slik grad at det påverka fungering i dagleglivet. Av anna problematikk er venerelasjonar, foreldrerelasjonar, søvn, regulering, identitet, mobbing, einsemd og skulevegring hyppige tema. Tvangstankar og tvangslidingar, og tap og traumereaksjonar har også vore aktuelle problemstillingar. Tilpassing, samarbeid og problematikk knytt opp til barn og ungdom med allereie eksisterande diagnosar blir også arbeidd med.

Søvn, emosjonsregulering og normalisering av kjensler generelt, er tema ved både foreldrerettleiing og samarbeid/retteiing til skular og nokre barnehagar. Psykologen har retteiing til tilsette ved helsestasjon både på generell/temabasis og i einskildsaker, har tett samarbeid med barneverntenesta i einskildsaker og er også tilgjengeleg for andre ved barne- og familietenestene ved behov. Psykologen gjennomfører ein del kartlegging for vidaretilvising, kartlegging for og i samarbeid med ppt, og deltar i skulevegringsteam og beredskapsteam mot mobbing.

### **Ergoterapi- og fysioterapiteneste**

Ergoterapistillinga har vore fordelt på 50% tverrfagleg team, 20% Solid Start, 30% hjelpemiddel barn og unge. Fysioterapistillinga er fordelt på 50% tverrfagleg team, 30% Solid Start, 10% BUAS og 10% helsestasjon. Fysioterapeut og ergoterapeut har tett samarbeid og jobbar tverrfagleg med mange av dei andre tenestene i kommunen som heimetenestene, BUAS, barnehage, skule, helsestasjon, PPT og bu- og rehabiliteringstenesta. Hovudfokuset for fysioterapeut og ergoterapeut er å jobbe førebyggjande for å kunne møte utfordringar i framtida, og størstedelen av stillingane er knytt til Solid Start og tverrfagleg team. I 2018 hadde alle barnehagane i Sykkylven starta å implementere modellen Solid Start inn i sin kvardag. I løpet av hausten 2018 gjennomførte fysio- og ergoterapeut praktiske aktivitetstøker på alle storbarnsavdelingar i alle barnehagane, i tillegg til å bidra med retteiing på førespurnad.

Kommunal ergoterapeut fekk frå 01.09.18 auka opp ressursen til arbeid med barn og unge frå 10 til 30 %. Merkbart aukande etterspurnad for ergoterapi frå oppretting av stillinga og fram til no. Fleire henvisningar på barn og unge med samansette utfordringar. Desse barna vil ha eit varig behov for tilrettelegging på mange arenaer (heim, barnehage/skule, fritid), og utstyr og hjelpemiddel må justerast og byttast ut i takt med at barnet veks og behovet endrast. Difor er kvar enkelt sak ofte kompleks og tidkrevjande. Med såpass liten ressurs er det

stort sett hjelpemiddelformidling som vert prioritert, og ein kan til dømes ikkje tilby trening og fast oppfølging av enkeltbarn.

Ergoterapeut har i 2018 hatt oppfølging av 11 barn og hatt 33 ulike saker.

Kommunal fysioterapeut utfører helsefremjande og førebyggjande arbeid for barn, og har fast trefftid på helsestasjonen, der helsesjukepleiarane og lege kan sette opp barn til vurdering. I slutten av 2018 starta også fysioterapeut med å delta på «Vi-blir-kjent»-gruppe på helsestasjonen, og bidreg der med informasjon og anbefalingar i forhold til motorisk utvikling.

Kommunal fysioterapeut har ikkje fysikalsk behandling og habilitering av barn og unge i si stilling. Dette ansvaret er lagt til fysioterapeutar med driftstilskot frå kommunen.

Fysioterapeut har i 2018 hatt oppfølging av 19 barn og hatt 25 konsultasjonar ved helsestasjonen.

### Barneverntenesta

Barneverntenesta hadde eit aktivt år i 2018. Tenesta mottok 77 meldingar og gjennomførte 93 undersøkingar totalt. Talet på barn under omsorg har halde seg relativt stabilt dei siste åra, og vi prøver å størst mogleg grad å finne løysingar i born og unge si slekt og nettverk. Ikkje alle fosterborna fekk dei lovpålagte tilsyns- og oppfølgingsbesøka dei har krav på, noko vi vil ha fokus på å forbetre i 2019. Barneverntenesta makta ikkje å halde alle fristane for undersøkingar i 2018. Vi mottok ekstra mange nye meldingar og meldingar i eksisterande saker dei første månadane av 2018, noko som fekk følgjer for det vidare arbeidet resten av året.

Barneverntenesta får stadig nye lovpålagte oppgåver og den nye barnvernlova legg føringar for meir dokumentasjon i alle deler av arbeidet vårt. I 2018 har vi i tråd med statlege føringar hatt ekstra fokus på å sikre at barn og unge får medverke i alle deler av eigen sak. Dette skal nøye dokumenterast i malar og journalnotat. Barneverntenesta i Sykkylven er ei Mitt Liv- kommune, og har eit samarbeid med Forandningsfabrikken som bidreg til at vi får ei større forståing av barne- og ungdomsperspektivet i tenestetilbodet.

Det har i fleire saker vore kontakt mellom barnevern, politi og Statens barnehus i 2018. Dette gjeld saker der det har vore bekymring for vald/overgrep mot born. Barneverntenesta i Sykkylven har vore plukka ut til å vere med i eit pilotprosjekt hjå Statens barnehus, med mål om å forbetre samarbeidsrutinene mellom barnevern, politi og Statens barnehus.

Utviklingsstøttande og endringsfremjande hjelpetiltak er eit viktig satsingsområde for barneverntenesta. Vi opplev å ha ei brei kompetanse internt i barneverntenesta, men samstundes ser vi at komplekse saker og mange ulike utfordringar i jobben vi skal gjere krev stadig meir kompetanse innanfor nye områder. I 2018 har vi hatt kompetanseheving gjennom deltaking på ulike kursdagar. Ein kontaktperson er i gong med vidareutdanning innan jus i barnevern. Ein tiltakskonsulent er i gong med sertifisering som PMTO-rådgjevar.

Deltaking i førebyggjande arbeid har og vore eit satsingsområde i 2018. M.a. har barneverntenesta deltatt i BAPP-gruppe, ICDP-gruppe for minoritetsfamiliar, Cos-p rettleiing, deltaking i skulevegringsteam, i tverrfagleg rusførebyggjande team og i MOT.

Interkommunal barnevernvakt vart starta opp i slutten av april saman med kommunane Stranda, Sula og Giske. Talet på vaktveker pr. kommune er rekna ut frå folketal. Ein ser ei stadig aukande bruk av barnevernvakta. Det meste vert løyst pr. telefon, kun eit fåtal gongar har det vore behov for uttrykking. Innringarar kan vere privatpersonar, politi, foreldre, lærarar. Det å ha barnevernvakt i tillegg til ordinært arbeid blir opplevd som belastande for dei tilsette, og samarbeid med Ålesund kommune om interkommunal barnevernvakt blir vurdert.

### Nøkkeltal

	Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år	Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet
Sykkylven	5,6 %	58 525
Volda	4,1 %	139 179
Ørsta	4,8 %	70 632
Averøy	4,1 %	160 795
Vestnes	4,6 %	129 670
Fræna	3,4 %	129 596
Kostragruppe 07	3,9 %	116 222
Landet uten Oslo	3,9 %	133 445

<b>PPT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Nye meldingar til PPT i løpet av året	42	40	82	67
Aktive saker ved utgangen av året	134	175	212	220
Venteliste ved utgangen av året	2	13	18	5
<b>Barneverntenesta</b>				
Nye meldingar	88	77	77	76
Barn med hjelpetiltak	69	81	76	59
Barn under omsorg	7	7	7	7
<b>Helsestasjon</b>				
Antal nygravide møtt til svangerskapskontroll	70	68	50	53
Heimebesøk til nyfødde innan 2 veker e heimkomst	69	79	50	55
Helseundersøking 6 veker	83	77	50	58
Fullførte 2-3 årskontrollar	70	83	90	82
Skulestartundersøking 1. klassingar	104	101	16	91
<b>Psykolog</b>				
Antal pasientar med oppfølging	63	70	67	75
<b>Flyktingtenesta</b>				
Mottak nye flykningar	26	20	15	10
Flykningar i introduksjonsprogram	31	35	38	23
Flykningar totalt i utg. av året	70	75	78	78
<b>PMTO (foreldrerettledning)</b>				
Antal familiar med tilbod/oppfølging			27	13*
Antal timar totalt			144	137

\* Hausthalvåret vart nytta til opplæring av pmto-rådgjevarar.

### Legetenesta

Fastlegane i kommunen har kontorstad ved Sykkylven Legetjenester AS. Dette er eit privateigd og drive legesenter som er lokalisert sentralt, og ligg like ved Sykkylven Bu- og aktivitetssenter, Buas. Fastlegane har individuelle avtalar med kommunen og legane har også offentlege legeoppgåver i sine avtalar. Sykkylven kommune har avtalar med Sykkylven Legetjeneste AS om legevaktteneste utanom kontortid (kveld, natt, helg og høgtid), daglegevakt og turnuslegeavtale (husleige og servicefunksjonar).

Kommunen har 6 fastlegeheimlar og kommuneoverlege i 50 % stilling.

I 2018 har kommunen arbeidd for oppretting av eit kommunalt legesenter i tillegg til det privat eigde, samt å få til ein auke frå 6 til 7 legeheimlar i tråd med vedteken legeplan frå 2015. Kommunestyret i Sykkylven har gjort vedtak om å forhandle med det private legesenteret i høve kjøp av selskapet. Dette vert arbeidd vidare med i 2019.

Indikatorar – Barne og familie	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018
Indikator 1 - Helsestasjon: Del nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	100%	91%	86%
Indikator 2 – Helsestasjon: Del fullførte 2-årskontrollar med helsesøster og lege på helsestasjonen	102,5%	100%	96,5%
Indikator 3 - Helsestasjon: Del barn som har fullført helseundersøking ved 4-årsalder	97%	93%	96,6%
Indikator 4 – Helsestasjon: Del fullførte helsekontrollar innan utgangen av 1. trinn i grunnskulen	108,6%	18,1%	102,2%
Indikator 3: Barnevern: Del undersøkingar med behandlingstid over 3. mnd	26%	9%	26%
Indikator 4 - Barnevern: Del barn med tiltaksplan	88%	90%	86%

## Medarbeidarperspektivet

Årsverk pr. oktober 2018: sjå full oversikt under kapittelet Medarbeidarar. Oversikt tilsette etter alder innan helse, omsorg og velferd:

Arbeidsstad	Under 50 år	50 - 59 år	Over 60 år	Sum
BUAS	82	33	27	142
Heimetenestene distrikt	19	13	10	42
Barne- og familietenestene	18	14	7	39
Bu- og rehabiliteringstenestene	38	25	13	76
NAV	2			2
<b>SUM</b>	<b>159</b>	<b>85</b>	<b>57</b>	<b>301</b>

## Sjukefråvær – samla for helse og omsorg

Korttidsfråveret er samla sett stabilt lågt. Langtidsfråveret har samla gått ned. Det har vore jobba systematisk med sjukeoppfølging, og ein ser resultat av arbeidet einingane har lagt ned. Langtidsfråveret i Bu- og ReHabiliteringstenestene var i 2017 6,5%, i 2018 var det redusert til 4,0%. BUAS har hatt ein auke på langtidsfråver frå 4,8% i 2017 til 8,5 % i 2018. Barne og familie har redusert langtidsfråveret frå 6,5% i 2017 til 5,4% 2018. Langtidsfråveret i Heimetenestene Distrikt har gått ned frå 9,8 % i 2017 mot 6,4 % i 2018.

## Nøkkeltal

I pleie og omsorg er det en rekke data som ikke er oppdatert for 2018. Rangeringen i denne sektoren er derfor langt mer usikker enn normalt. Ifølge Statistisk sentralbyrå blir resten av dataene publisert 15. juni 2019. Data er derfor mangelfullt, og 9 av 19 nøkkeltall mangler 2018- data i denne målingen.

Pleie- og omsorg	Sykkylven 2017	Sykkylven 2018	Landet u.Oslo 2018	Møre og Romsdal	Kostragr 7
<b>Økonomi</b>					
Brukerbetaling for kommunale tjenester (253) Helse- og omsorgstjenester i institusjon *)	4 269	4 529	5 555 882	348 400	376 358
Brukerbetaling for kommunale tjenester (254) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende *)	1 284	1 326	638 501	46 816	46 124
Korrigerte brutto driftsutg (234) aktiviserings- og servicetj. overfor eldre og personer med funk.nedsettelse	8 125	7 508	5 194 033	374 234	383 338
Korrigerte brutto driftsutgifter (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon	31 651	33 194	38 065 400	2 575 163	2 750 784
Korrigerte brutto driftsutgifter (254) helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	111 901	118 953	51 172 123	3 597 798	3 725 186
Korrigerte brutto driftsutgifter (256) akutthjelp helse- og omsorgstjenester	40	21	609 491	16 883	15 495
Korrigerte brutto driftsutgifter (261) institusjonslokaler	2 897	2 876	4 816 475	270 489	338 244
Korrigerte brutto driftsutgifter, Pleie og omsorg	20 092	21 230	21 175	25 036	17 887

Sykkylven kommunestyre har valt ein profil på pleie- og omsorgsarbeidet som avvik frå korleis dei fleste kommunar har gjort det. Det er inndelinga mellom institusjonsdrift og bufellesskap innan heildøgns pleie som avvik frå dei fleste kommunar sine modellar der Sykkylven har få institusjonsplassar.

Samla dekningsprosent for institusjonsplassar og andre plassar med heildøgns pleie er noko høgare enn gjennomsnitt i kommunegruppe 7, i Møre og Romsdal fylke og i landet utanom Oslo.

Andel av netto driftsutgifter til pleie og omsorg: Sykkylven sin modell medfører at kommunen i statistikkane kjem lågt ut i prioritering av institusjonsplassar, og tilsvarande høgt i prioritering av heimebaserte tenester i heildøgns omsorgsplassar.

Denne modellen, der personar med eit heildøgns pleiebehov bur i bufellesskap på BUAS, men som likevel i statistiksamanheng blir kategorisert under heimetenester, medfører naturleg nok at kommunen har høgare kostnader enn andre innanfor dette arbeidet. Ein ser ein auke i talet på innbyggjarar 80 år og eldre som har heildøgns omsorg og pleie, og at dei fleste innanfor denne gruppa har meir og meir omfattande hjelpebehov.

Utvalde nøkkeltal barnevern	Sykkylven 2016	Sykkylven 2017	Sykkylven 2018	Kostragr 7	Landet 2018
Netto driftsutgifter pr. innb. 0-17 år barneverntenesta	5 252	5 886	6 874	9 999	10 828
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb. 0-22 år (%)	6,4	7,3	5,6	3,9	3,9
Andel meldinger som går til undersøkelse	97,1	96,7	84,6	83,6	82,5

### Kompetanseutvikling

Vidareutdanning/kompetanseheving:

BUAS

- Vidareutdanning i avansert klinisk sjukepleie i primærhelsetenesta med spesialisering i demens -ferdig 2018 – 2 tilsette. Det er gitt støtte frå Fylkesmannen
- ABC demensomsorg – støtte av Fylkesmannen
- Nettbasert kurs i palliasjon for fagarbeidarar under veiledning av kreftkoordinatoren i kommunen.
- Gjennom Veiledaren.no tek alle tilsette e- læringskurs
- Gjennom NHI har alle tilsette tatt e- læringskurs i medisin-grunnkurs eller oppfriskingskurs, dokumentasjon, matomsorg og ernæringstiltak og observasjonskompetanse
- ABC Velferdsteknologi – støtte av Fylkesmannen
- 2 lærlingeplassar for fagarbeidar-omsorgsfag.
- Det er utfordrande å rekruttere kompetanse. Spesielt sjukepleiarar, men også fagarbeidarar. Det er også ei utfordring å kunne tilby 100% stilling, noko som gjer kommunen mindre attraktive. Behovet for kompetanse aukar.
- 

Heimetenestene Distrikt

- Demensomsorgenes ABC – i regi av aldring og helse, - 8 tilsette, med støtte frå Fylkesmannen
- Vidareutdanning 1 sjukepleiar i avansert klinisk sjukepleie i primærhelsetenesta – støtte frå Fylkesmannen
- Gjennom NHI har nyttilsette tatt obligatorisk e- læringskurs medisin grunnkurs
- Gjennom Veiledaren.no har alle tilsette og vikarar tatt e-læringskurs, som journalføring, pliktmessig avhold, brukarmedverknad, ansvar ved utdeling av medisinar for den som har tatt medisinkurs.

## Barne- og familietenestene

- PMTO-rådgjeving (Parent Management Training – Oregon) – 6 tilsette
- Juss i barnevernfagleg arbeid – 1 tilsett

## Bu og Rehab

- Bachelor vernepleie – 1 tilsett
- Psykisk helse og rusarbeide for helsefagarbeidarar – 2 tilsette
- Vidareutdanning i habilitering og miljøarbeid – 1 tilsett
- Eininga har 2 lærlingplassar for Helse og omsorgsfag
- Kommunepsykologen ved Rus og Psykisk helseteam tek spesialisering innanfor familierapi
- Velferdsteknologiens ABC - 12 tilsette

## NAV Sykkylven

### Arbeidsfelt og ansvarsområde

Det kommunale tenesteperspektivet i NAV Sykkylven inneheld minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer: økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan og opplysning, råd og rettleiing.

Leiar for NAV Sykkylven er også leiar for NAV Stranda. Han rapporterer til sine respektive kommunar og til NAV Møre og Romsdal. Leiaren har mynde til å organisere verksemda i kontoret, og kan ta i bruk kommunalt og statleg personell til å utføre oppgåver på kvarandre sine myndigheitsområder etter nærare delegering. NAV Sykkylven jobbar heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver.

### Økonomiperspektivet

Det er vanskeleg å berekne utgifter til sosialhjelp og kvalifiseringsstønad. Dette er rettigheitsbaserte ytingar. Første halvår var sosialhjelpsutgiftene tilsvarande same periode i 2017. Siste halvår var det ein markant auke i sosialhjelpsutgiftene. Mulige forklaringar til dette er at det vart trekt inn ei stilling knytt til å få unge sosialhjelpsmottakarar i aktivitet. Den tette oppfølginga desse brukarane hadde i 2017 gav resultat i form av mindre sosialhjelp siste del av 2017. Regelverket knytt til å få innvilga Arbeidsavklaringspengar har og vorte stramma inn. Dette er og ein medverkande faktor til auke i sosialhjelp og ikkje minst i auka bruk av Kvalifiseringsprogrammet.

### Brukarperspektiv

Det var ved årsskiftet 209 mottakarar av AAP i Sykkylven. Dette er ein nedgang frå 223 mottakarar på same tid i 2017. Arbeidsløysa var lav på 1,6 %. I januar var det 67 heilt arbeidsledige. I januar 2017 var det 2 % heilt ledige (80 personar). Det var 13 brukarar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP) ved årsskiftet. Dette er ein markant auke frå sist år, då det var 2 på KVP. I 2018 hadde 111 personar motteke økonomisk sosialhjelp. I 2017 var det 110 som fekk sosialhjelp.

NAV Sykkylven har i 2018 auka satsinga på gjeldsrådgjeving. NAV Sykkylven brukar no ca 0,8 stilling på gjeldsrådgjeving. Dette er ein markant auka frå tidlegare, då dette har vore ca 0,2 stilling,

### Medarbeidarperspektiv

Det er 2,5 kommunale stillingar i NAV. I tillegg er det 7,5 statlege stillingar. Det har ikkje vore sjukmeldingar blant dei kommunalt tilsette i 2018, heller ikkje i 2017 og 2019. Vi har hatt nokre få eigenmeldingar

### Organisasjonsperspektivet

Innan dei kommunale tenestene NAV har NAV Sykkylven i 2018 prioritert kompetanseheving innan Kvalifiseringsprogrammet (KVP), Opplysning, råd og veiledning (Sosialtenestelova § 17) og gjeldsrådgjeving. NAV har i samarbeid med Fylkesmannen hatt fagdag knytt til KVP og § 17 i sosialtenestelova. Vi har gjennom tilsyn og internkartlegging sett behov kompetanseheving på desse områda og har gjennomført tiltak.

## Utviklingsområdet i Helse, omsorg og velferd

Omsorgsplan 2020, som handlar om «Morgondagens omsorg», legg føringar på at ein mellom anna skal satse på heimebaserte tenester, førebygging, tidleg innsats, folkehelseperspektiv, kvardagsrehabilitering og meistring, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, samt utvikling av velferdsteknologi.

St.melding nr 50, Leve hele live, trer i kraft frå 1.1.2019 og varer fram til 2023. Dette er ei kvalitetsreform for eldre som skal bidra til at eldre kan meistre livet lengre, og ha ein trygg og aktiv alderdom. I Sykkylven gjer vi allereie i dag fleire av dei konkret foreslåtte tiltaka i reforma, men regjeringa har sett fokus på utfordringar innan eldreomsorga som skal sikre godt tilbod til alle og hindre at kvaliteten på tenestene til eldre varierer for mykje.

Reforma Leve hele livet inneheld 25 konkrete og utprøvde løysningar på område kvar ein i dag erfarer svikt:

- eit aldersvenleg Norge
- aktivitet og fellesskap
- mat og måltid
- helsehjelp
- samanheng i tenestene

Reforma bygg på kva tilsette, eldre, pårørande, frivillige, forskarar og leiarar har sett fungerer i praksis. Kva som løftar kvaliteten på tenestene og bidreg til trygg og verdig alderdom. I 2018 fekk vi reforma presentert i møte på Stranda i regi av Fylkesmannen, og starta arbeid med kartlegging i kva vi gjer og kva vi må gjere meir av i Sykkylven. Kommunen har i dag mange positive tiltak for eldre og pårørande, men må jobbe meir med å synleggjere dei tilboda som finns i kommunen.

Kommunen tok tidleg strukturelle grep med mykje open omsorg og lav institusjonsdekning. Trass i dette må kommunen gjere endå meir i høve intern tenesteorganisering/tenestedesign og kulturendring blant innbyggjarar, medarbeidarar og pårørande. For å skape gode og berekraftige omsorgstenester i framtida, må kommunen sjå meir på førebyggjande arbeid, velferdsteknologi og kvardagsmeistring / rehabilitering. Det vil kunne gi store gevinstar på sikt, både i høve kvalitet, økonomi og velferd for innbyggjarane.

Helse og omsorg i kommunen har hatt eit fleirårig prosjekt der tenestene har arbeidd med heilskapleg leiing, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering, sakshandsaming og kompetansmobilisering. Vi veit at større stillingsheimlar vil kunne vere med å betre rekruttering, stabilisere arbeidsdagen med meir fast personale, vere positivt på kvalitetsutvikling og trivsel.

## Heimetenestene

Heimetenestene starta i 2015 prosjekt om kvardagsrehabilitering, som vart vidareutvikla og er no implementert i tenesta. Forsking viser at ein får den beste rehabiliteringa i eigen heim med kvardagslege aktivitetar. Føresetnaden for dette er at pasienten er klar og orientert. For å lykkast med prosjektet føreset det at ein har tverrfagleg team med ergoterapeut, fysioterapeut, rehabiliteringssjukepleiar og heimetrenerar.

Tverrfagleg team starta i utgangspunktet opp som kvardagsrehabiliteringsteam, i eit prosjekt i samarbeid med heimetenestene. For å fange opp ei breiare brukargruppe, så gjorde ein kvardagsrehabiliteringsteamet om til eit tverrfagleg team, som vart omdøpt til Innsatsteam i 2018, for å unngå forveksling med andre tverrfaglege team i kommunen. Innsatsteamet går inn med intensiv tverrfagleg innsats (fysioterapeut, ergoterapeut og rehabiliteringssjukepleiar) i ein avgrensa periode. Dei fleste brukarane til Innsatsteamet er dei som har hatt ein overgang frå sjukehus eller BUAS til heimen.

Forutan direkte brukarkontakt har Innsatsteamet delteke i satsinga «Gode pasientforløp for eldre multisjuka», eit læringsnettverk for heile Møre og Romsdal i perioden 2017 - 2019. Dette er eit omfattande arbeid som tek lang tid å implementere. Vi er heilt i startgropa, læringsnettverket er berre byrjinga, det vidare arbeidet må gjerast i kommunen.

Frå seinsommaren 2017 starta innsatsteamet planlegginga av "Helsefremjande og førebyggjande heimebesøk" for 80 åringar i Sykkylven. Tilbodet startar i 2019.

Tal på brukarar og gjennomførte heimebesøk gjort av Innsatsteam i 2018

Periode	2017	2018
Brukarar	34	35
Besøk	125	92

Ein har også starta opp med risikotavle. Bruk av desse tavlene er ein metode/verktøy for å auke kvalitet og forbetring. Denne metoden heng også saman med KS- prosjektet «Gode Pasientforløp».

I førebyggingsperspektiv har heimetenestene nytta «Tiltakspakke demens» som er ei systematisk oppfølging av personar med demens og pårørande. Ein veit at personar med demenssjukdom er ei aukande gruppe. Det er viktig å legge til rette for at dei bur heime lengst mogleg. Tiltaka er tilrettelagt med dagaktivitetstilbod og avlastning for pårørande i ulike former. Her må ein vidareutvikle ulike former for avlastning og tiltak knytt til den enkelte. Ein har nytta «Inn på Tunet» tilbod til nokre brukarar også i 2018. Dette har vore eit godt supplement til dei andre tilboda ein har knytt til personar med demens. Demensarbeid vil vere eit satsingsområde vidare i 2019.

Heimetenestene har hatt fokus på førebygging, «kva er viktig for deg», tverrfaglig samarbeid. Eininga har arbeidd med samtalegruppe for pårørande med demens, kvardagsmestring, kvardagsrehabilitering, palliasjon/kreftomsorga, og har innført førstegongs samtale med nye brukarar. Oppstart av Palliativ plan/Plan for lindring januar 2018. Denne planen gjeld for alle alvorlige diagnosar, ikkje berre kreftpasientar. Ein vil legge til rette for at pasientar som har ønske om å døy i eigen heim får eit godt tilbod i livets slutfase. Dette krev tett oppfølging, god fagleg kompetanse, tverrfaglig samarbeid mellom heimetenestene, kreftkoordinator, ergoterapeut, fysioterapeut, fastlege og spesialisthelsetenesta.

Heimetenestene har gitt tilbod om legemiddelgjennomgang til alle brukarar som har 3 eller fleire legemiddel. Dette er i samarbeid med fastlege. Ein legemiddelgjennomgang (LMG) er ein systematisk framgangsmåte for å kvalitetssikre den enkelte pasient sin legemiddelbruk for å ivareta effekt og sikkerheit. Ernæring, ernæringsstatus har også vore eit prioritert område, både heime hos brukar og på dei to dagsentra.

Heimetenestene har til ei kvar tid sjukepleiestudentar, og har også hatt vernepleiestudentar. Dette er viktig både i forhold til rekruttering, og i forhold til det fagleg fokus.

### **Hjelpemiddel**

Hjelpemiddelformidling i Sykkylven forvaltar hjelpemidlar frå Nav hjelpemiddelsentral og Sykkylven kommune sitt kommunale hjelpemiddellager. Dei utfører oppdrag for alle innbyggjarane i kommunen, bistår Heimetenestene, BUAS, Bu- og rehabiliteringsstenestene, alle barnehagane og skulane.

I 2018 hadde ein i Sykkylven 832 registrerte brukarar av Nav hjelpemiddelsentral. 248 brukara hadde registrert lån i løpet av året, og 79 av desse var nye brukarar som ikkje hadde hjelpemiddel frå Nav hjelpemiddelsentral. 1 100 hjelpemiddel vart i 2018 levert ut frå kommunalt lager. Dei ulike sakene dekker alt frå enkle rullestoler til komplekse saker med ombygging av bustad. Verdien av desse hjelpemidla er tilsaman kr 4 381 031 for 2018.

I løpet av 2017-2018 har det vorte tilsett ny hjelpemiddelansvarlig og hjelpemiddelteknikar. Hjelpemiddelansvarlig er ergoterapeut. Det er viktig fagkompetanse på dette område. Ein har fått klare tilbakemeldingar frå Nav hjelpemiddelsentral at fleire av oppgåvene som dei tidligare gjorde, no må handterast ute i kommunen.

### **Velferdsteknologi**

Konsulent i velferdsteknologi starta i stillinga 1.septemeber. Har hatt fokus på opplæring og kompetansebygging i personalgruppa.

### **Fagdag i Velferdsteknologi**

I oktober hadde vi kick off for Velferdsteknologi i Sykkylven Kommune. Dette var i anledning oppstart av kurset «Velferdsteknologiens ABC». Vi hadde besøk av leiar frå ALV Møre og Romsdal og representant fra ATEA. 140 engasjerte deltakarar fra helse og omsorgssektoren i kommunen og nokre brukarrepresentantar frå FFO/LHL, FFO Ålesund og omegn/ Mental helse, Diabetesforbundet og pensjonistforbundet deltok på fagdagen.

Kursrekke: Velferdsteknologiens ABC

I haust har vi hatt 38 personer som har deltatt på Velferdsteknologiens ABC. Kurset startet i oktober og går over 5 samlingar, og er avslutta i mars 2019. Målet er at alle tilsette skal gjennomføre ABC kurset, og det startar nye til hausten. På disse samlingane får vi besøk fra blant anna Tone Kirkhorn fra NAV som skal informere om kva slag velferdsteknologi ein kan få gjennom NAV. I februar får vi besøk fra «Jeg kan » prosjektet i Ålesund. For å få best muleg resultat av kurset så har vi valgt å samle alle gruppene samtidig over 5 samlingar i Pensjonistsalen.

Webinar: Vi har deltatt på Webinar med Abilia: Tema Memoplanner. Dette var eit kurs som bestod av 4 skypemøter.

RoomMate: Velferdsteknologi som vi har innført i Sykkylven: oktober hadde vi besøk av fagrådgivar i RoomMate. Ho gav oss informasjon om korleis vi kan bruke anonymisert digitalt tilsyn i vår kommune. Representantar fra Stranda kommune deltok også. Vi var tilsaman 18 deltakarar denne dagen.

Lokaliseringsteknologi: Vi har starta med lokaliseringsteknologi og har no tatt i bruk 3 Safemater, to ute i heimetenesta og ein inne på BUAS. Personalet har fått opplæring i bruk og det er skrevet prosedyre/bruksanvisning. Vi har og starta utprøving av Safemate som voldsalarm i Barnevernstenesta.

Oppstartmøte digitale trygghetsalarmer ATEA: I oktober hadde vi oppstartsmøte med ATEA om dei digitale tryggleiksalarmane. Vi ønsker å starte med utskifting til nye digitale tryggleiksalarmer første halvår 2019. Vi samarbeidar med Nye Ålesund og Sula Kommune når det gjeld responscenter.

• Interkommunalt samarbeid Nasjonalt velferdsteknologiprogram

I desember 2018 hadde vi skypemøte med Stranda, Stordal, Sula, Giske og Norddal. Det vart i dette møtet avtalt at vi skulle søke på tilskot fra HDIR, Nasjonalt Velferdsteknologi program. Sykkylven Kommune tilbydde seg å vere vertskommune for prosjektet. Neste møte blei bestemt til januar 19. Alv Møre og Romsdal, Nye Ålesund og Sjustjerna vart invitert til dette møtet.

## Dagsenter

Heimetenestene har ansvar for 2 dagsenter. Eit for eldre, der dei aller fleste av brukarane bur i eigen heim ute i bygda. Dagsenteret er opent 4 dagar i veka. Brukarane blir henta og bringa i «Oskarbilen». Dette er eit flott tiltak, med fokus på trim, god ernæring og det sosiale både rundt måltid og elles.

I tillegg tilbyr kommunen dagaktivitetstilbod til personar med demens 2 dagar i veka. Dette er også eit tilbod til heimebuande, og då særleg knytt til yngre personar med demens.

Det er starta 2 Læringsnettverk på tvers av einingane

1. I 2018 starta ein opp «Velferdsteknologiens ABC» for tilsette i helse- og omsorg. Ein har som mål at alle tilsette skal gjennomføre dette. Fagkonsulent i velferdsteknologi starta i september 2018, skal arbeide på tvers av einingane i helse- og omsorg. Velferdsteknologi skal bidra til å forsterke sosiale nettverk og mobilisere til auka samspel mellom tenestene, nærmiljøet, familie og frivillige. Velferdsteknologi skal bidra til å forbetre brukaren si moglegheit til å mestre eigen kvardag, og auke tryggleiken for både brukaren og pårørande, samt avlaste pårørande.
2. Læringsnettverk for utvikling av «Gode pasientforløp» i regi av KS. Vart starta opp hausten 2017 og avsluttast våren 2019. Her deltek fagleiar frå Heimetenestene, ergoterapeut, fysioterapeut, rehabiliteringssjukepleiar /sjukepleiar BUAS. Dette er for å sikre gode rutinar og kvalitet til pasienten. Det er fokus på dei sårbare overgangane mellom tenestnivåa – sjukehus/heim/institusjon. Her er det avgjerande med tverrfaglig samarbeid, som t.d sjukepleiar, fysioterapeut, ergoterapeut, fastlege. Ein ser her tydelig nytta av at dei ulike profesjonane samhandlar til beste for den enkelte pasient. Mottoet i dette prosjektet er også «Kva er viktig for deg». Heimetenestene Distrikt er pilot knytt til denne satsinga og skal implementerast i dei andre einingane i helse- og omsorg vidare i 2019-2020.

## Sykkylven bu- og aktivitetssenter (BUAS)

BUAS har hatt pilotprosjekt om nytt digitalt sjuke signalanlegg. Anlegget var ferdigstilt sommaren 2018.

Pilotprosjektet er støtta av Innovasjon Norge, og det er gitt tilskot frå Husbanken. Vidare utvikling blir å kople på og ta i bruk velferdsteknologi, ut frå pasientane sine behov. Det er bygd ut Wifi på heile BUAS, til bruk for pasientar og besøkande.

Ved institusjonsavdelinga er det starta opp med tverrfaglege tavlemøter x 1 veke. Her deltek institusjonslege, sjukepleiar frå korttidsrehab og sjukepleiar frå heimebaserte tenester, fysioterapeut og eventuelt ergoterapeut. Dette gjeld for pasientar i korttidsopphald. Her blir det sett opp sjekkpunkt som er viktige i pasientforløpet for at pasientane skal få den mest optimale vurderinga og behandlinga. Dette heng også saman med prosjektet «Gode pasientforløp». Tavlemøter er ein metode/verktøy for å auke kvalitet og forbetring, som er presentert i Pasientsikkerhetsprogrammet 24/7. Det vert starta implementering av «Gode pasientforløp» til alle avdelingane i 2019, jmf Heimetenestene.

Fysioterapeut har ansvar for rehabilitering av eldre med institusjonsplass på BUAS. Utanom direkte pasientkontakt utgjer ein del av arbeidet på institusjon tverrfagleg samhandling med dei andre yrkesgruppene, vurderingar, råd og rettleiing.

## **Fysioterapi BUAS:**

Kommunal fysioterapeut har ansvar for institusjonspasientar på BUAS med behov for fysioterapi. Ressursane knytt til BUAS (10%) er svært marginale. Ein har merka aukane pågang i form av at pasientar blir skrivne raskare ut frå sjukehuset medan dei framleis er lite mobiliserte. Ein må vente seg eit større trykk framover.

Mykje av arbeidet for fysioterapeut på BUAS går ut på tverrfagleg samhandling, fysiske vurderingar, råd og rettleiing både til pasientar og tilsette. Det er svært utfordrande med dagens situasjon der korttidspasientane er spreidd på ulike soner på BUAS. Det må også bemerke at ein ikkje har same tverrfaglege breidda på BUAS som for heimebuande, der ein har tilknytt ergoterapeut i Innsatsteam. På BUAS står fysioterapeut meir åleine i oppfølging av pasientane. Dette har betydning for kvaliteten på rehabiliteringsprosessen og kor raskt ein får pasientar heim.

Det er tett samarbeid mellom avdelingane og produksjonskjøkken ved vurdering av spesielle ernæringsmessige behov. Ved tilbreiing av mat fyl kjøkkenet retningslinene gitt for institusjon i høve samansetting av måltid. Næringsinnhald og energimengde blir automatisk rekna ut per porsjon når menyen vert lagt inn i fagsystemet. Kjøkkenet leverer lunsj og middag etter prinsippet kok-server på kvardagar, og kok-kjøl på helg. Kok-kjøl vil sei at maten er produsert tidlegare og blir varma opp att ved servering.

## **Tidelingskontor, samhandling med sjukehus og utfordringar knytt til demens sjukdom**

Det er behov for utvikling av tidelingskontor, auka kompetanse og ressursar til å handtere dei stadig fleire multisjuka pasientane. Samhandling med spesialisthelsetenesta i høve utskrivingsklare pasientar er krevjande. Pasientane blir raskt meldt utskrivingsklare frå sjukehuset. Kommunen har utfordringar med å handtere dei komplekse prosessane i høve dette, og sikre gode pasientforløp. Det vere seg å få vurdert om det behovet som spesialisthelsetenesta skisserer er «rett», om bustad er eigna, få ut hjelpemiddel raskt nok, tryggleiksalarm, trygge pasient, pårørande og personell på at teneste i heimen er god nok, nok institusjonsplassar, nok tilrettelagte bustader utanfor BUAS, mm. Sonene på BUAS (heildøgns omsorgsplassar) har ikkje personellressursar til å handtere dei mest krevjande og sjuke pasientane. Dette fører igjen til stort press på korttidsrehab, som då får mange langtidspasientar.

Kommunen manglar eit heilskapeleg tilbod til personar med demens sjukdom. Helse og omsorgstenestene, både heimebaserte og på institusjon, opplever ei stor auke i utfordringar knytt til denne pasientgruppa. I likskap med andre kommunar er denne situasjonen vår største utfordring innan helse og omsorg. Kommunen har i dag ei skjermte avdeling for personar med demenssjukdom på Buas. Då sjukdomen varierer svært mykje både i alder og behov for skjerming og tilrettelegging hjå den som rammast, vil ein framover arbeide for å kunne tilby meir differensierte tilbod til denne pasientgruppa for å vere betre rusta til dei utfordringane vi har på dette området.

BUAS starta opplæring av VIPS modellen til tilsette i to avdelingar hausten 2018. Dette for å yte betre tenester til personar med demenssjukdom. Det er sagt at 80 % av alle i institusjon har demens. VIPS er ein modell som handeler om å gi personsentrert omsorg. V= Verdiane våre slår fast at personar med demenssjukdom har lik verdi som pleier, I=Individuell tilrettelagt omsorg, P= forstår verden ut frå Perspektivet til personen med demens, S= eit sosialt miljø der person med demenssjukdom opplever å vere inkludert og trives. BUAS har to sjukepleiarar som er sertifisert til å undervise i denne modellen, og den skal implementerast i alle avdelingane i 2019.

Buas arbeider aktivt i høve Velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering, Gode pasientforløp og innføring av palliativ plan.

## **Barne- og familietenestene**

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er hovudfokus. Dei fleste barn og unge i Sykkylven gir uttrykk for høg grad av trivsel i skule, heim og fritid (jf. Ungdata 2017). Samtidig gir stadig fleire unge uttrykk for at dei slit med einsemd og psykiske vanskar. Målet vårt er å nå denne gruppa på eit tidleg tidspunkt og kunne god og rett hjelp.

Rettleiing og støtte til foreldre er satsingsområde, dette m.a. med kompetanseheving innan COS-P og PMTO-terapi. COS-P (Circle og Security) er eit foreldreveiledningsprogram med målsetjing om å fremme trygg tilknytning mellom foreldre og barn. Trygg tilknytning styrker barn og er ein viktig beskyttelsefaktor. Barn har bruk for trygge vaksne for å kunne utvikla seg på ein positiv måte. PMTO (Parent Management Training) er eit individuelt behandlingstiltak for foreldre/føresette med barn i alderen 4-12 år med atferdsproblem. Formålet med PMTO er å stanse, redusere eller forebygge atferdsvanskar hos barn ved å endre samspelet mellom foreldre og barn.

Sosiale ulikheiter og barnefattigdom er risikofaktorar som påverkar grunnlag for barn og unge sine levekår og livskvalitet. Dette både i høve fysisk og psykisk helse, sosial aktivitet og trivsel generelt, og som vil kunne gi

følgjer for helsetilstanden resten av livet. For å kunne identifisere kven dette gjeld og yte hjelpetenester, er vi avhengig av tverrfagleg fokus og samarbeid.

Kommunen er med i Mission Possible, som er ei interkommunal satsing i høve styrking av arbeidet retta mot tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko. Målsettingane er å sikre lik forståing av lovverk i høve meldeplikt, opplysningsplikt og styrking av det tverrfaglege arbeidet.

## **Bu - og ReHabiliteringstenestene**

Eininga har hatt 2 lærlingar i 2018, innanfor helse- og omsorgsfag, sosionomstudentar frå Høgskulen i Volda, samt fleire elevar frå helse- og omsorgsfag frå vidaregåande skular. Leiinga tenkjer at å legge til rette for studentar frå ulike utdanningar og nivå, er eit viktig arbeid i rekrutteringa. Samtidig gjer det til at ein får eit større fokus på fag, og vert meir målretta i tiltaka og arbeidsmåtar.

BU- og rehab har søkt og fått tildelt kompetansemidlar frå Fylkesmannen, og dette har vore nytta til ulike kompetansetiltak for tilsette. Eininga nyttar i stor grad e-læringskurs i opplæring, Veilederen.no.

## **NAV Sykkylven**

Utviklingsområde ved eininga, prosjekt e.a.: NAV har jobba med kompetanseheving gjennom aktivt bruk av verksemda sitt prosessteam. Dette bidreg til å heve nivået på ulike delar av den arbeidsretta brukaroppfølginga, og gjeld mellom anna kartlegging av brukarane. NAV Sykkylven har og hatt eigentilsyn i regi av Fylkesmannen, og nyttar dette til å heve kompetansen knytt til Lov om sosiale tenester. NAV har endra oppgåveløysinga dei to siste åra slik at alle tilsette har ansvar for å gjere vedtak og følgje opp brukarane og har fokus på dei kommunale oppgåvene i NAV. Dette har tidlegare vore fordelt på færre veiledarar.

Det har vore arbeidd med veiledningskompetanse og kollegaveiledning gjennom gruppeveiledning og NAV sin veiledningsplattform. NAV har jobba systematisk med kompetanseheving på kontoret knytt til Lov om sosiale tenester i NAV.

## **Folkehelse**

Her er det gjort ulike tiltak alt etter kva gruppe einingane har tilbod til. Ein kan nemne kvardagsmestring, bruke egne ressursar, aktivisering av barn, obligatorisk trening for flykningar, kunnskap om å mestre eiga psykisk helse, turgruppe for spesielt utsette grupper, ulike dagsenter med ulike aktivitetstilbod. Ettervernsgruppe for rusmisbrukarar er eit viktig tiltak som vert gitt 1 gong pr veke. Psykisk helseteam har turgruppe delar av året, med eigen turdag 1 gong pr. veke. I det daglege arbeidet med våre brukarar har ein fokus på ernæring og aktivitet som ein del av tenesteytinga.

På BUAS har ein fokus på at pasientar skal mestre mest muleg sjølve. God ernæring, godt samarbeid med produksjonskjøkkenet som lager næringstett kost til den som har behov for auka energimengde. Vektkontroll på alle pasientar kvar månad. Fokus på trivsel både for tilsette og pasientar. Det er stor merksemd på å hindre skader/ulykker på personell ved opplæring i forflytningsteknikk.

Går tur ute når veret tillet det.

BUAS har trimsyssel med videofilm der pasientane kan sykle i sitt eige tidlegare nærmiljø (gir gjenkjenning), er gitt som gåve frå Ekornes AS.

BUAS har 3 EL- sykklar, og personell forsøker å ta med pasientane på tur. Det er også pårørande som nyttar sykklane og tek med sine. Desse sykklane er til stor glede.

Heimetenestene har fokus på at brukarane skal mestre mest mulig sjølv, kvardagsmestring. Tilsette er trena i å sjå kvar enkelt sine ressursar og bruke desse. Ein tilbyr enkel trim/trening med brukaren i eigen heim, fokus på god ernæring og det vert teke ernæringsstaus på kvar enkelt.

Dagsenter for eldre og dagsenter for personar med demens, har trim kvar dag. Har også nytta trimsyssel med videofilm der pasientane kan sykle i sitt eige tidlegare nærmiljø (gir gjenkjenning), Dagsenter for personar for demens er også dagleg på tur. Fokuset er ernæring, brukarane får både lunsj og middag og måltida er svært viktig både med omsyn til ernæring og i forhold til trivsel.

Solid Start Solid er ei satsing på motorikk og fysisk aktivitet som fysioterapeut og ergoterapeut gjennomfører saman med barnehagane. Målet er at det skal legge grunnlaget for utvikling av ferdigheiter som skal gjere barnet meir modent og klar for læring ved skulestart.

Frivilligsentralen sin funksjon går i stor grad ut på å supplere lovpålagde tenester. På Fønix er det open dør, og her kan innbyggjarane finne fellesskap med utgangspunkt i egne interesser og aktivitetar for alle aldersgrupper. Dette er eit viktig ledd i folkehelseperspektivet.

NAV jobbar aktivt for at barn og unge skal ha gode vilkår og i familiar med trong økonomi. NAV er oppatt at å jobbe med at alle brukarane i så stor grad som muleg er i arbeid og aktivitet. Dette er helsefremjande i seg sjølv.

## **Samhandling på tvers av einingane**

Einingane innan helse, omsorg og velferd har ulike arena for samarbeid, både mellom egne einingar, legetenesta, skule, barnehage, kultur og teknisk. I tillegg har ein samarbeid med bedrifter som Byrg, NAV, politi og vidaregåande skule.

NAV har i 2018 styrka samarbeidet med Rus og psykisk helseteam. Det er gjennomført fleire samhandlingsmøte og det er utarbeida og innført nye samarbeidsprosedyrar. NAV har og faste samarbeidsmøte med barnevern og med flyktingtenesta. I samarbeid med flyktingtenesta har NAV og 2 arbeidsretta prosjekt for å få flykningar i jobb. Desse har gitt svært gode resultat.

## **Medverknad (deltaking og rådsorgan)**

Alle einingane har nært samarbeid med plasstillitsvalde og verneombod, oppretta Mini-AMU, samt samarbeid med bedriftshelsetenesta. I tillegg har ein brukarmedverknad og pårørandesamtalar. Ein har også samarbeid med brukarar som har individuell plan (IP).

Bu og rehab har mini AMU (arbeidsmiljøutval). Einingsleiar og fagleierane har faste samarbeidsmøter med verneombod og plasstillitsvalde. Tenesta legg i stor grad vekt på brukarmedverknad i utforminga av hjelpetiltak til brukarane.

Det vert alltid gjennomført møte mellom ansvarleg person og pårørande/pasientar ved korttidsopphald i høve vurderingar av hjelpebehov og butilbod, samt ved innflytting i leilegheit.

Heimetenestene har fokus på medverknad for den enkelte brukar. Ved tildeling av tenester har ein fokus på brukarmedverknad.

Innan ppt, barneverntenesta, psykologtenesta og ved helsestasjonen har barn og unge sterk medverknad i eiga sak (plan og oppfølging), i samsvar med gjeldande lovverk. Barneverntenesta og psykolog har rutine for at brukarane i etterkant evaluerer mottekne tenester.

NAV Sykkylven har månadlege møte i Medbestemmelsesapparatet (MBA). I 2018 har det bestått av leiar, verneombod, statleg tillitsvald og kommunalt tillitsvald. Alle partar har høv og plikti til å melde opp saker.

## **Internkontroll (førebygging, tiltak, avvikshandtering)**

Helse og omsorg nyttar RiskManager til avvikssystem og til rutinar og prosedyrar som høyrer til dei ulike einingane. Dette er også ein del av opplæringa til dei nyttilsette.

Personale som jobbar med utagerande personar, har jamleg gjennomgang og opplæring i korleis ein møter og handterer slike situasjonar. Det er høgt fokus på at den tilsette skal føle seg trygg på arbeid. Det er null toleranse for vald og truslar.

NAV Sykkylven har på bakgrunn av tilsyn i 2017 revidert våre internkontrollrutinar for dei kommunale tenestene. Desse har blitt fulgt opp og etterlevd i 2018. Rutinane er tilgjengeleg i Risk Manager.

## **Små og store hendingar**

Frivillige frå lag og organisasjonar gjorde ein stor innsats for å lage uteareala ved BUAS fine til våren.

Det vart arrangert en flott sommar-gardsfest i hagen på BUAS, med mat, musikk og besøk av barnehage.

BUAS har motteke pengegåve frå fleire lag og organisasjonar som vert nytta til pasientane.

Elevar frå vidaregåande skule bygde hekkeplattformer til måsane på Haugneset i håp om at det skal bli mindre av dei på BUAS.

Kommunen inngjekk avtale med Nasjonalforeninga i høve oppretting av aktivitetsvenn. Ei gruppe tilsette ved BUAS og Heimetenestene har hatt kurs og opplæring til frivillige som vil vere aktivitetsven til personar med demens.

Dagsenter for personar med demens har vore på fleire utflukter, mellom anna til Devold fabrikk i Langevågen. Helselaget på Aure arrangerte julebord for brukarane på dagsenteret for personar med demens og deira pårørande Dei har eit svært godt samarbeid med Helselaget, som har gitt midlar og stilt med medhjelparar på turar/arrangement.

## Kultur, folkehelse og frivilligheit

### Økonomiperspektivet

Økonomiperspektivet	Reknesk. 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017
SUM FOR KULTUR	11 487 875	11 007 992	-479 883

Økonomi - rekneskap			
	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Avvik 2018
Avvik budsjett – rekneskap	10 254 318	10 737 078	482 760

Det blir vist til rekneskapsrapport 2018 som vart lagt fram til politisk handsaming i juni 2018.

Følgjande moment påverka rekneskapsresultatet i 2018: Innsparingskravet på 1 mill.kroner er gjennomført og er lagt inn. Dette utgjer om lag 10% av budsjettet. Hovudsakleg er dette tatt på tilskott til idrettsanlegg med kr. 711.000, resten 288.500 er fordelt på andre ansvar og med hovudtrekk på reduksjon av straumutgifter i Storhallen. Resultatet ser vi no med ein samla reduksjon på berre 5,5 %.

Teknisk feil på el.kjelen ved Velledalen symjehall – meirutgift ca 60.000. Kulturskulen meirforbruk på løn på ca 60.000 grunna avslutning av arbeidsforhold. Biblioteket: Meirutgifter til dataprogramlisensar, frakt på fjernlån og vikarlønner er bakgrunnen for avviket på vel 93.000.

Kulturhuset har hatt utgifter på indre vedlikehald, reparasjon av utstyr og oppfølging av service/driftsavtalar på sceneriggjar osv. Hausten vart heller ikkje så innbringande som planlagt med arrangement/konsertar. Samla sett eit meirforbruk/mindreinntekt på kr. 139.000. Kinodrifta vart det litt mindre inntekter/noko meir driftsutgifter på om lag 49.000. I 2018 fekk Storhallen dei lågast straumutgiftene nokon gong- 143.000. ENØK tiltaka har fungert svært bra. Budsjettramma vart sett ned grunna dette. Men då fekk ein likevel større utgifter enn budsjettet reparasjon av utstyr, brøyting og service/driftsavtalar i bygget. – noko som samla utgjorde faktisk eit avvik på 191.000.

### Brukarperspektivet

#### Bibliotek

Sykkylven bibliotek si demokratiske oppgåve er å gi eit gratis bok- og medietilbod til alle innbyggjarane i kommunen, og såleis sikre allmenn tilgang til kunnskap, kultur, informasjon og oppleving. I følgje folkebiblioteklova skal biblioteket også vere ein uavhengig møteplass og debattarena. I tillegg til utlån og kulturformidling har biblioteket mange og varierte oppgåver: PC og trådløst nett for publikum, kopiering og

scanning, lesesal, netteksamen, utlån av lokale, utstillingar, klassebesøk, bibliotekorientering, lokalhistoriske tenester, offentleg informasjon, grunnleggande datahjelp, flyktninghjelp, framandspråklege tenester, oppsøkande tenester, rådgjeving, depotsamlingar.

Bruken av det tradisjonelle tilbodet har gått ned sidan 2017. Både besøkstalet og utlånstala har gått ned med ca 5,9%. Grunnar til dette er eit trangt budsjett som legg ei avgrensing på biblioteket sitt tilbod, både når det gjeld medieutlån og arrangement. I tillegg spelar også den generelle medieutviklinga ei rolle. Biblioteket opplevde ei auking i deltakinga på lesekampanjen «Sommarles» i 2018 frå året før. Det blei lest heile 522 fleire bøker og 43.784 fleire sider enn året før! For å motivere dei unge lesarane i 1.-7. klasse til å lese i juleferien heldt biblioteket «lesebingo» i desember.

Biblioteket har starta ein lesesirkel som har hatt 3 møter i løpet av hausten. I tillegg har det vore fleire andre arrangement ved biblioteket: I oktober var det lesestund for born i haustferien og «Askeladden friteater» haldt teaterstykket «Bamse Brakar og Mikkel Rev over stubbe og stein». I desember vart det haldt «Byggebonanza».

Gjennom samarbeid med mållaget og med støtte frå Nasjonalbiblioteket fekk biblioteket til eit forfattarmøte med Edvard Hoem i januar og eit forfattarmøte for born med Njord Svendsen i februar. Møtet med Hoem var årets best besøkte arrangement der heile 110 personar møtte opp for å høyre på forfattaren. 60 (born og vaksne) møtte opp på arrangementet om «bomulv» med Njord Svendsen.

Biblioteket søkte på Sparebanken Møre sine Teft-midlar og fekk bekrefta i desember at det ville få ei gåve frå Sparebanken Møre i form av eit stellebord. Hausten 2018 fekk biblioteket støtte frå Fylkesbiblioteket til eit «makerspace» for born. Arrangementet vart kalla «Byggebonanza» og vart det best besøkte arrangementet denne hausten.

## **Kulturskulen**

Sykkylven kulturskule feira 40 års jubileum i november 2018. Storstilt feiring og med ei fantastisk framsyning i Sykkylven kyrkje. Alle lærarar og alle elevar var i aksjon. Mykje flotte og gode tilbakemeldingar frå ordførar, foreldre og lokalpresse. Staben hadde middag og feiring med program på Berlihuset seinare på kvelden. Kommuneleiinga var tilstades.

Rektor Erlend Eide slutta i jobben i juni 2018. Åge Frøystad tok då over som konstituert rektor, slik at ein kunne planlegge nytt skuleår. Ny treblåslærar vart engasjert frå hausten.

I oktober 2018 hadde kulturskulen 226(151) elevar – 155(101) jenter og 71(50) gutar. Men dette utgjorde likevel 267 elevplassar fordelt slik: Musikk 151, Visuell kunst 21, Teater 18 og Dans 77.

Inn i desse tala er musikkgruppa Saft Suse, tilbod for grupper med spesielle behov og tiltaket « Blås i skulen».

I 2017 starta kulturskulen dansetilbod. Det heldt fram i 2018. Ca 80 elevar får no dette tilbodet som er gruppe undervisning i forskjellige dansedisiplinar. Tilbodet er så langt populært og har styrka økonomien i kulturskuledrifta. Sjukdom og fråver har prega 2018 og ein har slite med å få tak i gode vikarlærarar. Men det har lukkast til slutt. Tilbodet om Korps i skulen heldt fram i 2018.

## **Sykkylven kino**

2018 var eit godt år for Sykkylven kino. Det vart vist 252(239 i 2017 ) framsyningar med film( rekord) og det vart seld 9912 (9782 i 2017) billetter. Så vi er nøgde med dette. I fjor var det også vist film i helgane i fellesferien. Dette var vellukka med bra besøk. Omsetninga var på om lag 1 mill. kroner i 2018 som i 2017. Gjennomsnittsbetøking pr. framsyning er: 39 (41). I tillegg kjem ei bra kioskomsetning.

Fjoråret vart eit godt kino-år med nesten 11.000 selde billetter.( inkludert skuler og grupper ) Vi har oppdatert og investert i nytt billetteringssystem DX dos og nye harddiskar på våre servere. Dette for å imøtekomme auka konkurranse frå Moa sitt nye kinosenter. Samla sett vart det litt mindre inntekter/noko meir driftsutgifter på om lag 49.000. Vi har fortsatt 4 framsyningar i veka. Men sidan storsalen også er brukt til andre aktiviteter, er det vanskeleg å køyre fleire framsyningar. Då burde ein ha ein eigen kinosal. Ein 3.dags visning vil sikkert auke volumet, men også noko meir driftsutgifter. I tillegg kjem ein del skuleframsyningar som har vore populære. FAU ved Aure, Ullavik og Vik skule har hatt filmkveldar før jul + nokre andre gruppevisningar.

4 av 10 beste besøkte filmene er norske.

Nr. 1 Skjelvet	849 billetter.
Nr. 2 Flåklypa	594
Nr. 3 Mamma Mia	512
Nr. 4 Utøya 22.juli	328
Nr. 6 Den 12.mann	267

Tilbakemeldingane på filmar, lyd og bildekkvalitet er svært gode. Kommunen kan vere stolt av dette kinoproduktet. Det er ungdom og familiar som er den største gruppa som går på kino

### Sykkylven kulturhus

Sykkylven kulturhus hadde 150 registrerte arrangement i 2018 (184 i 2017). I tillegg kjem bruk av storsalen til litt kroppsøving ( 8.trinn SUSK) og øvingar for lag og foreningar. Desse bestillingane av øvingar og øvingshelger osv. er ikkje med i talgrunnlaget. Kulturskulen bruker både storsalen og elvesalen til danseopplæring, i tillegg til 4 faste øvingsrom.

Mykje av kommunal bruk og øving/trening kan ikkje fakturerast pga mva. reglane. Større arrangement som konferansar og kurs blir fakturert for tenester som lyd, lys og AV hjelp. Sykkylven kino betaler ikkje husleige.

Inntektene til kulturhuset har samla sett auka siste åra. Grunna høgare aktivitet og betre tilrettelegging av AV utstyr og lyd/lys.

Av dei 150 arrangementa er 88 kurs(129 i 2017), møter og konferansar. Mykje av dette er kommunalt. Konsertar og større arrangement ( inkl. skule og kulturskule) utgjør 56 arr. (35 i 2017). Private arrangement var det 7 av i fjor (5 i 2017). Fylkeskommunen/Sykk.vidaregåande skule hadde 16 (7) arrangement på kulturhuset. Det vart elles arrangert 9 (8) ekstra filmvisningar på dagtid/kveld i fjor. Primært skulane som bestiller dette tilbodet.

Kulturhuset blir meir og meir brukt. Men som ein ser er kommunen sjølv den suverent største brukaren. Det er i utfordring å balansere kommunal bruk og kulturen sine behov for lokalitetar. Økonomien til huset var under kontroll i 2018, men det er krevjande å balansere utgifter og inntekter på f.eks konsertar.

Fylkeskommunen ved vidaregåande skule og Kultursekken ( konsertar og teater) har auka bruken av huset og betaler bra for seg.

Kulturhuset hadde gode oppsetingar i 2018: Fleire kammerkonsertar i regi av kulturskulen på laurdagar. Folkemusikkgruppa «Majorstuen» heldt ein glimrande konsert på våren. Og festkonserten 17.mai med Sjørk og gjester må nemnast. Ungdomsskulen sine Elevdagsframvisningar når stadig nye høgder og har blitt store oppsetingar.

Ved den flotte haustkonserten til Christel Alsos, måtte det leigast inn på lyd og lysanlegg. Dette slepp vi no når det nye anlegget er på plass.

### Idrettsanlegg

Sykkylven kommune eig og har driftsansvar for dei største idrettsanlegga i kommunen. Dette gjeld Sykkylven Storhall, Sykkylven regionale kunstgrasbane og dei to symjehallane – Velledalen symjehall og Sykkylven symjehall. Desse er dei største og mest kostbare anlegga å drifte.

Det er no nytt anlegg for ventilasjon, varme og LED belysning i Storhallen. Ny varmepumpeteknologi reduserer straumforbruket mykje og ein reknar med ein nedgang på rundt 60%. Himlingar i garderobane er også nye. Ei stor, god og nødvendig oppgradering av Storhallen.

Elles kan nemnast at Storhallen huser no fleire store arrangement som Påskeferja, Sykkylvsdagane og Koselan – dataparty i haust og vinterferie. Dette har fungert veldig bra. Men vi har utfordringar i Storhallen med akustikk og mykje romklang. Dette må forbetrast framover.

Kultureininga har samarbeidd med Teknisk eining i drifta av Sykkylven symjehall og Sykkylven kulturhus. Her har ein delt ansvar for bygningsteknisk og aktivitetmessig drift av anlegga. Dei andre anlegga har Kultureininga ansvar for. Dagleg oppfølging og administrasjon ligg til idrettskonsulenten.

Alle dei andre idrettsanlegga i kommunen er i privat eige og idrettslaga har ansvar for drift og vedlikehald. Kommunen har tilsynsansvar for dei anlegg som har fått spelemidlar (og det gjeld dei fleste). Kommunen har også langsiktig bygselavtale på Aure grusbane. Ny eigar av dette arealet er Sykkylven Idrottslag frå 2017. Desse anlegga har fått spelemidlar ved fleire høve og med det følgjer driftsansvar.

Kommunen eig 58% av Velledalen grendahus. Det ligg føre ein langsiktig avtale om drift og vedlikehald av grendahuset som både Kultureininga og Teknisk eining er ein part i. Det er sett i gang ein prosess no i 2019 med å justere og fornye avtalen.

Det var ikkje sett av kommunale midlar til idrettsanlegg 1/3 av finansieringa i 2018.

## Medarbeidarperspektivet

EINING	ÅRSVERK MENN	ÅRSVERK KVINNER	SUM	% MENN	% KVINNER
Kultur	7,26	3,72	10,98	66	34

Dette er årsverk som ligg inne med fast løn. Permisjonar med løn og engasjement er ikkje med her.

## Sjukefråvær

Sjukefråvær	2018	2017	2016
Samla fråvær	5,8	4,1	3,1

Sjukefråveret har gått opp hausten 2018. Der ei hovudsak langtidsfråveret som låg på 4,6%. Ein kombinasjon av reell sjukdom og uforutsette hendingar. Situasjonen er under kontroll.

## Organisasjonsperspektivet

### Utviklingsområde ved eininga (prosjekt, kompetanseheving e.l.)

Biblioteket er ein aktiv deltakar til den felles nettsideløysinga på fylkesnivå ved at Sykkylven bibliotek kontinuerleg produserer nyheitssaker og bokmeldingar til denne. Biblioteket arbeider også kontinuerleg med å utvikle si eiga heimeside. Dette har ført til kompetanseheving hos tilsette, meir brukarvenlege og oppdaterte nettsider for publikum. Brukarane kan administrere eigne lån og bestillingar heimanfrå.

Musikkleiar starta i 2014 opp eit rekrutteringstiltak for skulekorpsa gjennom eit forsøk med korpsundervisning i skulen. 40 skuleelevar får opplæring på minitrompet og klarinett. Forsøksprosjektet vart dekt av 40% kulturskulen og resten ved bruk av tippemidlar (kulturnista) og Kvellaugfondet. Korps i skulen har vore i gang i skuleåret 2017-2018 og held på enno.

Kulturskulen sette i gang med danseopplæring hausten 2017. Eit populært tiltak og det blir undervist i fleire disiplinær som jazzdans, hip-hop, klassisk og barnedans. Det er engasjert 2 lærarar i delstilling som følgjer opp dette og så langt har ca 80 elevar er med. Det blir gjennomført gruppeundervisning. Oppstart er ein ting – men det er krevjande å få til ei god drift.

## Samhandling på tvers

«Open Storhall»

Det vert arrangert rusfri ungdomsklubb i idrettshallen kvar fredag kveld frå 2000-2400 i ca 30 veker i året. Dette er veldig populært og inntil 100- 150 ungdommar samlast kvar gong. Målgruppa er ungdomsskuleelevar. Natteravnordninga blir organisert av frivilligsentralen. Foreldre til 8. klasser går turnus. Ungdommane brukar

hallen til idrett og dans og forskjellige typar spel. Kiosksal og sosialt samvær. Tiltaket er eit samarbeid mellom kommune og frivillige organisasjonar, SK, SIL, FS.

Kultureininga er med i fleire tverrfaglege samarbeid:

- Tverrfaglig ungdomsteam - Folkehelsekoordinator
- Sykkylven er MOT kommune og heile tiltaket er eit samarbeid mellom forskjellige aktørar.
- Godt samarbeid med Fønixhuset / Frivilligsentralen
- Samarbeid med Teknisk eining om skilting og turkart
- Samarbeid med barne- og familietenestene

Biblioteket samarbeider med barnehagar og skulane i form av bibliotekbesøk, bokkasselån, lesekonkurransse m.m. Biblioteket samarbeider med BUAS med månadlege bibliotekbesøk på institusjonen.

## Medverknad (deltaking og rådsorgan)

Brukarmedverknad er heimla i alt lovverk, likeeins arbeidstakarane sin rett til medverknad gjennom Arbeidsmiljølov og avtaleverk.

Kultureininga har handtert 2 saker i 2018 der arbeidstakarane sin medverknad har blitt ivareteken etter lov og avtaleverk. Vi har aktivt brukt tillitsvalde, verneombod og Bedriftshelseteneste i direkte møter og med råd/konsultasjon. Dette har fungert og sakene har blitt løyst på ein tilfredsstillande måte.

## Internkontroll (førebygging, tiltak, avvikshandtering)

Kultureininga har arbeidd med internkontroll i 2018. Det er gjennomført vernerundar på dei fleste område. Det er meldt frå om ordinære avvik i 2018. Det er ikkje registrert arbeidsulykker i 2018. Kultureininga arbeider med meir aktiv avviks-innmelding.

## Gjennomføring av kommunale vedtak

Først i juni vart det avklart finansiering av lydanlegg i kulturhuset – inkludert andre tekniske oppgraderingar. Hausten gjekk til innhenting av tilbud/andud og vurdering av rette tiltak. Dette vart gjennomført og finansiert i 2018. Monteringa skjedde i januar 2019. Svært vellukka prosess og eit godt resultat. Lydkjelleren har levert og montert utstyret. No har vi oppdatert lydanlegg på profesjonelt nivå, teleslynger i vestibylene og i storsalen, ny lydmiksar og nytt lysbord, samt ny led-belysning i scena og frå storsalen.

Arbeid med Kulturminneplan kom ikkje i gang i 2018, men oppstarten vart i mars i 2019. Kommunen har fått tilskott frå Riksantikvaren.

Sak om skifte av kunstgras på Sykkylven regionale kunstgrasbane vart handsama i 2018, investeringsmidlar vart løyvd for budsjettet i 2019 – gjennomføring i aug/september 2019.

## Små og store hendingar

- Boksommar 2018 – lesekonkurransse for alle barn 1.- 10. klasse. Arrangert for 8. gong.
- Ungdommens kulturmønstring i februar 2018, der mange ungdommar deltok.
- Elevkonsertar ved skulane og ved BUAS.
- Lærarorkester ved BUAS 2 gonger i halvåret.
- Musikkfestdagane i september var vellukka Kick Off! og samla folk i sentrum og på kulturhuset.
- Kulturskulen feira 40 års jubileum i november – Storstilt fyrverkeri-arrangement i kyrkja!
- Møbelmuseum og Naturmuseum har hatt ope heile året og gjennomført mange gode og flotte arrangement for unge og gamle! Frå møbelvandring til bogeskyting!
- Biblioteket hadde besøk av forfatter Edvard Hoem – fullt hus og stor suksess!

## Folkehelse og frivillighet

### Foreldreveiledning:

Barnehagane i bygda er no i gong med eit felles løft som vert kalla SOLID START SYKKYLVEN. Dette er eit omfattande prosjekt der målet er at barna skal utvikle grunnleggande motoriske ferdigheiter som fundament for læring.

### Leikepatruljen

3 barneskular har leikepatrulje for elevane. Dette er i samarbeid med Lions Sykkylven som kostar årleg kurs.

### Fagteam

Fagteam i skule og barnehage er tverrfaglege samarbeidsmøter. Målsetting er å sikre tidleg intervensjon og hjelp, og gi skule/barnehage og foreldre høve til tverrfagleg drøfting.

### Helsestasjon for ungdom:

Det er eit gratis helsetilbod til ungdom opp til 25 år. Tilbodet fylgjer skuleruta, og har ope ein ettermiddag kvar veke. Lege og helsesøster er til stades og kan dermed gi eit fullverdig tilbod.

Arbeidsmiljø undersøkelsen 10-faktor er gjennomført, og alle einingar jobbar vidare med dette i plenum, og kvar for seg.

### Helsevennleg arbeidsliv

Arbeidsmiljø undersøkelsen 10-faktor er gjennomført, og alle einingar jobbar vidare med dette i plenum, og kvar for seg. "MOT- til å glede" dagen vart arrangert 23.nov. "MOT elevane" møter opp på 2 fabrikkar tidleg om morgonen og ynskjer alle ein god dag, deler ut klemmar, gløgg og peparkaker.

### Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Mange idrettstilbod: Kommunen har oppunder 30 ulike fysiske aktivitetar for born, unge, vaksne og eldre, som ein kan vere med på i fritida. Dette spenner ifrå airtrack/turn til seniordans.

Dans for eldre: Sykkylven seniordans og Sykkylven frilynde ungdomslag driv aktivt med dans og førebyggjande aktivitet for eldre.

LHL Sykkylven: Arrangerer faste turar med turleiar 1 gong i veka. Arrangerer også transport for dei som vil delta. Lavterskel – enkle turar. Arrangerer òg faste trimkveldar for menn og for kvinner i gymsal måndagar.

Turkonkurransen «Frå Fjøre til Fjells»:Opplegget har ført til mange brukarar av turnettet, men noko nedgang frå 2017 - 650(850) deltakarar i 2018.

Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I vedteken planstrategi står utarbeiding av gang- og sykkelvegstrategi på programmet. Kommunen har behov for fleire gang- og sykkelstiar både på kommunale vegar og langs fylkesvegar.

Skular og barnehagar har god tilgang på uteareal og friluftsliv, og er flinke til å nytte seg dette.

Nytt varme-og ventilasjonsanlegg ved Sykkylven storhall montert hausten 2017. Resulterte i betre inneklima, betre og meir behageleg LED-lys for brukarane, samt lavare straumforbruk.

### Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Fønixhuset: Frivilligsentralen samordnar mykje av den frivillige innsatsen i kommunen. Her blir det lagt til rette for fleire organiserte aktivitetstilbod for personar i alle aldrar og ulike kulturar.

Fønixhuset er og ein naturleg møteplass for fleire organisasjonar i lokalsamfunnet.

Open Storhall: Ein rusfri ungdomsklubb i idrettshallen kvar fredag kveld frå 2000-2400 primært i skuleåret. Dette er veldig populært og inntil 100-150 ungdommar samlast kvar gong. Målgruppe: Ungdomsskuleelevar. Natteravn-ordning organisert av frivilligsentralen. Foreldre til 8 klasser går turnus. Ungdommane brukar hallen til idrett og dans og forskjellige typar spel. Kiosksal og sosialt samvær.

### Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Samhandling om UngData. Planlegging/gjennomføring av undersøking nr. 2, gjennomført våren 2017 på ungdomsskulen og vidaregåande skule. (Undersøking nr.1 2015)

Det heilskaplege og tverrsektorielle arbeidet på folkehelse er no bra.

Likeeins kompetansen og kunnskapen om førebyggjande folkehelsearbeid. Oversiktsarbeid folkehelse for Sykkylven starta hausten 2017. Brei samansett arbeidsgruppe inkl. kommuneoverlege.

Medlemskap i Sunnmøre friluftsråd: Kommunestyret handsama sak om medlemskap i Sunnmøre friluftsråd. Saka fekk ikkje fleirtal. Sykkylven kommune held fram med turprogrammet "Frå fjøre til fjells"

Fiskesprell kurs 1 og 2 gjennomført vår og haust, for alle tilsette i 3 barnehagar i kommunen. Mykje god mat av fisk.

## Frivilligsentralen

Frivilligsentralen sitt hovudmål er å stimulere til auka frivillig deltaking, utvikle gode lokale møteplassar og leggje til rette for samarbeid og samhandling for lokal frivillig verksemd. Eit viktig arbeidsmål er å mobilisere nye frivillige i kommunen, og gje ein møteplass til lag/organisasjonar som treng det.

### Aktivitatar og tiltak:

Transport (Oskarbil): Dagleg transport til og frå dagsenter/arbeidstilbod. Frivilligsentralen har fleire sjåførar som deler på denne oppgåva. Bilen er også nytta til å transportere eldre/funksjonshemma i ulike samanhengar. Eit stort løft vart gjort i 2018 i høve kjøp av ny Oskarbil. Dette vart gjennomført med stor innsats frå mange. Vi hadde lotteri med gevinstar vi fekk i gåve. I tillegg fekk vi mykje pengar i gåver frå forskjellige lag og organisasjonar.

Besøk og fylgjeteneste: Samarbeid med Røde Kors omsorg, som saman med andre frivillige er med på å dekke ulike omsorgsbehov, for eksempel følgje til sjukehus og lege.

Natteramnteneste: Fredagskveldar vanlegvis knytt opp mot "Open storhall".

Dataopplæring for seniorar.

Aktivitetshuset Fønix: Fønix har eit godt og velfungerande team der mange personar er involvert. Tilboda som er bygde opp over fleire år har halde fram. Dette t.d. barnehagebarn med tresløyd, skuleelevar med målarkurs og pensjonisttreff med middag. Skuleelevar som treng avbrekk frå daglege rutinar har alternative oppgåver på Fønix, og høgskulestudentar har hatt arbeidspraksis. Vi har frivillige på kjøkkenet stort sett heile opningstida. Det er også etablert eit tett samarbeid med Kriminalomsorga i Ålesund.

Gjennom året har frivilligsentralen/Fønix hatt ulike prosjekt, dugnader og arrangement: Vårdugnad ute, 17. mai-kafè, utstillingar, haustmesse, julefest og julekveldsfeiring.

Språkkafè for innvandrarar i samarbeid med Redd Barna og flyktingtenesta. Her kan innvandrarar møte norske frivillige for språktrening og utveksling av ulike kulturar.

Det er etablert samarbeid med MOT, og det er gjennomført kurs for ungdom. Leiar ved frivilligsentralen har overteke rolla som koordinator, og Fønix blir brukt som base i MOT-arbeidet.

Godheitsveka vart etablert og gjennomført for første gong i 2018. Dette er eit samarbeid mellom engasjerte menneske i bygda, og målet er å sett fokus på godheit for kvarandre. Leiar ved frivilligsentralen er styremedlem.

Frivilligsentralen ser det som særst viktig å kunne samarbeide med foreiningar, lag og organisasjonar. Aktivitetshuset er ein god arena for ulike aktivitatar. Aktivitetane er opne for alle til ei kvar tid, og fleire ting kan skje parallelt.

Brukarorganisasjonane i bygda gjer gode og samfunnsnyttige tiltak med sine opne dagar i nye og «eigne» lokale over gata for Fønix. Fleire frivillige stiller på kvar veke, og Frivilligsentralen har eit tett samarbeid med eldsjeler frå dei ulike organisasjonane. Vi skulle likevel gjerne fått med fleire frivillige til ulike aktivitatar, og vi skulle ønskje at enda fleire brukte tilbodet på Fønix.

# Tekniske tenester

## Arbeidsfelt og ansvarsområde

Eininga er delt i 8 fagområde: Brann/redning/feiing, byggesak, geodata, landbruk, miljø, plan, vedlikehald bygg/eigedom, vedlikehald vegar/anlegg.

Brukarperspektiv

Forvaltningsoppgåver, brann/redning og vedlikehald av kommunale vegar og anlegg rettar seg mot «alle» med referanse til Sykkylven som samfunn, medan bygningsavdelinga (vedlikehald av bygg) kan seiast å ha perspektiv mot brukarane av bygga, ofte opplevd som andre kommunalt tilsette.

## Medarbeidarperspektiv

Oversikt tilsette = 26,8 årsverk per okt. 2018.

15,6 årsverk menn (58 %) og 11,2 årsverk kvinner (42 %), med ein «inne-del» på 10 personar med kontor i 3. etasje på rådhuset. Øvrige tilsette knytt til vedlikehald bygg/veg og brann/feiing.

Brannmannskapet er tilsette, men vert her ikkje rekna inn einskildvis, men står som eit korps der 28 er med.

Sjukefråvær:

år	2015	2016	2017	2018
%	10,4	7,0	4,5	6,3

Styringskort:

Indikatorar – individuelt for eininga			
Indikator 1:	Siste måling	Mål 2018	Resultat 2018
Klage til Fylkesmannen med endring av vedtak	1	0	4
Kommentar: Fire klager i høve vedtak vart oversendt fylkesmannen for avgjerd. I tre av sakene stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak. For ei klage vart kommunen sitt vedtak oppheva/endra. Dette gjaldt ei sak der administrasjonen sa nei. NU sa ja. MøRo fylkeskommune klaga, og Fylkesmannen gav klagar (fylkeskommunen) medhald.			
Dispensasjon frå plan	26	10	25
Kommentar: Vi har (fortsett) eldre planar som burde vore «oppdatert», samstundes som det moglegvis vert stilt styringskrav via plan som søkjarar fortsatt av ulike grunнар prøver å omgå i einskildssaker.			
Sakshandsamingstid, pbl §20-1, 12 v.frist, dvs. 84 dagar	Vi held av 250 saker fristen med unntak av for 26, sjå område byggesak.		

## Organisasjonsperspektiv:

### Sykkylven brann- og redningskorps

Brann-, rednings- og feieavdelinga har 0,3 årsverk som brannsjef/leiar forebyggande, 1,0 årsverk leiar beredskap og 1,0 årsverk som feiar. Utover dette er det 28 deltidstilsette i brannvernet.

Mål for 2018

- Brannsyn i alle særskilte brannobjekt - totalt 36.
- Feiing av piper etter vedteken plan - feiing kvart 2. år.
- Utvikle brannvesenet til å kunne fungere godt under utrykking og førebyggande innsats.

## Økonomi

Rekneskapen viser for brannvern eit meirforbruk på kr 923.000 og for feiing eit mindreforbruk på kr 2.000. Endra periodisering for lønn, 4.kvartal utbetalt desember mot januar tidlegare år. Netto driftsutgift til brannvern og feiing er samla kr 915 pr innbyggjar. Netto driftsutgift til brannvern og feiing er samla kr 19 lågare pr innb. enn gjennomsnitt for kommunane Volda, Ørsta, Vestnes, Fræna, Averøy. Totalt utgjør denne differansen om lag kr 146.000. Siste året var det 69 utrykkingar. Gjennomsnitt dei siste åtte åra er 60.

24 unødige utrykkingar	7 trafikkuhell
5 brannar i bygning	1 gras-/lyngbrann
1 redningsoppdrag	6 bistand helse
6 brannhindrande tiltak	2 vasskade / restverdiredning
1 akutt forureining	12 anna assistanse
3 pipebrannar	1 heisalarm

## Brannmannskapet

Brannmannskapet har gjennomført opplæring/øvingar etter oppsett plan. I dette ligg lovpålagte øvingar for røykdykkarar. Resertifisering i bruk av hjertestartar (HLR), overflateredning i sjø og på is. PLIVO - fellesøving politi, brann og ambulanse.

## Opplæring/informasjon/brannførebyggande arbeid

Av forebyggande tiltak som er utført i 2018 med eigne ressursar kan nemnast Aksjon bustadbrann. Dette er ein landsomfattande informasjonskampanje i samarbeid mellom DSB, Norsk Brannvernforening, Gjensidige og det lokale brannvern. Fokuset er retta mot branntryggleik i bustader. I samarbeid med eltilsynet er det utført kontroll med fokus på heimebuande eldre og kontroll mot Aure Bustadselskap sine bustader/omsorgsbustader.

Brannvernveka med Open brannstasjon i samarbeid med Norsk brannvernforening, IF og DSB.

Brannvernet lokalt gjennomfører årleg brannvernopplæring for alle 6.klassinger i grunnskulen.

Det er gitt brannvernopplæring til barnehagar og framandspråklege ved vaksenopplæringa. Har delteke på arrangement i MOT-veka. Gjennomført opplæring mot industrien.

## Brannsyn

Det er ikkje kjøpt tenester til gjennomføring av brannsyn i 2018 og det har ikkje vore kapasitet til dette i eigen regi. Gjennomførte brannsyn tidlegare år : 24 i 2017, 12 i 2016, ingen i 2015, ingen i 2014, 12 i 2013, 16 i 2012, 1 i 2011, 3 i 2010, ingen i 2009, 14 av 34 i 2008, 23 av 36 i 2007.

Ifølgje kommunen si brannordning skal det vere eitt årsverk som varabrannsjef / leiar førebyggande avdeling. Etter at leiar leiar førebyggande slutta 2004 har det vore sett av varierende beløp frå kr 200.000 til kr 0 for kjøp av tenester til forebyggande brannvern. Det har vore leigd tenester til gjennomføring av tilsyn i særskilte brannobjekt i varierende omfang dei påfølgjande åra.

## Feiing

Feiing vart utført i 311 bustader av dei 500 som fekk varsel. Fresing av beksot etter behov; 5 piper. Tilsyn med fyringsanlegg, røykvarslarar, sløkkjeutstyr og rømingseigar er utført i 50 bustadar. Halvparten av desse har vore felles tilsyn med eltilsynet.

Etter forskrift om brannførebygging skal feiing og tilsyn baserast på risiko. Fritidsbustader skal inngå i feie-/tilsynsordning. Risikovurdering er ikkje utført.

## Utstyr og materiell

Ny vaskemaskin til reingjering av klede og utstyr som vert eksponert for støv, gass og brannrøyk.

Det har blitt gjennomført service og kontroll av bilane. Pumpemateriell og røykdykkarutstyr er kontrollert. Personleg verneutstyr som har tidsavgrensa godkjenning er erstatta.

## Utfordringar

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) gjennomførte i 2012 tilsyn med kommunen sitt brannførebyggande arbeid. Det vart gitt avvik på ikkje tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette på bakgrunn av

manglar ved bemanning, risiko- og sårbarheitsanalyse, plan over brannverntiltak, myndighetsutøving og samarbeid. Kommunen hadde frist ut 2013 med å utarbeide internkontrollsystem. Ikkje utført grunna ressursituasjonen.

Lovverket set krav til gjennomføring av tilsyn i særskilte brannobjekt. Med tilgjengelege ressursar er det ikkje mogleg å oppfylle lovkrav og brannsjefen må bryte regelverket og prioritere.

Brann- og eksplosjonsvernlova legg opp til at dimensjonering og organisering av brannvernet skal baserast på grunnlag av vurdering av risiko og sårbarheit. Det er gjennomført ROS-analyse. Nødvendige ressursar innan førebyggjande brannvern er ikkje på plass. Det skal brukast minimum 0,8 årsverk til brannførebyggjande arbeid. Tilsyn og informasjon til byggeigarar, risikogrupper, innbyggjarar generelt vert utført med tilgjengelege ressursar. I budsjett 2018 vart det ikkje prioritert midlar til å oppfylle forskriftskrav.

Gjennomføring av prosessar for fleire ROS-analyser og utarbeiding av internkontrollsystem er ressurskrevjande og vanskeleg å sjå som realistisk med eksisterande ressursituasjon totalt innan teknisk etat og brannvernet. For å få gjennomført lovpålagde krav må det tilførast ressursar.

I ROS-analyse vert det konkludert med at tankbilen bør skiftast ut grunna alder (1991-modell).

Oppfylle krav til feiing og tilsyn med fyringsanlegg gitt i forskrift om brannførebygging.

## Bygg og eigedom

Ny avdeling vart frå og med 1.1.2001 etablert som eiga avdeling ved teknisk etat. Avdelinga omfattar leiar i delt stilling, driftsleiar/vaktmeister 1,0 årsverk, vaktmeistarar 1,6 årsverk og reinhaldarar 10,0 årsverk.

Lokale/eigedomar:

5 barneskular (4 frå aug.)	Barne- og familietenestene	Psykisk helseteam (leigd)
Ungdomsskule/	Kommunehus/ servicetorg	Biblioteket (leigd)
opplæringscenter	Sykkylven kulturhus	Haugbukta Dagscenter (leigd)
5 barnehagar	Sykkylven symjehall Aure	Møterom, kontor HTV

Sykkylven bu- og aktivitetssenter

## Økonomi

Rekneskap for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar innanfor teknisk etat viser eit mindreforbruk kr 312.000.

Utgifter til vedlikehald er kr 60 pr m<sup>2</sup> og kr 14 lågare enn kommunegruppe 7 som Sykkylven er del av. Utgifter til driftsaktiviteter er kr 412 pr m<sup>2</sup> og kr 190 lågare enn kommunegruppe 7. Herav utgjør reinhald og energi kr 107 og kr 119 pr m<sup>2</sup> mot kr 165 og kr 133 i kommunegruppe 7. På dette samanlikningsgrunnlag brukar kommunen totalt kr 6.750.000 mindre enn gjennomsnitt for kommunegruppe 7 til drift og vedlikehald.

## Overordna målsetting

Forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale bygg og eigedomar til beste for både brukarane og kommunen som eigar.

## Arbeidsmål

Drive forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av kommunale bygg og eigedomar innafør vedtekne budsjetttrammer.

Utføre eit planmessig førebyggjande vedlikehald.

Yte tenester i samsvar med serviceerklæringar.

## Reinholdstenester

Reinholdet vert utført med 80% eigne tilsette og 20% som tenestekjøp. Organisering av reinholdet i ei felles gruppe er med å redusere vikarbruken ved sjukefråver. Ved 1/3-del av bygningsarealet er det drift 52 veker i året. Her er det absolutt nødvendig med vikarbruk ved ferieavvikling. Reinholdet er basert på prinsipp om behovsprøvd reinhold ut frå fastlagde kvalitetsmål.

Årleg hovudvask er prioritert for skular og barnehagar. Ved institusjonsrom og leilegheiter føreteck ein nedvask før nye flyttar inn. Ved administrasjonslokale og fellesareal i institusjonar vert det planlagd nedvask kvart fjerde år.

Ein opplever i svært varierende grad forståing for at økonomi/ressursar til reinhold er så nedpint at det har konsekvens for frekvens og tidsbruk. Dette medfører frustrasjon blant brukarane og stor belastning for reinholdarar og driftspersonell.

## Vaktmeistertenester

Bemanninga er på eit nivå som fører til svært stor belastning på sentrale personar. Sidan etablering av avdelinga 1.1.2001 er ressursar til leining og vaktmeister samla redusert frå 4,5 til 2,6 årsverk. Dette er ikkje kompensert med midlar til kjøp av tenester.

Ut frå talet på bygg og disponibel ressurs har ein ikkje funne det tenleg å ha faste personar på dei enkelte bygg. Einingane melder inn behov for tenester via epostadressa [vedlikehald@sykkylven.kommune.no](mailto:vedlikehald@sykkylven.kommune.no). Denne ordninga har vore i drift i sju år og fungerer godt. Brukarane er flinke til å skilje mellom hastesaker og andre saker. Innmelding via epost gjer avdelinga i stand til å planlegge arbeidet og koordinere tiltak for å utnytte ressursane best mogleg.

Det vert gjennomført faste periodiske kontrollar av bygning, uteområde med leikeapparat, gjerde, portar m.m. Det føreligg faste avtalar for periodisk tilsyn med tekniske anlegg. Noko vert utført som eigenkontroll. Akutte hendingar som krev umiddelbar handling skal meldast på telefon. Det er døgnbetjent vakttelefon. Dette er viktig ved akutte hendingar kveld og helg som krev rask handling.

Vaktmeisterressurs pr m<sup>2</sup> er svært lav samanlikna med andre kommunar i distriktet.

Kommunen som eigar og utleigar av bygg skal oppfylle myndigheitskrav. Vår oppgåve vert å halde bygga i ein slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for tiltenkt bruk.

At det er samanheng mellom avdelinga sin driftsplan innanfor vedtekne økonomiske rammer og kva tenester ein kan utføre verkar vanskeleg å nå ut med til brukarane. Brukarane har naturleg nok stor fokus på brukartenester. Vår oppgåve er også å halde bygga i slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for brukarane.

Avsette midlar i driftsbudsjett rekk knapt til å halde eksisterande bygg og anlegg i dagleg drift ved å utbetre det som går sundt. Førebyggjande vedlikehald og tilpassingar ved endra behov er det ikkje midlar til. I offisielle fagfora er anbefalt å nytte kr 155 pr m<sup>2</sup> til reint vedlikehald. Dette utgjer totalt om lag 6.200.000 for kommunen, disponibelt budsjettbeløp i 2018 var kr 986.000. Kostra viser at kommunen brukar svært lite. Kommunen får det ein betalar for og dagens ressursar til vedlikehald medfører at bygningsmassen forfell og kommunen sine verdiar vert gradvis redusert. Tidspunkt for total rehabilitering eller sanering vert flytta nærare i tid.

Med kommunen sin ressursbruk til vedlikehald oppfyller ein ikkje myndigheitskrav. Det vert nytta for lite tid og ressursar både til intern drift/HMS/administrasjon av avdelinga og reine vedlikehaldsoppgåver.

Utfordringar i år som føregåande år vert å halde bygga i ein slik stand at dei kan nyttast til tiltenkt bruk og oppfyller krav i lov og forskrift.

## Byggesak

	2014	2015	2016	2017	2018
Registrerte byggesaker	284	270	260	258	252
Behandla saker	319	314	344	271	250

I 2018 vart det godkjent 7 einebustadar og eit ombyggingstiltak som fører til ei auke på til saman 2 brukseiningar. Det vart også godkjent 2 x 4-mannsbustad. Totalt godkjent 17 nye bustadeiningar. Totalt vart det ferdigstilt 12 bustadeiningar.

Det vart også godkjent 10 fritidsbustadar og 4 x tomannshytter. Totalt godkjent 18 fritidsbustadeiningar. Det vart totalt ferdigstilt 22 fritidsbustadeiningar.

I 2018 har ein hatt ei full fagleiarstilling på byggesak. I tillegg har ein hatt ei rådgivarstilling som jobba delvis (ca. 50 %) innan dette fagfeltet frå og med medio mai. Stillinga sto vakant fram til medio mai då ny person vart tilsett. Sakshandsamarstilling på teknisk har hatt om lag 50 % byggesak (gjeld heile året). Avdelinga har i stor grad haldt lovpålagde fristar (26 byggesaker/18 byggesøknadar over lovpålagd frist – 90%/82 %). Mesteparten av sakane som har gått over frist var i mai og i tida etter ferieavvikling.

Kommunen har framleis utfordringar i forhold til at det søkast mange dispensasjonar. Det har vore søkt gjennomsnittleg 30 dispensasjonar dei siste 5 åra. I 2018 vart det søkt 25. Handsaming av dispensasjonar er ofte svært tidkrevjande.

## Geodata

Avdelinga har i 2018 halde 79 oppmålingsforretningar etter matrikkellova. Desse er tinglyst og ført i matrikkelen etter gjeldande reglar. Dette er ei auke frå året før noko som i hovudsak skuldast at vi i 2018 særleg fekk søknadar om deling i ferdig regulerte hyttefelt. Godkjende reguleringsplanar som i tillegg vert fylgd gjer arbeidet med søknadshandsaming og oppmåling i marka langt meir effektivt en om ein må gå vegen om dispensasjonar.

Det er fatta vedtak i, tinglyst og matrikulert 6 seksjonerings saker samt ei reseksjonerings sak. Noko som er ei auke frå tidlegare år. Dette skyldast truleg at det er meir vanleg å også seksjonere fritidseigedomar. Dette er truleg ein trend som vil fortsette.

Det vart satt fram krav om og gjennomført 3 eigedomssamanslåingar.

Arbeidet med å auke kvaliteten i kommunens eigedomskartverk (matrikkelen) har fortsatt i 2018 gjennom å forsøke å klarlegge tidlegare ikkje kjente grenselinjer ved å gå igjennom eldre skyldskiftforretningar. Dette arbeidet har truleg eit livslangt perspektiv.

Det vart på vegne av Geovekst-samarbeidet i løpet av mai 2018 gjennomført to flyfotograferingar over Sykkylven. Oppdraget var å fotografere alle utbygde delar av kommunen for så å produsere nye databaser hovudsakleg i kategoriane veg, vatn, bygg og høgde. Det er også levert ortofoto frå desse flygingane. I samband med desse kartleggingane er det gjort ein del markarbeid for å klargjere sentrale fastmerker for fotografering.

Sist fotografering av i 2013 og eit intervall på fem år vert sett på, av statens kartverk, som for lenge. Det er ynskjeleg med eit intervall på maks fire år.

Kommunen har ein representant i «Basis geodatautvalg» styrt av statens kartverk. Det har vært gjennomført to møter kor framtidige kartleggingsprosjekt i fylket er planlagt.

## Miljø

Generelt må vi halde fram med å få kontroll på forureining, både i høve avfall og frå avløp. For avløp for områda kring Nysætervatnet har det enno ikkje kome noko løysing, medan det eksv. no for området Hjortdal-Tregardane løyser seg. Også for Aurefjæra kan ein seie arbeidet er i gong.

Det har også i 2018 vore nytta ein del ressursar på beiteprosjektet på Haugneset/BUAS. Prosjektet er generelt positivt for stell og vedlikehald av området.

## Plan (arealplan og samfunnsplan)

Det mest omfattande enkeltprosjektet i løpet av året var utarbeiding av forslag til ny Kommunedelplan sentrum-Ikornnes. Nytt planforslag vart lagt ut til høyring hausten 2018.

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde vart gjennomført for planområdet KDP-sentrum-Ikornnes. Samarbeid med folkehelsekoordinator. Bistand frå Sunnmøre friluftsråd.

Søknad NVE om tilskot til kartlegging av kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag. Kr 200.000,-

Koordinert Folkehelseoversikt for Sykkylven. Første versjon vart ferdigstilt på nyåret 2018.

Kommunereforma vart tatt opp att, med nye drøftingar med Stranda kommune.

Kommunen søkte og kom med i NVE sitt kartleggingsprosjekt over potensielle kvikkleireførekomstar. Grunneigarar vart varsla og kartlegging starta hausten 2018. 41 terrengprofilar var peika ut for nærare undersøking.

Det vart vedtatt planprogram og oppstart for Løypeplan for områda kring Nysætervatnet. Det er registrert køyrte trasear, problempunkt, og mogleg framtidige trasear. Kommunen har bidratt økonomisk til utbetring ev enkeltpunkt i løypetraseane.

Sykkylven næringsutvikling utarbeida Strategisk næringsplan. Plan var noko delaktig i prosessen fram til politisk handsaming.

Folkebad og nye vurderingar for godsterminaltomta vart lagt fram for politisk handsaming. Kommunestyret vedtok at saka skulle utsettast til etter kommunevalet 2019.

I 2018 vart det vedtatt to detaljreguleringsplanar:

Detaljregulering for rundkøyring ved småbåthamna, ved FV73 og FV60 (19.03.2018)

Detaljregulering for Jarnes Aust (industriområdet) (19.09.2018)

I 2018 var det varsla oppstart på to private detaljreguleringsplanar og ein detaljreguleringsplan i kommunal regi:

Detaljregulering for delar av Grebstadvegen (kommunal)

Detaljregulering for F26B aust for Tudalselva og del av F10 ved Nysætervatnet

Detaljregulering for orbuområde i Tandstadvika, RO1 og NA1

Kommunen si kartløyising for reguleringsplanar og planregister er ved utgangen av 2018 snart klar for offentleg publisering. Publisering er berekna i løpet av mars 2019. I løpet av 2018 er det gjort ein stor jobb med å rette opp i Norconsult sine unøyaktige plasseringar av reguleringsplanar i kartet samt å legge inn resterande reguleringsplanar som er registrert hjå Sykkylven kommune. Å kvalitetssikre dokumenta som er knytt til kvar enkelt plan er godt i gang, men ikkje fullført.

## Vedlikehald vegar/anlegg

Kommunen har ca. 100 km veg fordelt på 120 vegstrekningar. I 2018 vart det utgiftsført ca. 3,2 mill. på dei direkte kontoane for vegvedlikehald, mot 4,1 mill. i 2017 og 3,8 mill. kroner i 2016 og 2,9 mill i 2015.

Av dei 3,2 mill. i 2018 gjekk ca kr 2,2 mill. vintervedlikehald, derav ca 1,1 mill. til utbetalingar for leigd brøyting. Tilsvarande tal for brøytekontraktane var for år 2017 kr 2,2 mill, 2016 2,1 mill. og kr 1,6 mill. for år 2015.

Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater for år 2018 er for Sykkylven iht. KOSTRA kr 102 515 per km veg. For kommunegruppe 07 er tilsvarande tal kr 143 852, medan snittet for kommunane i Mørø fylke er kr 110 191.

Til slutt nemnast nokre større utbetringstiltak gjennomført via investeringsrekneskapen, her særleg oppstart av ei vesentleg oppgradering/fornyning av Tynesvegen (ferdig mai 2019), asfalteringa av Sørestrandvegen og Svindsetvegen, samt også asfalteringa av Sjøvegen, delen nedst mot Ramstad kai.

## Landbruk

Landbrukskontoret er organisert under teknisk etat. Landbrukskontoret hadde i 2018 følgjande bemanning: Jordbruksjef – 100 %, rådgjevar landbruk og miljø – 50 % (30 % pga. permisjon) og skogbruksjef (felles med Stranda) – 30 %

Arbeidsoppgåver:

- Landbrukskontoret si hovudoppgåve er å arbeide aktivt for å oppretthalde og vidareutvikle landbruksnæringa i kommunen. Arbeidsfeltet er omfattande og består av ei rekke ulike oppgåver, deriblant:

- Sakshandsaming etter jordlova, konsesjonslova, skogslova og odelslova.
- Sakshandsaming etter forureiningslova, bl.a. «forskrift om gjødselvare mv av organisk opphav». Bakkeplanering og nydyrking.
- Tilskotsforvaltning, derunder produksjonstilskot i jordbruket, regionale miljøtilskot (RMP), tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), dreneringstilskot, tilskot til organisert beitebruk (OBB) og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.
- Velferdsordningar i landbruket: derunder tilskot til avløyning ved ferie og fritid, tilskot til avløyning ved sjukdom, tidlegpensjon for jordbrukarar.
- Arealplanlegging.
- Næringsutvikling og rettleiing i BU-saker (midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket).
- Skogfondsaker. Skogplanting og bygging av skogsvegar.
- Tiltak innanfor kulturlandskapspleie.
- Kontroll av bu- og driveplikta.
- Viltforvaltning.
- Prosjektarbeid (Lokalmatprosjekt)
- Ajourføring av Gardskart. Oppdatering av Landbruksregisteret (Lreg).

Nøkkeltal landbruk:

	2018	2017	2000
<b>Jordbruksareal i drift (daa)</b>	11675	11348	12 025
<b>Tal bruk i drift</b>	74	70	78
<b>Gjennomsnittstorleik på bruka (daa)</b>	158	162	154
<b>Tal mjølkekyr</b>	338	328	332
<b>Tal ammekyr</b>	68	62	52
<b>Øvrige storfe</b>	804	756	762
<b>Tal sau &gt; 1 år</b>	2066	1825	2054
<b>Tal ammegeiter</b>	4	3	7
<b>Tal hestar</b>	66	56	21
<b>Økologisk areal (daa)</b>	1724	1702	1956
<b>Mjølkeleveranse (liter)</b>	2 508 436	1 981 658	1 892 528 (2014)*
<b>Slaktleveranse</b>			
<b>Storfe (kg)</b>	81 235	75 654	73 260 (2014)*
<b>Kalv (kg)</b>	1803	876	876 (2014)*
<b>Sau/lam/villsau (kg)</b>	49 625	46 277	46 167 (2014)*

\* leveransedata for 2000 ikkje tilgjengeleg. Tal frå 2014.

Tilskotsforvaltning:

Kommunen har ansvar for formidling og saksbehandling av dei fleste økonomiske virkemidlane i landbruket. Dei viktigaste av disse er regelbundne og rettigheitsbaserte, og kommunen sin rolle i denne samanheng er rettleiing, saksbehandling, kontroll og klagebehandling, mens fastsetting av regler og utmåling av tilskot skjer i andre organ (Jordbruksoppgjøret, Statens landbruksforvaltning og Fylkesmannen sin landbruksavdeling). I 2017 vart det behandla 208 tilskotssaker i kommunen.

Tilskotsordning	2018	2017
<b>Produksjonstilskot, tilskot til avløyning ved ferie og fritid</b>	86 <sup>1</sup>	135
<b>Avløyning ved sjukdom</b>	1	0
<b>Regionalt miljøprogram og organisert</b>	30	33

<sup>1</sup> I 2017 innførte Landbruksdirektoratet eit nytt system for produksjonstilskot. No er det berre 1 søknadsomgang i staden for 2.

beitebruk		
Miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	11	10
Innovasjon Norge, BU- midlar	0 (2) <sup>2</sup>	2
Erstatningsordningar	5	0
Dreneringstilskot	9	5
Skogbruk	5	20
Tiltak i beiteområde	1	1
Utsiktsrydding	0	2
<b>Totalt</b>	<b>148</b>	<b>208</b>

Produksjonstilskot

År	Produksjonstilskot (kr)	Avløysartilskot (kr)
<b>Utbetalt 2018*</b>	13 888 572	1 859 066
<b>Utbetalt 2017</b>	11 536 297	1 806 927

\*foreløpige tal

Regionale miljøtilskot

Tiltak	Utbetalt 2018*
Skjøtsel av bratt areal	65 800
Skjøtsel av slåttemark	7 000
Setring	220 000
Miljøvennleg gjødselspreiing	117370
Skjøtsel av gravminne	1 000
Drift av beitelag	58 760

\*foreløpige tal

SMIL – Spesielle miljøtiltak i jordbruket

År	Kulturlandskapst. (kr)	Forureiningstiltak (kr)	Bygg (kr)
<b>Utbetalt 2018</b>	126 000	54 000	0
<b>Utbetalt 2017</b>	111 000	113 000	0

Tilskot til drenering

	2018	2017
<b>Utbetalt dreneringstilskot (kr)</b>	<b>288 000</b>	<b>204 000</b>

### Forvaltningsarbeid etter lover og føresegner

Nærings- og utviklingsutvalet har delegert mynde til å behandle saker som fell innunder landbruket sitt ansvarsområde. Frå starten av 2004 gjeld dette i hovudsak enkeltsaker etter jordlov og konsesjonslov, og føresegner som er knytt til desse. I 2018 vart 7 saker avgjort politisk, 74 saker vart avgjort administrativt.

Sakstype	Avgjort av NU 2018	Avgjort av administrasjonen
Deling og omdisponering	5	9
Konsesjon	0	2 (152 <sup>3</sup> )
Nydyrking/bakkeplanering	0	0

<sup>2</sup> Ingen nye søknader, berre utbetalingsoppmodingar.

<sup>3</sup> Eigenfråsegner om konsesjonsfridom

<b>Driveplikt</b>	0	8 (50 <sup>4</sup> )
<b>Forureining/gjødselspreiing</b>	0	3
<b>Skogbruk</b>	0	8
<b>Ulovleg gjerding Fjellsætra</b>	0	39
<b>Anna (planarbeid, prosjekt, etc.)</b>	2	5
<b>Totalt</b>	81 (283)	

#### Oppfølging av driveplikta

Oppfølging av bu- og driveplikt er eit kommunalt ansvar. Det er mange grunneigarar i Sykkylven som ikkje oppfyll driveplikta si i samsvar med krava i jordlova. Landbrukskontoret begynte difor å setje større fokus på oppfølging av driveplikta i 2017. Arbeidet har vist seg å vere krevjande. Landbrukskontoret har lite ressursar og arbeidet har difor gått treigt.

Landbrukskontoret hold innlegg om oppfølging av driveplikta på fylkessamlinga i Molde i november og har i samarbeid med NORSØK, NIBIO og Midsund kommune utgjeve artikkelen «Jord ute av drift og driveplikt» (NORSØK faginno).

Landbrukskontoret skal også i 2019 jobbe vidare med driveplikta.

#### Innføring av forbod mot elektrisk gjerde i områda rundt Nysætervatnet

Kommunen har i dei seinare år fått fleire meldingar om sauer og lam som har surra seg inn i

nettinggjerde utan straum i hytteområda på fjellet. Dette har ikkje berre ført til økonomisk tap for

landbruksnæringa, men også ført til unødvendig liding for dyra. Kommunen innførte difor eit generelt forbod mot elektrisk gjerde i hytteområde rundt Nysætervatnet i 2018. Forbodet vart vedteke i kommunestyret 14.5.2018, sak 26/18 og gjeld alle type elektrisk gjerde.

Landbrukskontoret utførte tilsyn i juli og sendte ut brev til ca. 39 grunneigarar med pålegg om fjerning av elektrisk gjerde.

## Skogbruk

Det har vore høg aktivitet også i 2018 på avverkning av tømmerkog og skogplanting.

1528 - SYKKYLVEN	Kvantum 14095 m3	Verdi 520 0578 kr	Snittpris per m3 372,-
------------------	---------------------	----------------------	---------------------------

Skogeigarane har satt av godt med skogfond for framtidige investeringar 668 685 kr. Det er utbetalt 381 457,00 kr frå skogfond med skattefordeler. Skogeigarane har 2 116 169,91,- innestående på skogfondet.

Det vart planta 35120 stk granplanter for 227513 kr. derav kr. 68512 kr i statstilskot. Ungskogpleie 16 dekar kr 6880,- tilskott 4800,- Det er utført resultatkontroller for NMSK. Juletreplanting er stabilt lågt med om lag 500 plantar.

Vikedalen skogsbilveg er løyvd statstilskott 36328 kr. 2 nye tiltaksløyve på skogbilveganlegg, Hjorthol og Tynnesetra- Pegjerdet skogbilvegar som også har søkt om statstilskot for opprusting og ombygging. Fleire prosjekt er i emning.

Det vart arrangert felles skogdag med Allskog og Sykkylven kommune på Klokkstranda på hausten. Tømmerprisane er på veg oppover og har auka om lag 20%.

Tilsette ved landbrukskontoret har elles delteke på ymse faglege kurs og samlingar som fylkesmannen inviterte oss til i året.

Landbrukskontoret har også utarbeida rettleiingshefte om kantsoner langs vassdrag.

<sup>4</sup> Orienteringsbrev om driveplikt.

## Folkehelse

Utarbeiding av folkehelseoversikt og kartlegging av friluftsområde.

Folkehelse er eige tema i kommunedelplan sentrum-Ikornnes.

Engasjement i parkering fjellet, løypeplan og løypetiltak, tilrettlegging for kaitrappa, mm. Koordinert Folkehelseoversikt for Sykkylven, der første versjon vart ferdigstilt på nyåret 2018.

Vegvedlikehald, brøyting og t.d. strøing av fortau, kan også seiast å påverke folkehelsa. Tilsvarande at det vert oppretthalde ein viss standard i friområda.

## Samhandling på tvers av einingane

Mykje av samhandlinga skjer i høve lovkrav innan arealplanlegging og gjennom samfunnsplanleggar sitt virke, herunder tverretatleg samarbeid om folkehelseoversikt. Samarbeid med folkehelsekoordinator og barnerepresentant i plansaker og kartlegging av friluftsområde

Medverknad:

Eininga er med i fleire nettverksgrupper både innan plan, byggesak og byggvedlikehald.

Folkemøte, grunneigarmøte, møte med eldreråd, råd for funksjonshemma og ungdomsråd i plansaker (KDP-sentrum, løypeplan, folkehelseoversikt).

Årleg plansamarbeid med Sykkylven vidaregåande skule.

## Små og store hendingar

Nye parkeringsplassar for ålmenta har gitt høve til utvida friluftsliv på fjellet. Vidare forbetra ved at til dels skjemma avfallscontainerar har blitt erstatta med langt finare ca nedgravde avfallsbrønnar. I tillegg kjem små men kjerkomne forbetringar av løypenettet (ski), som også her kan nemnast i positiv lei.

Nede i bygda var det særleg ulikt andre år at såpass vesentlege midlar vart nytta til oppgradering av kommuneveggar (les: asfaltering). Men at engasjement nyttar, kan også ei (lita) kaitrapp verte bevis for.

Så har andre, og større, ynskte tiltak gjort det naudsynleg med ekspropriasjon, positive for samfunnet, men med ulemper/usemje over for einskilde. Då opplever ein tidvis også å måtte møte i tingretten, som i 2018, for å få avklaring på ulike synspunkt.

Alt i alt mange og variable oppgåver i eit levande bygdesamfunn.

ÅRSRAPPORT 2018  
SYKKYLVEN KOMMUNE

